

- DET SOSIALE SMS-SPRÅKET -

**jærske tenåringar sitt SMS-språk
sett i lys av kjønn, gruppe-
tilhøyrse og sosiale relasjonar**



Jorunn Osland



**Masteravhandling
Institutt for lingvistiske,
litterære og estetiske studium
Universitetet i Bergen
November 2007**

Forord

I møtepunktet mellom nordisk og sosiologi ligg sosiolingvistikken. Sidan eg har studert begge desse faga, var naturleg for meg å velja å skriva noko innan nettopp sosiolingvistikken. Det viste seg å vera ein del vanskelegare å bestemma seg for eit tema innan sosiolingvistikken, men etter ein del grubling, bestemte eg meg for å skriva om SMS-språk. I starten av prosjektet angra eg litt på dette valet, det var vanskeleg å finna vitenskapleg litteratur om emnet, og eg vart ofte møtt med reaksjonar om at eg hadde valt eit ”mote”-emne. Tanken var aldri at eg ville skriva om noko som var ”in”, bakgrunnen for emnevalet låg i ei interesse for det levande språket, og utviklinga i språket.

Eg vil takka rettleiaren min, Gunnstein Akselberg, som gjennom heile prosessen har vore ein entusiastisk og engasjert rettleiar. Han har alltid hatt tru på prosjektet mitt, og har vore ein stor ressurs for meg gjennom kjappe tilbakemeldingar og turborettingar.

Ei stor takk går òg til ungdomsskulen der eg fekk gjera innsamlingsarbeidet mitt. Både til dei tilsette som eg var i kontakt med, og som hjelpte meg med stort og smått – de veit kven de er, og takk går òg til elevane som stilte opp som informantar, og som delte sine private tekstmeldingar med meg.

Til slutt vil eg takka alle som har halde ut med meg gjennom denne prosessen – mine pårørende heime (mbk), og alle dei flinke kaffikokarane på lesesalen. Eg har lovt å takka Evy Nodland spesielt, for gode tips om kjelder, deling av bøker og mange interessante samtalar om Rogalandsdialektane.

Bergen, november 2007

Jorunn Osland

INNHALD

TABELLAR	IV
TEKSTMELDINGAR	V
NOTASJON	VIII
1 INNLEIING	1
1.1 PRESENTASJON	1
1.1.1 Presentasjon av prosjektet	1
1.1.2 Mobiltelefon og SMS	1
1.1.3 Teori	2
1.2 PROBLEMSTILLING OG HYPOTESAR	2
1.2.1 Problemstilling	2
1.2.2 Hypotesar	3
Kjønn	4
Gruppetilhørsle	5
Relasjon til mottakar	5
1.3 STRUKTUREN I AVHANDLINGA	6
2 RELEVANT SPRÅKTEORI	7
2.1 SPRÅKLEGE MEDIUM	7
2.1.1 Skrift og tale	7
2.2 SOSIALE RELASJONAR	9
2.2.1 Nettverksteori	9
2.2.2 Sosiale grupperingar	10
2.2.3 Akkommodasjonsteori	11
3 MOBILTELEFON OG SMS	13
3.1 KORT HISTORIKK	13
3.2 TIDLEGARE FORSKING	14
3.3 MOBILKULTUR	14
3.4 TEKSTMELDINGA	16
3.5 NETTSPRÅK OG SMS-SPRÅK	17
3.5.1 CMC – Computer-Mediated Communication	18
3.5.1.1 Innverknad på skriftspråket	19
3.5.1.2 Eit tredje medium?	20
3.5.1.3 Variablar som påverker CMC	20
3.5.1.4 Hård af Segerstad si undersøking	21
3.5.2 Ordbokfunksjonen - T9	23
4 INNSAMLING AV DATA	24
4.1 FORARBEIDET	24
4.2 GJENNOMFØRINGA	26
4.3 ETTERARBEIDET	27

5 LINGVISTISKE TREKK	29
5.1 TIDLEGARE FORSKING	30
5.2 PRESENTASJON AV TEKSTMELDINGSMATERIALET	31
5.3 WRITTEN SPEECH – SKRIFTLEG TALE.....	33
5.3.1 <i>Typografi</i>	34
5.3.2 <i>Ortografi</i>	36
5.3.2.1 Lydlege stavingsstrategiar.....	37
5.3.2.2 Ordet <i>ikkje</i>	38
5.3.2.3 Spørjeuttrykket <i>kor tid</i>	40
5.3.3 <i>Leksikon</i>	40
5.3.3.1 Engelske importord.....	41
5.3.3.2 Banning.....	43
5.3.4 <i>Innverknad på skriftspråkkompetansen</i>	44
5.4 ØKONOMISERINGSPRINSIPPET	44
5.4.1 <i>Leksikalske reduksjonar</i>	45
5.4.1.1 Forkortingar i SMS.....	46
5.4.1.2 Konsonantskriving.....	50
5.4.1.3 Akronym.....	51
5.4.1.4 Forkortingar av dialektord /-uttrykk.....	52
5.4.2 <i>Grammatiske reduksjonar</i>	53
5.4.3 <i>Andre reduksjonar</i>	55
5.5 EMOTIKON.....	56
5.5.1 <i>Dei ulike emotikona</i>	58
5.6 RITUELLE HELSINGAR.....	61
5.7 OPPSUMMERING AV LINGVISTISKE TREKK.....	62
6 SOSIALE VARIABLAR	66
6.1 KJØNN	66
6.1.1 <i>Lingvistiske trekk</i>	67
6.1.1.1 <i>Written speech</i> – skriftleg tale.....	69
6.1.1.2 Økonomiseringsprinsippet.....	69
6.1.1.3 Emotikon.....	70
6.1.1.4 Rituelle helsingar.....	70
6.1.2 <i>Instrumentell og ekspressiv bruk</i>	71
6.1.3 <i>Kjønn som variabel</i>	73
6.2 GRUPPETILHØYRSLE.....	73
6.2.1 <i>Idrettsungdommen</i>	75
6.2.2 <i>Dei religiøse ungdommane</i>	77
6.2.3 <i>Dei frittstående ungdommane</i>	79
6.2.4 <i>Gruppetilhøyrslar som variabel</i>	81
6.3 RELASJON TIL MOTTAKAR	81
6.3.1 <i>Symmetriske relasjonar</i>	86
6.3.1.1 Kjærastar.....	87
6.3.1.2 Venner.....	89
Gutar.....	90
Jenter.....	91
Mottakarar av motsett kjønn.....	93
6.3.2 <i>Asymmetriske relasjonar</i>	94
6.3.2.1 Foreldre.....	95
6.3.2.2 Andre autoritetspersonar.....	99
6.3.3 <i>Relasjon til mottakar som variabel</i>	100
6.4 OPPSUMMERING AV SOSIALE VARIABLAR.....	101
7 AVSLUTNING	103
7.1 LINGVISTISKE TREKK.....	104
7.2 SOSIALE VARIABLAR	106
7.3 VIDARE TANKAR	109

KJELDER	110
LITTERATUR	110
INTERNETTKJELDER	114
ANDRE KJELDER	114
VEDLEGG	115
SPØRSMÅLSGUIDE, INDIVIDUELLE INTERVJU	115
SAMANDRAG	116

TABELLAR

Kapittel 2:

TABELL 2.1: VARIABLAR OG VILKÅR FOR TALE OG SKRIFT	8
--	---

Kapittel 3:

TABELL 3.1: VARIABLAR OG VILKÅR FOR <i>CMC</i>	20
--	----

TABELL 3.2: LINGVISTISKE TREKK VED SMS	22
--	----

Kapittel 4:

TABELL 4.1: FORDELING AV INFORMANTAR	26
--	----

Kapittel 5:

TABELL 5.1: LINGVISTISKE TREKK OG ANALYSEMETODE	29
---	----

TABELL 5.2: SAMANLIKNING AV SVENSK OG TYSK SMS-KORPUS	31
---	----

TABELL 5.3: SAMANLIKNING AV SVENSK, TYSK OG NORSK SMS-KORPUS	32
--	----

TABELL 5.4: ALTERNATIVE STAVINGAR AV ORDET <i>IKKJE</i>	38
---	----

TABELL 5.5: SAMANTREKTE FORMER MED ORDET <i>IKKJE</i>	39
---	----

TABELL 5.6: FORKORTINGAR ETTER KATEGORI	47
---	----

TABELL 5.7: FORKORTING AV SMÅORD	48
--	----

TABELL 5.8: DEI ULIKE EMOTIKONA	59
---------------------------------------	----

TABELL 5.9: GRUNNLEGGANDE, ENKLE EMOTIKON	60
---	----

TABELL 5.10: FORDELING AV EMOTIKON ETTER KATEGORI	60
---	----

TABELL 5.11: LINGVISTISKE TREKK VED SMS	63
---	----

Kapittel 6:

TABELL 6.1: SAMANHENG MELLOM LINGVISTISKE TREKK OG SOSIALE VARIABLAR	66
--	----

TABELL 6.2: LINGVISTISKE TREKK ETTER KJØNN	67
--	----

TABELL 6.3: TEKSTMELDINGSLENGD ETTER KJØNN	68
--	----

TABELL 6.4: BRUK AV FORKORTINGAR ETTER KJØNN	69
--	----

TABELL 6.5: EMOTIKON ETTER KJØNN	70
--	----

TABELL 6.6: RITUELLE HELSINGAR ETTER KJØNN	70
--	----

TABELL 6.7: IDRETTSUNGDOMMEN OG DEI LINGVISTISKE TREKKA	76
---	----

TABELL 6.8: DEI RELIGIØSE OG DEI LINGVISTISKE TREKKA	77
--	----

TABELL 6.9: FORKORTINGSTYPAR ETTER GRUPPETILHØYRSLE	78
---	----

TABELL 6.10: DEI FRITTSTÅANDE OG DEI LINGVISTISKE TREKKA	79
--	----

TABELL 6.11: TEKSTMELDINGSLENGD ETTER GRUPPE	79
--	----

TABELL 6.12: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE ETTER MOTTAKAR	85
--	----

TABELL 6.13: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL SYMMETRISKE RELASJONAR	86
--	----

TABELL 6.14: FORKORTINGAR ETTER RELASJONSSYMMETRI	87
---	----

TABELL 6.15: EMOTIKON TIL VENNER OG KJÆRASTAR	88
---	----

TABELL 6.16: RITUELLE HELSINGAR TIL KJÆRASTAR OG ANDRE	88
--	----

TABELL 6.17: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL VENNER	89
--	----

TABELL 6.18: EMOTIKON TIL VENNER	91
--	----

TABELL 6.19: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL VENNER ETTER KJØNN	93
--	----

TABELL 6.20: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL ASYMMETRISKE RELASJONAR	95
---	----

TABELL 6.21: TEKSTMELDINGSLENGD TIL ASYMMETRISKE RELASJONAR	99
---	----

TEKSTMELDINGAR

Kapittel 5:

SMS 5.01	34
SMS 5.02	35
SMS 5.03	35
SMS 5.04	36
SMS 5.05	36
SMS 5.06	36
SMS 5.07	36
SMS 5.08	36
SMS 5.09	37
SMS 5.10	37
SMS 5.11	37
SMS 5.12	37
SMS 5.13	37
SMS 5.14	37
SMS 5.16	38
SMS 5.17	38
SMS 5.18	39
SMS 5.19	39
SMS 5.20	40
SMS 5.21	40
SMS 5.22	40
SMS 5.23	40
SMS 5.24	41
SMS 5.25	41
SMS 5.26	41
SMS 5.27	42
SMS 5.28	42
SMS 5.29	42
SMS 5.30	43
SMS 5.31	43
SMS 5.32	43
SMS 5.33	48
SMS 5.34	49
SMS 5.35	49
SMS 5.36	49
SMS 5.37	50
SMS 5.38	50
SMS 5.39	50
SMS 5.40	51
SMS 5.41	51
SMS 5.42	52
SMS 5.43	52
SMS 5.44	54
SMS 5.45	54
SMS 5.46	54
SMS 5.47	54

SMS 5.48	55
SMS 5.49	55
SMS 5.50	56
SMS 5.51	56
SMS 5.52	56
SMS 5.53	61
SMS 5.54	61
SMS 5.55	62
SMS 5.56	64
SMS 5.57	64

Kapittel 6:

SMS 6.01	70
SMS 6.02	71
SMS 6.03	71
SMS 6.04	71
SMS 6.05	72
SMS 6.06	72
SMS 6.07	72
SMS 6.08	77
SMS 6.09	87
SMS 6.10	90
SMS 6.11	90
SMS 6.12	90
SMS 6.13	92
SMS 6.14	92
SMS 6.15	92
SMS 6.16	92
SMS 6.17	92
SMS 6.18	93
SMS 6.19	93
SMS 6.20	94
SMS 6.21	94
SMS 6.22	95
SMS 6.23	95
SMS 6.24	96
SMS 6.25	96
SMS 6.26	96
SMS 6.27	96
SMS 6.28	97
SMS 6.29	97
SMS 6.30	97
SMS 6.31	98
SMS 6.32	98
SMS 6.33	99
SMS 6.34	99
SMS 6.35	100
SMS 6.36	100

Kapittel 7:

SMS 7.01	104
SMS 7.02	104
SMS 7.03	105
SMS 7.04	106
SMS 7.05	106

Notasjon

Sitat frå intervju er gjengitt med innrykk og i kursiv, med oversetjing til normert nynorsk i parantes etter kvart sitat.

Tekstmeldingseksempel frå materialet er skrivne i ein eigen skrifttype (font) med innrykk.

1 INNLEIING

1.1 Presentasjon

1.1.1 Presentasjon av prosjektet

Prosjektet eg har valt omhandlar ungdommar sitt SMS-språk. Det er blitt sagt mykje om språkbruken som SMS-mediet fører med seg, og eg vil sjå nærare på fenomen som kjenne-teiknar denne språkbruken og sosiale variablar som påverker språket. I den samanheng har eg gjort eit kvalitativt innsamlingsarbeid med informantar frå 10. klasse ved ein skule på Jæren. Grunnen til at eg har valt nettopp 10. klassingar, er at eg sjølv hugsar at på ungdomsskulen sto dei sosiale grupperingane sterkt, og den sosiale kontrollen var hard, og eg har gått ut ifrå at denne sosiale kontrollen kan verka inn på språket som gruppemarkør. Derfor har eg prøvd å undersøka om språklege gruppemarkeringar gjer seg gjeldande i tekstmeldingane. Eg har valt å operera med tre informantgrupperingar etter kva for fritidssysler dei har: Idrett, religion / bedehus og frittstående (det vil seia ungdommar som ikkje deltek i korkje organisert idrett eller religiøse miljø).

1.1.2 Mobiltelefon og SMS

Mobiltelefonen er eit forholdsvis nytt fenomen, likevel har han på kort tid blitt som ein del av oss, ei forlenging av kroppen, og me brukar han ustansleg. Tal frå Post- og teletilsynet viser at den *reelle mobilpenetrasjonen*¹ i Noreg var på 92% første halvåret av 2005. Det same halvåret sendte me over to milliardar tekstmeldingar, det utgjer eit gjennomsnitt på 79 meldingar i månaden per mobilkunde (2005).

Når slike nye fenomen dukkar opp, er ofte ungdommar dei første til å ta i bruk nyvinningane. Dei er òg dei som i størst grad gjer den nye teknologien til sin eigen, gjer seg kjende med han, og tilpassar mulegheitene og bruken til sine eigne behov og ønske. Dette gjeld sjølv sagt òg språket som blir brukt i tekstmeldingane. Ungdommar i dag har vakse opp med mobiltelefonen som ein del av livet og kvardagen, ein kan derfor gå ut i frå at dei har eit sjølv sagt forhold til han, og kjenner seg trygge nok til å gjera tekstmeldinga til si eiga uttrykksform, språkleg og kulturelt.

¹ *Reell mobilpenetrasjon* viser til kor stor del av befolkninga som eig ein mobiltelefon. I 2004 hadde ein i Noreg 102 mobiltelefonar per 100 innbyggjarar, men sidan enkelte har meir enn ein mobiltelefon, reknar ein at reelt sett hadde 92 % av befolkninga eigen mobiltelefon.

Lærarar og andre vaksne har uttrykt bekymring over at nettspråk og SMS-språk kan føra til ei degenerering av skriftspråket og skrivekunnskapane til folk flest, men særleg til ungdom. Denne debatten har gått fram og tilbake i lang tid. Ivar Utne har i sin artikkel om *Nettspråket* peika på at framveksten av desse folkelege nettbaserte media, som e-post, internett og SMS, gjer at skriftspråket blir tilpassa til vår eiga tid, og at det fører til ei viss demokratisering av språket (2002). Når fleire tek skriftspråket aktivt i bruk, folk som før gjerne knapt brukte skriftspråket i større omfang etter endt skulegang, kan det på sikt føra med seg endringar i skriftspråknormene, endringar som kan vera til det gode, som fører til at skriftspråket i større grad vert i tråd med det levande munnlege språket. Det er derfor svært spennande å sjå nærare på nettopp desse nye media, og språket som vert brukt i dei. I sosiolingvistisk forskning har ein tradisjonelt sett at ungdom kan gi frampeik til kva retningar språket utviklar seg i, og ungdommar sitt språk i tekstmeldingar kan kanskje seia noko om framtidige endringar i skriftspråksnormene.

1.1.3 Teori

I oppgåva mi har eg teke i bruk element frå fleire ulike sociolingvistiske og sosiale teoriar for å prøva å skildra og forklara språket til tekstmeldingane. Først vil eg kort gjera greie for mobiltelefoni, mobilkultur og det som har fått namnet nettspråk, for så å gå nærare inn på det meir spesifikke SMS-språket som har vakse fram dei seinare åra. Eit viktig teoretisk perspektiv i oppgåva mi blir nettverksperspektivet, slik det er brukt av Lesley Milroy (2003) og Inge Bø (1993), og eg vil sjå på nettverksomgrepet i forhold til Penelope Eckert (1989) sitt omgrep *community of practice*. Eg vil til slutt sjå på Howard Giles sin akkommodasjonsteori (1979), for å kunna seia noko om konvergens og divergens i tekstmeldingane.

1.2 Problemstilling og hypotesar

1.2.1 Problemstilling

Språkleg kan ofte SMS-språket ligga i eit spenningsfelt mellom skrift og tale, eit spenningsfelt som genererer ein eigen språkbruk. Det tidsmessig synkrone aspektet ved SMS-mediet skaper ein samtaleliknande situasjon som påverkar språket til å bli meir talenært og personleg. Eija-Liisa Kasesniemi har sidan 1997 leidd eit større forskingsprosjekt på finske ungdommar sin mobilbruk og har i boka *Mobile Messages: Young People and a New Communication Culture* (2003) omtala språket i tekstmeldingane som *written speech*. Men koss skriv ung-

dommar her heime, og kvifor skriv dei som dei gjer i tekstmeldingane sine? Kan sosiale variablar ha noko å seia for kva språklege uttrykk som vert valt?

Mi hovudproblemstilling er derfor:

Kva lingvistiske trekk kjenneteiknar språkbruken i tenåringar sine tekstmeldingar? Koss vert desse lingvistiske trekka påverka av sosiale variablar som kjønn, gruppetilhøyrse og relasjon til mottakar?

Her bruker eg termen *lingvistiske trekk* på same måte som Ylva Hård af Segerstad bruker termen "linguistic features" (2002: 215), slik at han dekkjer både verbale og visuelle trekk ved skriftspråk, som grammatikk, punktsetjing, staving og grafiske verkemiddel. Dette er ikkje den konvensjonelle måten å bruka termen lingvistikk på, men ei slik vid forståing av termen passer godt til denne oppgåva. For ein oversikt over kva fenomen Hård af Segerstad innlemmer under *linguistic features*, sjå tabell 3.1, side 20.

Eg har valt å legga feltarbeidet mitt til Jæren, delvis fordi eg sjølv er derifrå og kjenner området, men òg fordi eg kjenner dialekten. Eg meiner at skriftfesting av dialekttrekk er eit kjenneteikn ved språkbruken i tekstmeldingane, dette kan ha samanheng med at den jærsk dialekten skil seg markant frå skriftspråksnormene både for nynorsk og bokmål, sjølv om ho kan seiast å ligga nærare nynorsken.

Analysedelen av oppgåva er delt i to, der eg først vil skildra dei språktrekka som induktivt framstår som markante i tekstmeldingane, typografisk, ortografisk og leksikalsk. I den andre delen fokuserer eg på dei sosiale variablane, og kva innverknad dei deduktivt ser ut til å ha på dei språktrekka eg har trekt fram som typiske.

1.2.2 Hypotesar

I sommar, sommaren 2007, var det ein del publisitet rundt ei undersøking som Netcom hadde hyrt Perduco til å gjera, som viste til dialektbruken i tekstmeldingar. Under overskrifter som *Dialekter reddes av mobilen* (Kervarec 2007), vart rapporten presentert i media. Det som ikkje kom fram i slike medieoppslag, var at undersøkinga var basert på såkalla dataassisterte telefonintervju, der intervjuobjekta sjølv skulle bedømme språkbruken sin. Telefonintervjuaren gav respondentane påstanden "Jeg skriver ofte tekstmeldinger på dialekt", og respondentane skulle vurdere om denne påstanden var treffande for deira eige tekstmeldingsspråk eller ikkje. Dette er ei nesten absurd forenkling, og er neppe verdt dei store avisopplaga, særleg med tanke på at dette var det einaste spørsmålet i undersøkinga som handla om språkbruk.

Mi grunnleggjande overtyding er og var at det bildet me får presentert i media, er altfor enkelt. Eg trur ikkje at det finst eit fast og uforanderleg SMS-språk, men at språket i tekstmeldingar er like varierende som annan språkbruk, prega av individuell og situasjonsavhengig variasjon.

På bakgrunn av problemstillinga mi, og tidlegare forskning, har eg valt å fokusera på tre overordna sosiale variablar: Kjønn, gruppetilhøyrslø og relasjon til mottakar. Rundt desse tre gjorde eg meg ved prosjektstart nokre tankar om kva eg forventa å finna i tekstmeldingsmaterialet. Desse formulerte eg som arbeidshypotesar, sjølv om denne oppgåva er meint å vera eksplorerande. Målet for oppgåva er først og fremst å skildra det området eg har valt å studera: Ungdommar sin språkbruk i tekstmeldingar. Derfor er hypotesane ikkje mulege å verifisera eller falsifisera i naturvitskapleg forstand. Men i kvalitativ analyse har hypotesetesting ingen stor plass, og undersøkinga mi baserer seg i stor grad på kvalitative analysar. Hypotesane er baserte på til dels eiga erfaring og intuisjon og til dels på tidlegare funn i andre undersøkingar.

Arbeidshypotesane er organiserte i tre hovudhypotesar, desse hovudhypotesane har alle tilhøyrande, meir detaljerte underhypotesar. Hovudhypotesane er knytt opp til dei tre overordna sosiale variablane eg tidlegare har nemnt – kjønn, gruppetilhøyrslø og relasjon til mottakar.

Kjønn

I sosiolingvistikken er det allment kjent at kjønn er ein viktig sosial faktor som påverker språkbruk. Menn og kvinner bruker språket ulikt. Trudgill (2000: 79) forklarar det slik:

Gender differentiation in language, then, arises because, as we have already seen, language, as a social phenomenon, is closely related to social attitudes. Men and women are socially different in that society lays down different social roles for them and expects different behaviour patterns from them. Language simply reflects this social fact.

På bakgrunn av Trudgill si forklaring er det interessant å sjå på koss gutar og jenter skriv tekstmeldingar. Tidlegare studiar viser at gutar og jenter bruker SMS-mediet forskjellig (Kasesniemi 2003, Madsen 2005). Eg ser òg nærare på om sjølv språkbruken er ulik for dei to kjønna. Arbeidshypotesane eg har lagt til grunn når det gjeld kjønn, er desse:

H1: Språkbruken i tekstmeldingane varierer i forhold til kjønn.

H11: Jenter skriv generelt fleire og lengre tekstmeldingar enn gutar.

H12: Gutar bannar generelt meir i tekstmeldingar enn jenter.

H13: Jenter tilpassar i større grad språket til mottakaren enn gutar gjer.

Gruppetilhøyrse

Ein annan sosial faktor som kan påverka språket, er gruppetilhøyrse.

Language can be a very important factor in group identification, group solidarity and the signalling of difference, and when a group is under attack from outside, signals of difference may become more important and are therefore exaggerated (Trudgill 2000: 13).

Trudgill viser her til at språk kan vera ein viktig gruppemarkør, dette har eg prøvd å sjå nærare på. Eg opererer med ei gruppeinndeling basert på fritidssysler: Idrett, religion / bedehus og dei eg har kalla frittstående, det vil seia ungdommar som ikkje er tilknytt nokon av dei to andre gruppene. Arbeidshypotesane min når det gjeld gruppetilhøyrse går på at det finst språklege skilnader mellom dei ulike gruppene:

H2: Språkbruken i tekstmeldingane varierer i forhold til kva gruppering informanten tilhøyrer, basert på fritidssysler.

H21: Idrettsungdommane er dei som i størst grad tilpassar språket til mottakaren.

H22: Dei frittstående er dei som i minst grad tilpassar språket til mottakar.

H23: Det finst eigne gruppeinterne sjargongar som kjem til uttrykk i tekstmeldingane.

Relasjon til mottakar

Den siste sosiale faktoren eg har sett på, er kva relasjon sendar av tekstmeldinga har til mottakar.

Samtidig er der [...] en tendens til at man skifter stil afhængig af hvem man skriver til. Typisk vil slang udtryk og lignende ikke blive taget med i en besked til ens forældre. Dette er dog bestemt ikke unikt for sms mediet, eftersom de fleste varierer den måde, de taler på i forhold til, hvem de taler med og, hvor de befinder sig. Sms beskederne og stilen deri er et eksempel på, at kommunikationen i sidste ende er baseret på den almindelige ansigt-til-ansigt samtale, uafhængigt af hvilket medie, der anvendes (Madsen 2005: 54).

Dette stilsiftet som Madsen viser til her, ville eg gjerne undersøka om eg fann blant dei jærskje tenåringane. Eg har hovudsakleg differensiert mellom symmetriske og asymmetriske (eller komplementære) relasjonar. Generelt er dei symmetriske relasjonane mellom jamaldrande, mellom informantane og vennene deira. Dei asymmetriske (komplementære) relasjonane er til ulike vaksne autoritetsfigurar, blant anna foreldra. Eg forventa å finna at språket i tekstmeldingane gjenspeglar graden av symmetri i relasjonen mellom sendar og mottakar.

Arbeidshypotesane mine viser at eg gjekk ut i frå at høg grad av symmetri i relasjonen ville føra til fleire brot med skriftspråksnormene.

H3: Ungdommane tilpassar språket i tekstmeldingane til mottakaren.

H31: Ungdommane normaliserer språket sitt mest i tekstmeldingar til vaksne.

H32: Dei bruker større grad av dialektord og andre brot på skriftspråksnorma i tekstmeldingar til jamaldrande.

I analysen har eg brukt arbeidshypotesane som grunnlag for diskusjon av funn i data-materialet. Det har ikkje vore noko overordna mål å verifisera eller falsifisera hypotesane, men snarare å bruka dei til å avdekka tendensar i materialet. Avhandlinga er som nemnt ikkje meint å vera hypotesetestande, men snarare eksplorerande, eg har først og fremst prøvd å kartlegga eit hittil nokså ukjent språklandskap.

Eg prøvd å vurdera det innsamla tekstmeldingsmaterialet i forhold til informasjonen som kom fram under intervjuet, for å sjå i kva grad informantane har eit bevisst forhold til sin eigen språkbruk. I tillegg har eg kvantifisert enkelte fenomen som let seg verdifesta, og prøvd å sjå dei kvantifiserte data opp mot dei sosiale variablane.

1.3 Strukturen i avhandlinga

Avhandlinga er delt inn i sju kapittel. I kapittel 2 vil eg raskt gi eit overblikk over dei språkteoretiske perspektiva eg vil ta i bruk i analysen. Kapittel 3 er ei kort innføring i historia til mobiltelefonen og kva som kjenneteiknar språkbruken i nettbaserte media og SMS. Her presenterer eg òg tidlegare forskning på området. I kapittel 4 skildrar eg arbeidet eg har gjort rundt innsamlinga av datamaterialet, val av metode og praktisk gjennomføring. Kapittel 5 og 6 er begge analysekapittel. Eg har valt ei todeling av analysen, der eg først, i kapittel 5, tek for meg dei lingvistiske trekka som kjenneteiknar tekstmeldingane. Deretter prøver eg å sjå desse lingvistiske trekka i lys av dei sosiale variablane og arbeidshypotesane, dette gjer eg i kapittel 6. Til sist oppsummerer og avslutter eg med kapittel 7.

2 RELEVANT SPRÅKTEORI

Før eg kan presentera og analysera tekstmeldingsmaterialet eg har samla inn, skal eg sjå på relevant språketeori. Først vil eg visa til forholdet mellom dei to uttrykka for språk, skrift og tale. Deretter vil eg visa til teoriar rundt det som har med sosiale relasjonar å gjera, nettverks-teori, sosiale grupper og kva innverknad sosiale relasjonar har på språket.

2.1 Språklege medium

Kasesniemi kallar språket i tekstmeldingane for ”written speech” (2003: 172). For å undersøka om dette er ein tilfredsstillande og dekkjande måte å beskriva språkbruken, vil eg her sjå nærare på kva som kjenneteikner skrift og tale, og kva som er skilnadene mellom desse to språkuttrykka.

2.1.1 Skrift og tale

Ylva Hård af Segerstad har skriva doktorgradsavhandlinga *Use and Adaptation of Written Language to the Conditions of Computer-Mediated Communication*. Den lingvistiske avhandlinga, som kom ut i 2002, omhandlar fleire ulike former for CMC (*Computer-Mediated Communication*), og då hovudsakleg *e-post*, *web chat*, såkalla *instant messaging* og *SMS*.

Ei sentral problemstilling ved CMC, som på norsk gjerne blir gitt termen nettspråk, er forholdet mellom skrift og tale. ”CMC has often been treated as a sort of hybrid between spoken and written communication, employing features that are characteristic of both modes” (Hård af Segerstad 2002: 36). Her kan det vera interessant å sjå nærare på relasjonen mellom skrift og tale. Slik Hård af Segerstad presenterer det, har ein i Vesten, heilt sidan antikken, gjerne oppfatta skriftspråket som det primære, mens talespråket vert sett som avleia frå, og avhengig av skriftspråket. Dette er sjølv sagt bare ein generell tendens, Platon meinte faktisk det motsette, at det var talespråket som var det primære (ibid: 37). Bloomfield gjekk så langt som å seia at ”[w]riting is not a language but merely a way of recording language by means of visible marks” (sitert i Hård af Segerstad 2002: 37). Ei tredje tilnærming er den der skrift og tale vert sett som likestilte alternative språkformer, der det er den gjeldande situasjonen som avgjer kva form som er mest effektiv. Halliday forklarar det slik: ”Both are manifestations of the same system. The two are both **language**; and **language is more important than either**. It is a mistake to become too obsessed with the medium” (Halliday 1989: 92).

Hård af Segerstad presenterer i si avhandling ein oversikt over variablar som påverker forholda for prototypisk skrift og tale. Forholda desse variablane medfører, samanfattar ho i tabell 2.1, etter dei tre hovudvariablane: *Synchronicity*, *means of expression* og *situation* (2002: 40).

<i>Variables</i>	<i>Conditions</i>	
	<i>Speech</i>	<i>Writing</i>
<i>Synchronicity</i>	Synchronous Dialogue, two-way interaction Process: continous movements Time pressure Linear time	Asynchronous Monological, one-way (non-interactive) Single channel No time pressure Non-linear time
<i>Means of expression</i>	Multimodal channels ("rich mode") Acoustic (speech) + visual (nonverbal) Ephemeral, fleeting Light physical and cognitive effort	Monomodal channel ("lean mode") Optical visual (written signs) Persistent, permanent Physical and cognitive effort
<i>Situation</i>	Background knowledge Context and situation dependtent	Autonomous, independent Lacking immediate context

TABELL 2.1: VARIABLAR OG VILKÅR FOR TALE OG SKRIFT

Synkronitet (*synchronicity*) er det som gjeld tidsaspektet i forholdet mellom ulike ting. Tale er typisk spontan og deltakarane er fysisk tilstade i tid og stad, slik at kommunikasjonen vert dialogisk (to-vegs). Fleire kanalar er òg tilgjengelege, slik at kommunikasjonen skjer på fleire plan samtidig, gjennom tale (akustisk) og kroppsspråk eller andre nonverbale uttrykk (visuelt). Tidsaspektet påverker språkuttrykket og gir lite planleggingstid, noko som fører til nøling, gjentakning og pausar. For skrift er tidsaspektet eit ganske anna, skrift er tradisjonelt asynkront, lausrive i tid. Skrift er òg monologisk i forma, skriveprosessen er ikkje ein interaksjonsprosess slik som tale. I skrift har ein bare den eine kanalen tilgjengeleg, men tidspresset er ikkje der, noko som gir eit meir ferdig og gjennomtenkt resultat (Hård af Segerstad 2002: 40ff).

Means of expression kan kanskje oversetjast med uttrykksmiddel, dei midla ein har tilgjengeleg i kommunikasjonen. Når ein snakkar har ein som nemnt fleire informasjonskanalar tilgjengelege, både akustiske og visuelle, mens skrift er eit smalare medium, med bare den visuelle kanalen tilgjengeleg. Tale krev relativt lite av fysisk og kognitiv innsats, samanlikna med skrift (Hård af Segerstad 2002: 43f).

Ein ansikt-til-ansikt-samtale er som situasjon (*situation*) svært ulik situasjonen for å skriva ein tekst. I ein samtalesituasjon deler ein alltid ein viss informasjon om samanhengen rundt samtalen. Dermed kan deltakarane stola på at mykje er underforstått og ikkje treng

uttrykkast. I skrift kan ein tradisjonelt ikkje stola på noko slik delt informasjon om samanhengen, her er ein tvungen til å vera eksplisitt for å kompensera for den manglande felles forståingssamanhengen. Skrift blir slik eit ganske autonomt medium, uavhengig av omgjevnadene, mens i tale er samanhengen rundt ein viktig ingrediens i, og gjerne grunnen for at kommunikasjonen finn stad (Hård af Segerstad 2002: 44f).

SMS-mediet skapar ein kommunikasjonssituasjon som ser ut til å ligga ein stad mellom tradisjonell tale og tekst. Det er med på å påverka kva for språket i tekstmeldingane får. Ein annan viktig påverknadsfaktor, er dei sosiale forholda.

2.2 Sosiale relasjonar

Dei sosiale aspekta ved sosiolingvistikken fascinerer meg, og eg vil derfor sjå nærare på teoriar som tek for seg mennesket som sosialt vesen. Inge Bø skriv i si bok, *Folks sosiale landskaper*, at "[v]i er våre sosiale relasjonar" (1993: 195), og dette fenomenet eg vil sjå nærare på. I første omgang vil eg sjå på banda som bind oss saman og koss desse banda er med på å forma oss og styra åtferda vår.

2.2.1 Nettverksteori

Sosial nettverksteori har blitt brukt som tilnæringsmåte i ei mengd ulike fagfelt, i tillegg til at det finst enkelte omtrent reindyrka nettverksteoretikarar. Inge Bø er ein sentral nettverksteoretikar i Noreg som har gjort mykje arbeid innan feltet, boka hans, *Folks sosiale landskaper* (1993) er ei innføring i nettverksteori. Innan sosiolingvistikken er det Lesley og James Milroy som har vore dei fremste nettverkstenkarane. Dei har brukt nettverksperspektivet som tilnærming til og forklaring på forskjellar i lingvistisk åtferd.

Bø (1993: 71) trekker i si bok fram J. Clyde Mitchell sin nettverksdefinisjon:

Et sosialt nettverk er et gitt sett av forbindelser mellom et avgrenset sett av personer, med den egenskap i tillegg at disse forbindelser som et hele kan bli brukt til å forstå den sosiale atferd til vedkommende personer.

Milroy påpeiker at sosiale nettverk som omgrep har med lokale praksisar å gjera, og derfor har eit stort potensiale til å forklara og belysa den sosiale dynamikken som driv språkleg variasjon og endring (2003: 120).

Sosiale nettverk er viktige fordi det er "virksomme, konkrete sosiale bånd – og ikke samfunnet som helhet – som påvirker en persons atferd" (Bø 1993: 73). Kvalitetane i nettverksbanda kan uttrykkast gjennom omgrepet fibring, eller pleksitet. Pleksiteten kan målast på

to vis – rollepleksitet og samhandlingspleksitet – i praksis vil desse to formene ofte falla saman. Rollepleksitet seier noko om kor mange ulike sosiale roller to individ kjenner kvarandre i, mens samhandlingspleksitet er eit uttrykk for kor mange ulike aktivitetar dei utfører i lag. Kjenner ein kvarandre i fleire roller eller samhandlingar, er bandet multiplekst, men kjenner ein kvarandre bare i ei rolle eller ei samhandling, er bandet uniplekst.

Tett knytte nettverksstrukturar støtter opp under lokale lingvistiske normer og motstår endring utanfrå, mens svake band er mottakelege for endring. Milroy viser til Granovetter sin teori om at svake og tilsynelatande upersonlege band er viktige for at innovasjon og endring skal forplanta seg mellom ulike nettverk. Milroy har sjølv funne at lingvistiske innovatørar ofte utgjer samlepunkt for svake band (Milroy 2003: 128). Tette og multiplekse nettverk har funksjon som normbekreftande mekanisme og fungerer som eit sentralt identifikasjonsfellesskap for medlemmene (Mæhlum 2003: 117).

Her kjem sosial kontroll og konformitet inn som viktige faktorar. Sosial kontroll er eit sosialt trykk som finst overalt i samfunnet, trykket har som formål å oppnå konsensus i ei gruppe, og dei som ikkje nærmar seg dette målet, blir gjenstand for eit ekstra press (etter forelesing ved Inge Bø 19. og 24. oktober 2000). Det finst to former for sosial kontroll, den primære og den sekundære. Primær sosial kontroll er den som finn stad i det daglege samværet med kjende og ukjende. Den sekundære sosiale kontrollen er meir formell og institusjonalisert, det er den åtferds- og avvikskontrollen me møter gjennom politi, rettskrivingsreglar og skulereglement. Det er den uformelle og primære sosiale kontrollen som verker sterkast på oss, og det er den eg vil sjå nærare på. Når det gjeld språket i tekstmeldingar, har mistanker eg at den primære sosiale kontrollen krev ein annan språkbruk blant jamaldrande tenåringar enn den språkbruken som vert kravd av rettskrivingsreglane. Konformitet kan definerast som individuell åtferd som tek sikte på å følgja og ikkje overskrida dei rådande reglane og normene i ei gruppe eller eit samfunn (etter forelesing ved Inge Bø 19. og 24. oktober 2000).

2.2.2 Sosiale grupperingar

Ei sosial gruppe er ganske enkelt ”an entity that exists when two or more people define themselves as members of it and when its existence is recognized by at least one other person” (Moghaddam 1998: 447). Grupperingar er oftast basert på ein eller annan likskap mellom medlemmene. Taylor deler sosiale grupperingar inn i seks typar, sosiale kategoriar, publikum, menneskemengder (crowd), lag, familie og formelle organisasjonar (2000: 298).

Penelope Eckert har gjennom sitt arbeid teke i bruk eit omgrep som har mykje til felles med nettverksomgrepet, nemleg *community of practice*. *Community of practice* kan svært grovt seiast å tilsvare ei klynge i nettverkssynet. *Community of practice* refererer til ”a group of people who associate with one another in some joint activity and who share a set of social practices” (Trudgill 2003: 25). Denne gruppa er basert på medlemmene si subjektive oppfatning av kven som høyrer til gruppa og kven som fell utanfor, og kva reglar som gjeld. Tanken er at ”ways of speaking derive from activities or practices engaged in jointly by members” (Swann 2004: 44).

Sidan dei tre grupperingane eg opererer med er baserte på fritidsaktivitetar, kan ein argumentera for at dei samhandlingsfellesskapa som oppstår når ein utfører ein fritidsaktivitet saman, vil utgjera ein slik *community of practice*. Eckert har forska på ungdomsgrupperingar ved ein high school i USA, og sett på koss tilhøyrslse i ei gruppe gir seg utslag i språket til enkeltindividua. Eg ser i mi undersøking på om gruppetilhøyrslse basert på fritidsaktivitet (*community of practice*) gir seg utslag i informantane sine språklege uttrykk i tekstmeldingar.

2.2.3 Akkommodasjonsteori

I sosiolingvistikken studerer ein koss sosiale forhold verker inn på talespråket. Av dei tre sosiale variablane eg har valt ut, kan akkommodasjonsteorien til Howard Giles vera med å forklara koss og kvifor relasjon til mottakar ser ut til å påverka språkbruken i tekstmeldingane.

Akkommodasjonsteorien vart utvikla av den britiske språk-sosialpsykologen Howard Giles (1979). “[A]ccommodation theory [...] focus on the interactive aspects of interpersonal communication” (Giles og Smith 1979: 46). Meir persist kan det definerast som “the phenomenon whereby speakers change the way they are speaking depending on who they are talking to” (Swann m. fl. 2004: 3). Crystal påpeiker i tillegg at språkendinga vert gjort ubevisst (Crystal 1999: 3). Akkommodasjonen kan hovudsakleg gå i to retningar, konvergens og divergens. Konvergens viser til “the processes whereby individuals shift their speech styles to become more like that of those with whom they are interacting” (Giles og Smith 1979: 46), medan “[s]peech shifts *away* from the interlocutor’s style, [...] have been termed ‘speech divergence’” (ibid: 52).

Konvergens har tradisjonelt vorte oppfatta som eit uttrykk for solidaritet eller middel for å redusera sosial distanse mellom samtalepartane, mens divergens vert sett som ei framheving av eige særpreg eller middel for å auka sosial distanse (Swann m. fl. 2004: 3).

Giles påpeiker at “in situations when group membership is a salient issue, speech divergence may be an important strategy for making oneself psychologically and favourably distinct from outgroup members” (Giles og Smith 1979: 52). For tenåringer er det svært viktig å kjenna at ein høyrer til, at ein er ein del av ei gruppe. Då blir det viktig å finna måtar å signalisera denne tilhøyrsla på. Kor vidt desse signala vert sendte bevisst eller ubevisst kan nok diskuterast, men eg trur at ungdommar generelt vil konvergera med språkbruken til medlemmer av eiga gruppering, og til ein viss grad divergera med språkbruken til representantar for utgrupper.

Før eg kan sjå nærare på om desse ulike teoriane kan vera til hjelp i analysen av tekstmeldingane frå informantane mine, vil eg prøva å skildra fenomenet mobiltelefon og SMS, framveksten, kulturen rundt og litt om tidlegare forskning på feltet, både på dei sosiale forholda rundt mobiltelefoni og på SMS-språket.

3 MOBILTELEFON OG SMS

Mobiltelefonen si spreiding internasjonalt har vore ein svimlande suksess, talet på mobilabonnement steig frå 91 millionar i 1995 til meir enn 954 millionar i 2001, og i 2002 passerte me ein milliard (Kasesniemi 2003: 9). Sjølv om mobiltelefonen er eit globalt fenomen, rangerer Noreg og Finland høgast når det gjeld tal abonnement fordelt på innbyggjarar.

3.1 Kort historikk

Ved starten av 1990-talet var mobilen ennå sett på som ein luksus som bare vart brukt av travle forretningsmenn og yrkessjåførar som sjeldan var i nærleiken av fasttelefon. Mobiltelefonane var store og tunge, og dei var permanent installerte i bilen. Å ha ein berbar mobiltelefon, vart sett på som blærete og jappete. Sidan den gongen har mobilen gjennomgått ei utvikling, nye funksjonar har sett dagens lys, og det som ein gong var eit blærete jappefenomen som folk flest tok avstand frå, er nå blitt allemannseige.

SMS-tenesta vart opprinneleg utvikla som eit biprodukt av GSM-nettverket, og ein rekna med at telefonoppringingar ville overskygge dette biproduktet (Kasesniemi og Rautiainen 170: 2002). Men bruken av SMS-tenesta har overgått alle forventningar, SMS har raskt blitt eit hjelpemiddel i kvardagen, snarare enn ei teneste for spesielt interesserte brukargrupper (Kasesniemi og Rautiainen 2002: 170). “Text messaging has not been actively marketed at any stage of its development, and yet the growth in the volume of messages has exceeded all expectations.” Kasesniemi fortel at det i Finland vart muleg å senda tekstmeldingar mot slutten av 1991, då GSM-nettverket vart innført der. Det skulle likevel ta fleire år før SMS-tenesta slik me kjenner henne i dag, vart tilgjengeleg. I starten var ikkje mobiltelefonane laga slik at dei kunne senda tekstmeldingar, dei kunne bare motta dei, og produsentane av mobiltelefonar meinte ikkje det var noko behov for at ein vanleg brukar skulle kunne senda meldingar. Trass manglande marknadsføring og dårleg tilrettelegging frå mobiltelefonprodusentar og -operatørar eksploderte bruken av tekst-meldingar. Kasesniemi fortel at den såkalla SMS-trenden oppsto i 1998, og i dag er det å senda tekstmeldingar noko sjølvstekt og kvardagsleg (Kasesniemi 2003: 160f).

3.2 Tidlegare forskning

Det er ikkje gjort så mykje grundig forskning på dette med mobiltelefon og SMS, og det som er gjort er spreidd på fleire ulike fagfelt. Eg vil hovudsakleg forhalda meg til tre ulike undersøkingar. Alle desse undersøkingane er gjort i dei nordiske landa. Afdeling for Film- og Medievidenskab ved Københavns Universitet har med Christian Madsen og Gitte Stald i spissen undersøkt mobiltelefonbruken til unge danskar, resultata er publiserte i rapporten *Mobile medier – mobile unge* (2005). Denne undersøkinga er eit forskingsprosjekt innan medievitenskap og fleire forskarar har ytt bidrag til rapporten. I Finland har folkloristen Eija-Liisa Kasesniemi sidan 1997 leidd eit forskingsprosjekt ved University of Tampere. Forskingsobjektet hennar har vore finske ungdommar sin mobilbruk, dette prosjektet har blant anna resultert i boka *Mobile Messages: Young People and a New Communication Culture* (2003) (meir om desse to undersøkingane i kapittel 3.3, s 15 og i kapittel 5.2, s 30). Ylva Hård af Segerstad står bak ei svensk doktorgradsavhandling i lingvistikk: *Use and Adaptation of Written Language to the Conditions of Computer-Mediated Communication*, i denne har ho undersøkt fire ulike former for det ho kallar *computer-mediated communication*, deriblant SMS (eg vil presentera denne avhandlinga nærare i kapittel 3.5.1.4, s 21).

3.3 Mobilkultur

Forskinga på fenomen knytt til mobiltelefoni er nokså ny og er framleis i ein etableringsfase. Ein prøver ut teoriar og omgrep for å finna ut kva som passar, derfor er det i liten grad nokon fastlagt terminologi å gripa fatt i. Sidan forkinga i tillegg er tverrfagleg, er perspektiva mange og forskjellige.

Mobilkultur er noko meir enn bare bruken av mobiltelefon eller kommunikasjonsmønsteret mobilen medfører (Kasesniemi 2003: 39). Ein kultur er bygd på vanane og overtydingane til eit bestemt samfunn og den underliggande ideologien som styrer handlingane, avgjerdsleane og vala til kvart enkelt individ. Typiske trekk ved ein kultur er at kulturberarane utvikler sin eigen særeigne måte å uttrykka tilhøve, slik at andre i same kulturen forstår denne sjargongen (ibid: 40ff).

Det som vert trekt fram som det viktigaste aspektet ved mobil kommunikasjon, er at han er lausriven frå tid og stad, og fører til det Kasesniemi kallar ”perpetual connectedness”, å ha eit vedvarande samband (2003: 25). Mobilkulturen er først og fremst nettopp mobil, og han vert uløseleg samanfletta med skule, jobb, fritid og familieliv. Denne kulturen medfører ”[a] new spatiality”, ein ny romlegheit der to personar kan vera på kvar sin stad og kommunisera

ved hjelp av mobiltelefonen – kor finn då denne kommunikasjonen stad? Kasesniemi argumenterer for at den nye romlegheiten tilfører ein tredje stad om ein kan kalla det det, det fysiske lausrivne møtepunktet for kommunikasjon (ibid: 33).

Afdeling for Film- og Medievidenskab ved Københavns Universitet publiserte i februar 2005 ein rapport kalla *Mobile medier – mobile unge*. Rapporten var utarbeidd på bakgrunn av ei undersøking av unge danskar sin mobiltelefonbruk. Rapporten kommenterer eit anna perspektiv på samværet som mobiltelefonen medfører, fenomenet *presence* (nær-være), definert som "the perceptual illusion of non-mediation" (Madsen 2005:41). Dette begrepet viser til omtrent det same som Kasesniemi sin *tredje stad*, illusjonen av å vera i eit anna rom enn det fysiske, der den ein kommuniserer med vert opplevd som verkeleg og tilstades. Graden av *presence* kan variera etter kva mobilteneste som vert brukt. Ei oppringing vil gi mykje høgare grad av *presence* enn ei tekstmelding, fordi "Sms stimulerer, som en nonverbal, tekstbasert kommunikationsform, kun få af modtagerens sanser, og må derfor betragtes som et "low presence" medie". Det at tekstmeldinga har så låg grad av *presence* fører til at tekst-meldinga som kommunikasjonsform gjer det muleg å vera tilstades fleire stader samtidig (Madsen 2005: 43). Mange føretrekker òg å kommunisera med tekstmeldingar i offentlege situasjonar, fordi denne kommunikasjonsforma er meir diskret og ikkje kan overhøyrast (ibid: 9).

Mobilkulturen er framfor alt dei unge sin kultur. I rapporten til Københavns Universitet påpeiker Madsen (2005: 13) at

mediebrug ofte er vanepreget [...] man foretrækker at anvende de medier og kommunikationsformer, man er vokset op med [...] Det ser altså ud til at ens medievaner formes i puberteten.

Dette kan forklara kvifor dei yngre generasjonane i større grad enn eldre, bruker mobiltelefonen og tenestene mobiltelefonen tilbyr. Av same grunn bruker dei unge i større grad dei nye kommunikasjonsformene som vart introduserte med mobiltelefonen, slik som tekstmeldinga. Dei eldre brukarane er ikkje oppvaksne med dette alternativet, og kjenner seg tryggare på tradisjonell oppringing. Den danske rapporten viser at 80 % av 15–17-åringane bruker meir sms enn oppringing (Madsen 2005:11). Desse unge brukarane er ikkje bare tryggare, men og meir kompetente i skrivinga av tekstmeldingane, og skriv nok langt raskare på mobiltelefon-tastaturet enn dei eldre brukarane.

For meir om mobilkultur, sjå for eksempel Katz (2002).

3.4 Tekstmeldinga

Ei tekstmelding er ei kort melding sendt frå ein mobil til ein annan mobil, eller frå ein operatør til eit mobilabonnement via SMS – ”Short Messaging Service”. SMS er altså tenesta som gjer det muleg å senda tekstmeldingar.

SMS-tenesta kan brukast til å senda mange ulike typar meldingar, så som ringetonar og bildemeldingar (Kasesniemi 2003: 162). SMS-meldingar kan sendast både frå ein mobiltelefon til ein annan, og til mobiltelefon via internett (Hård af Segerstad 2002: 68). Ei tekstmelding er ei SMS-basert melding som bare kan innehalda bokstavar, tal og visse spesialteikn. Det mest karakteristiske trekket ved tekstmeldinga er kanskje det at ho er kort, slik som det vert indikert i namnet ”Short Messaging Service”. Ei tekstmelding kan maksimalt innehalda 160 teikn. I SMS-samanheng vert eit teikn definert som ein bokstav, eit tal, eit spesialteikn, mellomrom eller teiknsetjing (som punktum, komma eller liknande) (Kasesniemi 2003: 162).

Det å senda ei tekstmelding kostar det same, uansett om meldinga er tom, eller om alle dei 160 mulege teikna er brukte (Kasesniemi 2003: 164). Lenge låg prisen i Norge på ca ei krone per tekstmelding, men dei siste åra har fleire og fleire mobiloperatørar kome på marknaden, og konkurransen har ført med seg ein priskrig som har resultert i lågare prisar. Mobil-telefonprodusentane har òg lagt betre til rette for bruk av SMS-tenesta, og dei fleste mobiltelefonar kan nå både senda og motta tekstmeldingar som er langt lengre enn 160 teikn, dette blir gjort ved at telefonen deler opp meldingane som blir sendt i delar på 160 teikn, og set saman mottekne meldingar som høyrer i hop. Dersom ein skriv ei melding på 250 teikn, deler mobiltelefonen denne i to, og sender det som to tekstmeldingar, det vil seia at ein må betala for to meldingar.

Kasesniemi hevdar at det ikkje er prisen, men innhaldet i tekstmeldingane som har gjort dei så populære. “It is these contents that the users see as being worth the cost” (Kasesniemi 2003: 164). Ho hevder vidare at “[s]haping and reshaping the text brings the user a sense of control”, planlegginga og utforminga av teksten gir brukarane ei kjensle av dei kan kontrollera koss dei framstår og blir oppfatta av andre (ibid: 196). Den tekniske restriksjonen på 160 teikn fører til at folk uttrykker seg meir konsist, i ei tekstmelding er det lov å vera kortfatta utan at ein treng vera redd for å bli oppfatta som knapp. Dessutan vert mesteparten av tekstmeldingane sendte mellom folk som kjenner kvarandre, og det gir òg rom for å vera kortfatta, sidan ein har delt bakgrunnskunnskap (Hård af Segerstad 2002: 70).

Trass at tekstmeldinga er ei skriftleg kommunikasjonsform, framstår tekstmeldingane som flyktige og vanskelege å gripa fatt i (Kasesniemi 2003: 181). Dette er eit interessant

aspekt ved tekstmeldinga, sidan skriftleg kommunikasjon vanlegvis er meir bestandig enn munnleg kommunikasjon.

3.5 Nettspråk og SMS-språk

Lat meg nå sjå litt på det som generelt er blitt kalla *nettspråk*. Ivar Utne definerer i sin artikkel (2002) nettspråket som språkbruken i nettbaserte medium som *websider*, e-post, *chat*, *wap* og SMS. Dette er nokså unge medium, og språkbruken i dei er derfor av nyare dato. Utne skriv at kjenneteikna ved dette språket er fleire, han trekker fram seks viktige element: Spesiell bokstavbruk, forkortingar, innslag av munnleg form, smileys, eigen teiknbruk og innslag av engelsk.

Når det gjeld bokstavbruken, peiker han på at det ofte vert brukt utelukkande store eller små bokstavar, og at uvanlege bokstavar, som *x* og *z*, vert brukte i større grad enn i korrekt skriftspråk. Ein ser òg at bokstavar og tal vert kombinerte for å danna ord og uttrykk.

Forkortingar er spesielt vanleg innan SMS-mediet, hevdar Utne, og blir brukte for å spare plass og tid. Sidan ramma for ei tekstmelding er på 160 teikn, får ein plass til meir i kvar enkelt melding om ein forkortar orda. Forkortingane er prega av mote, sjargong og akronym.

Nettspråket ber òg preg av innslag av munnleg form, ufullstendige setningar og uformelt ordval som formidlar kjensler og synsing. Der finst òg fleire måtar å gjengi tale på – store bokstavar kan signalisera roping eller trykk, fleire like bokstavar (*haaaallooooo*) kan òg bety enten lengde eller trykk. I tillegg finn ein bruk av dialekt i nettspråket.

Smileys, eller emotikon, er òg ein populær måte å signalisera kjensler og stemningar til mottakaren på. Desse vert helst brukte i private meldingar.

I nettspråket vert òg teiknsetjing brukt for å signalisera kjensler, gjentekne spørjeteikn og ropeteikn kan bety overrasking, eller å be om ei forklaring på noko, det er òg vanleg å setja kjensler eller gester mellom haker eller stjerner for å visa reaksjon (**triumferer**).

Til slutt finn ein gjerne innslag av engelsk på *chat* og i SMS. Mange opplever at det gir ei kjensle av avstand å uttrykka seg på eit anna språk, det blir mindre intimt og personleg, og gjer det derfor muleg å uttrykka kjensler som ein elles ville halde for seg sjølv (Utne 2002: 179).

Når det meir spesifikt gjeld språket som vert brukt i tekstmeldingar, det såkalla SMS-språket, gjeld stort sett dei same trekka meiner den finske folkloristen Eija-Liisa Kasesniemi (2003) og den norske sosiologen Berit Skog (2002 og 2003). Skog peiker i tillegg på at SMS-språket i stor grad er eit visuelt språk.

Kasesniemi har i fleire år arbeidd med finske ungdommar sin mobilbruk, og ho har funne ut at flesteparten av tenåringane har fleire ulike språklege repertoar, ulike uttryksstilar, i forhold til innhald, form og språk i tekstmeldingane, og dei varierer etter mottakar og situasjon. Ho viser koss ei melding til eksempelvis pianolæraren, vil vera prega av formelt og korrekt skriftleg språkbruk, mens til foreldre vil forma vera meir munnleg, men korrekt punktsett. Til nære venner slepp ungdommane seg lause i ordleiker, slang, dialekt, ordspel og intern sjargong. Tekstmeldingane venner i mellom vil altså fløyme over av språkleg kreativitet og leik. Skog har òg kommentert at me generelt ”former sms-språket etter den vi tekster til” (2004: 5). Kasesniemi hevdar dessutan at jenter har fleire slike repertoar enn gutar. Dette vil eg gjerne sjå nærare på i mi eiga undersøking, for å sjå om eg finn dei same tendensane.

I Randi Solheim si doktorgradsavhandling *Språket i smeltegryta: sosiolingvistiske utviklingsliner i industrisamfunnet Høyanger* (2006) omtalar ho elektroniske medium som ei språkleg frisione for ungdommar. ”Der det er fullt ut akseptert at språket ikkje er grammatisk korrekt, noko som gjer det mogleg for ungdommane å rive seg laus frå normer og tradisjonelle mønster for skriftleg og munnleg kommunikasjon” (2006: 363). Ho påpeiker òg at desse elektroniske media gir ”rom for personlege uttrykksmåtar og for tilpassing til budskap og mottakar” (ibid: 363).

Når det gjeld nettspråket, blir faglitteraturen fort forelda, i og med at utviklinga går så fort. Gjennom det tekstmeldingsmaterialet eg har samla inn, vil eg sjå om eg kan avskrive nokon tidlegare kommenterte fenomen, og kanskje registrera nye.

3.5.1 CMC – Computer-Mediated Communication

Hård af Segerstad si doktorgradsavhandlinga frå Göteborgs Universitet tek for seg fleire former for det ho kallar *CMC. Computer-Mediated Communication*, vert definert som ”the asynchronous and synchronous creation and transmission of messages using digital techniques” (Hård af Segerstad 2002: 50). Ut frå *CMC*-begrepet vert gjerne underfeltet *CMD, Computer-Mediated Discourse*, lagt. *CMD* er ei spesialisering med fokus på språk og språkbruk i *CMC*, der ein tek i bruk metodar frå diskursanalyse. *CMD* bli definert som ”Computer-mediated discourse is the communication produced when human beings interact with one another by transmitting messages via networked computers” (Hård af Segerstad 2002: 50). Dei lingvistiske eigenskapane i *CMD* avheng av kva sort meldingssystem som vert brukt, og den sosiale og kulturelle samanhengen rundt. Fellestrekk ved desse media er at dei primært (og ofte utelukkande) består av visuelt presentert språk.

Crystal har i si bok “Language and the Internet” (2001: 14) gjort seg nokre tankar om kor vegen går for språkbruken i nettsamanheng:

there is no way of predicting whether this new language-using situation will make use of old conversational norms or invent fresh stylistic techniques to facilitate interaction, or what particular combination of new and old will prove the most effective.

Utviklinga av *CMC* er uhyre rask, altfor rask til at vitenskaplege studiar kan følgja med. Dagens *CMC* er framleis hovudsakleg tekstbasert, men multimedia *CMC*, som kombinerer audio og video er i rask framvekst (Hård af Segerstad 2002: 51).

3.5.1.1 Innverknad på skriftspråket

Ei populær oppfatning er at *CMC* og internett verker negativt inn på språket. Det blir gjerne hevda at nettspråk er mindre ekspressivt og sofistikert enn andre skriftformer. Språket i e-post skal for eksempel vera strukturelt enklare enn tradisjonelt skriftspråk, fordi det består av kortare og grammatisk mindre komplekse setningar, og inneheld fleire setningsfragment og typografiske feil. Hård af Segerstad vel i si avhandling å ikkje sjå språkbruken i *CMC* som teikn på at språket er i ferd med å forringast og brytast ned, ho vel heller å sjå nettspråket som bevis på at mennesket har ei eineståande evne til å tilpassa språket sitt til tilhøva. *CMC* har ein eigen språkvariant, men Hård af Segerstad meiner at dette ikkje går ut over språkbruken på andre område (2002: 262). Den populære frykta for at språkbruken i nettbaserte medier skal bli vidareført til andre område tek ho ikkje heilt stilling til, ho vel å bare skildra den faktiske språkbruken i denne omgang. Ho har likevel planar om eit framtidig prosjekt som skal sjå på ungdommar sin språkbruk på andre område, som for eksempel i skulestilar. Ho vil sjå om språkbruken frå *chat* og SMS vert overført til andre område der skriftspråket blir brukt. ”If that is the case, we are witnessing a change of norms and also language change, which means that the teachers’ presumptions reported by Kasesniemi and Rautainen (2002) would be proven right” (Hård af Segerstad, 2002: 207).

Crystal meiner at internett medfører ei dramatisk utviding av spekteret og variasjonen i språket, og gir rom for personleg kreativitet. Han tilbakeviser òg påstandane om at *CMC* påverker språket negativt, og argumenterer med at barn som skriv meldingar til dagleg, ikkje står i fare for å bli analfabetar. Han meiner òg at folk er bevisste på stilmessige forskjellar i språkbruken sin, at dei er i stand til å tilpassa språket til formålet og aktiviteten (Crystal 2001: 128).

3.5.1.2 Eit tredje medium?

Hård af Segerstad tek opp debatten om at *CMC* kan kallast ”a third medium”, eit tredje medium. Ho viser til tidlegare studiar, der elektronisk diskurs vert beteikna som ein ”hybrid” språkvarietet som har henta trekk frå både munnleg og skriftleg språk, men som ikkje er verken skrift eller tale. ”Like most language varieties, it arises out of a new social context in which a new appropriate form of expression is needed. Therefore, language users draw on existing language varieties to form hybrids” (Hård af Segerstad 2002: 53). Det viktigaste trekket her er det at elektronisk diskurs er både interaktivt og redigert samtidig (ibid: 53).

Men er dette nok til å kalla *CMC* eit tredje medium? Crystal meiner at *CMC* er fundamentalt ulikt frå tale og skrift, der språkbrukarane får vist seg frå sitt mest oppfinnsame. Han hevdar at *CMC* er ei ny form for samhandling som er midt i prosessen med å utvikla sine egne reglar (Crystal 2001: 24ff). Dette er ikkje tilfelle slik Hård af Segerstad ser det, det er kombinasjonen av språktrekk og samhandlingsarenaene som er nytt, elles er det bare kjende variantar som er tilpassa til situasjonen (Hård af Segerstad 2002: 261). “The new fora of interaction with their evolving informal stylistic norms have fostered new ways of expressing oneself in writing”. Fleire aktivitetar vert gjort gjennom tekst enn kva som var muleg før, og språket blir utvikla til å kunna uttrykka meir kjensler, reaksjonar og haldningar, særleg gjennom bruken av emotikon (ibid: 262).

3.5.1.3 Variablar som påverker *CMC*

<i>Variables</i>	<i>Conditions</i>			
	<i>Asynchronous CMC</i>		<i>Synchronous CMC</i>	
	<i>Email</i>	<i>SMS</i>	<i>Web chat</i>	<i>IM</i>
<i>Synchronicity</i>	Production and perception distributed in time and space No time pressure	Production and perception distributed in time and space Time pressure	Production and perception distributed in space Time pressure	Production and perception distributed in space No time pressure
<i>Means of expression</i>	Monological, 1-way (non-interactive) Monomodal Persistent	Dialogical, 2-way (interactive) Monomodal Persistent	Dialogical, 2-way (interactive) Monomodal Less persistent	Dialogical, 2-way (interactive) Monomodal Ephemeral
<i>Situation</i>	Between unknown Autonomous Independent Lacking immediate context	Between friends Dependent on shared background	Between unknown Immediate context	Between friends Dependent on shared background

TABELL 3.1: VARIABLAR OG VILKÅR FOR *CMC*

Det er fleire variablar som kan påverka forholda for *CMC*, desse varierer etter kva kommunikasjonsform det gjeld. Tabell 3.1 viser Hård af Segerstad sin presentasjon av desse (2002: 57).

Asynkron *CMC* krev ikkje at deltakarane er tilstade online til same tid og stad. Det gir tid til redigering og planlegging og har derfor fleire av dei eigenskapane som tradisjonelt er for-bunde med skriftspråket (Hård af Segerstad 2002: 58). Likevel er tempoet betydeleg raskare enn i tradisjonell skriftleg korrespondanse.

Av dei fire ulike kommunikasjonsformene Hård af Segerstad har sett nærare på, e-post, *web chat*, SMS og *instant messaging*, er det hennar studie av språkbruken i SMS som er interessant for denne oppgåva. Hård af Segerstad opplevde at det var svært vanskeleg å få samla inn tekstmeldingsmateriale. Det kjem av at folk opplever tekstmeldingar som svært private, meir private enn e-postar. Hård af Segerstad (2002: 207) kommenterer i si avhandling at

Most messages are sent between friends who know each other well; they communicate about things that they do not want any one else to read, even though the content of most messages is seemingly trivial about everyday matters.

Sjølve mobiltelefonen vert òg oppfatta som svært personleg, dette kan ein blant anna sjå av at han typisk vert boren i ei lomme eller ei veske nær kroppen.

3.5.1.4 Hård af Segerstad si undersøking

Hård af Segerstads (2002: 208) seier sjølv om sitt materiale og representativitet

the corpus does not represent as broad a user group as would have been ideal, and the results may not be generalized to cover language use in all mobile text messaging. The corpus is large enough however – 1,152 messages and a total of 17,024 words – to give interesting insights into how written language may be used in SMS.

I innsamlingsarbeidet brukte ho tre ulike metodar, ei internettbasert spørreundersøking, brukardagbøker og vidaresending av meldingar. Informantane hennar var ei blanding av ukjende menneske som svarte på spørreundersøkinga hennar på internett, og venner og familie (ibid: 208).

Språkbruken i tekstmeldingar viser avvik frå dei tradisjonelle skriftspråksnormene, blant anna i det at det er eit redusert språkleg uttrykk og at trekk frå talespråk vert brukte. Som i andre former for *CMC* vert emotikon, ukonvensjonelle forkortingar og unormert punktsetjing teke i bruk (Hård af Segerstad 2002: 251). Andre språktrekk ein finn i tekstmeldingane er òg best kjende frå talespråket, så som utelating av subjektspromomen, uttrykk for nøling og

latter. Når det gjeld staving, finn ein òg talespråkliknande formasjonar som vert brukte for å spare tid, innsats og plass og for å gi ein uformell tone. Av same grunn vart både konvensjonelle og ukonvensjonelle forkortingar brukte. Alle desse trekka vart i tillegg brukte som gruppemarkørar (ibid: 232).

To answer the question of how written language is used in SMS is simple enough once one has a corpus to investigate. To answer the questions concerning why it is used this way requires that a number of factors be taken into consideration (Hård af Segerstad 2002: 206).

Desse faktorane er blant anna knytt til om ein bruker mobiltelefon eller data når ein skriv, kva type mobiltelefon ein eventuelt bruker, om ein bruker den såkalla ordbokfunksjonen på telefonen og kva type ordbok ein i så fall har. Dette med ordbokfunksjonen vil eg koma tilbake til om litt i kapittel 3.5.2 (s 23).

Tabell 3.2 samanfattar dei vanlegaste språktrekka frå Hård af Segerstad sitt tekstmeldingsmateriale (2002: 215). Ho legg til grunn ei svært vid forståing av termen lingvistiske trekk (linguistic features), som omfattar kategoriane punktsetjing, staving, grammatikk og grafiske middel.

”Linguistic features of SMS

<i>Category</i>	<i>Feature</i>
<i>Punctuation</i>	Omitting punctuation Unconventional punctuation Omitting blank space
<i>Spelling</i>	Mispredictions Spoken-like spelling Split compounds Consonant writing Conventional abbreviations Unconventional abbreviations Either all capitals or all lower-case Exchange long words for shorter
<i>Grammar</i>	Omission of Subject pronoun Omission of VP (copula, auxiliary, or modal verb + preposition)
<i>Graphical (non-alphabetical) means</i>	Asterisks Symbol replacing word”

TABELL 3.2: LINGVISTISKE TREKK VED SMS

Det er ikkje bare dei fysiske forholda bak tekstmeldingane som spelar inn, det sosiale aspektet er òg sterkt medverkande i tekstskapinga. Alle handlingar, og dermed òg all kommunikasjon, finn stad i ein sosial samanheng. Dei lingvistiske trekka i tekstmeldingar er sterkt påverka av

dei som kommuniserer, og kva forhold dei har til kvarandre, så vel som individuelle preferansar og kollektive normer. Kommunikasjonssituasjonen og årsaka til kommunikasjonen er sjølvstøtt og viktige faktorar (Hård af Segerstad 2002: 63).

3.5.2 Ordbokfunksjonen - T9™

Etter kvart som tekstmeldinga vart meir og meir populær, fann mobiltelefonprodusentane ut at dei kunne forenkla inntastingsprosessen. På tidlegare mobiltelefonar skapte ein tekst på mobiltelefonen er ved såkalla "multi-tap", eller "multi-press"-teknikk. Det vil seia at kvar enkelt taltast i tillegg har tre til fire bokstavar i alfabetisk rekkefølge, slik at den tasten som har talet fem, i tillegg har bokstavane *j*, *k* og *l*. For å skriva tekst må ein så trykka på den tasten som har den bokstaven ein ønskjer, om ein vil skriva ein *k*, må ein då trykka to gonger på femmartasten. Dette gjer openbart skrivinga svært omstendelig og tidskrevjande. For å skriva eit ord som "hei" må ein altså trykka talsekvensen 4-4-3-3-4-4-4. For å letta på dette, har dei fleste nyare mobiltelefonar ei eller anna form for software som predikerer eller gissar kva ord brukaren vil skriva ut i frå kva tastar han trykker. Ved slik "predictive text entry", på norsk gjerne kalla ordbokfunksjon, treng brukaren bare trykkja kvar enkelt tast ein gong, slik at om han trykker sekvensen 4-2-5-5-6, vil telefonen foreslå ordet "hallo"(Hård af Segerstad 2002: 69f). "The feature is known as predictive text input or T9™" (Kasesniemi 2003: 205f). T9™ står for **T**ekst på **9** tastar. Kva ord telefonen kan identifisera vert avgjort av kva ord som allereie er lagra i minnet til telefonen. I dette minnet ligg ei innebygd ordliste til grunn, i tillegg kan brukaren "læra" telefonen nye ord, og leggja dei til i minnet (Hård af Segerstad 2002: 69f). Sidan telefonen automatisk gissar og foreslår ord ut i frå kva tastesevens som blir trykt inn, kan det lett oppstå feil om skrivaren ikkje er oppmerksam (Kasesniemi 2003: 205f).

Hård af Segerstad hevdar at "[b]ecause simple person-to-person messaging is such an important component of total SMS traffic volumes, anything that simplifies message generation is an important enabler of SMS" (Hård af Segerstad 2002: 69). Ut i frå eit slikt sysnpunkt burde ordbokfunksjonen ha slått veldig godt an blant mobiltelefonbrukarane. Likevel viser det seg at "[t]he dictionary is an exception in the mobile culture of teenagers in that it is the only feature in mobile phones that has failed to break through" (Kasesniemi 2003: 206). Mange tenåringar bruker ikkje slike ordbokfunksjonar, for dei finn det tungvint og upersonleg (Hård af Segerstad 2002:70), dei er ikkje villige til å skriva det standardspråket som ordboka legg til rette for (Kasesniemi 2003: 206).

4 INNSAMLING AV DATA

I undersøkinga mi ønskjer eg å sjå på språket tenåringar bruker i tekstmeldingar. Eg vil prøva å finna ut kva lingvistiske trekk som kjenneteiknar dette språket. Eg vil òg sjå på om denne språkbruken viser variasjon som kan forklarast med dei tre ulike sosiale variablane eg fokuserer på: Kjønn, gruppetilhøyrse og relasjon til mottakar.

Å få fatt i tekstmeldingsdata kan vera vanskeleg. Tekstmeldingsmediet vert av dei fleste oppfatta som svært personleg, ei privatsak mellom sendar og mottakar av tekstmeldinga. Mange vil nok derfor ikkje vera komfortable med å overlevera tekstmeldingane sine til ein utanforståande tredje part. Ein kan sjølvstundt finna brukbart materiale på musikkprogramma som går på fjernsyn om natta, av typen ”Mess TV” på TVNorge og ”Svisj” på NRK2. Her sender sjåarane inn tekstmeldingar som vert viste på fjernsynsskjermen. Men eg ville gjerne vita noko om kva tankar ungdommane gjorde seg om tekstmeldingane, eg ville sjå på om sosiale variablar hadde innverknad på språket i tekstmeldingane, derfor var ikkje slike fjernsynsprogram noka god datakjelde for denne undersøkinga.

Metoden eg har brukt for innsamling av data er hovudsakleg kvalitativ, med gruppeintervju, vidaresending av tekstmeldingar frå informantane til meg og individuelle intervju med alle informantane. I arbeidet etter innsamlinga, har eg analysert materialet både kvalitativt og kvantitativt, der materialet er stort nok til å få ei forsvarleg kvantitativ samanlikning av variasjon.

4.1 Forarbeidet

Eg har gjort eit feltarbeid i 10. klasse ved ein ungdomsskule på Jæren.

Sommaren 2005 tok eg kontakt med ein av lærarane ved ein ungdomsskule på Jæren. Eg fortalte henne om prosjektet mitt, og ho kom med nyttige innspel i forhold til innsamlingsmetode og informantutval. Blant anna kunne ho bekrefte dei hovudgrupperingane blant ungdommane som andre ungdomsskulelærarar eg hadde vore i kontakt med, viste til. Grunnlaget for desse grupperingane var fritidssysler, og dermed òg kjennskap og vennskap. Dei tre gruppene var: Idrettsungdommen, dei religiøse og dei frittstående. Denne siste gruppa hadde som eg såg det, ingen klare fellestrekk, anna enn at dei ikkje tilhørde dei to andre gruppene.

Etter det eg fann ut gjennom samtalar med lærarar på skulen, var desse grupperingane ganske tydelege å sjå. Det fanst personar som tilhørde meir enn ei gruppe, men det var bare

unntaksvis. Idrettsgruppa var nok først og fremst prega av fotballen, fotball har i mange tiår stått sterkt på Jæren. Dei religiøse rekna eg som dei som var aktive i bedehusmiljø eller i kyrkjelydar. Dei som fall utanom desse gruppene, dreiv med litt forskjellige aktivitetar, svært mange av gutane var datainteresserte.

Lærarkontakten min sa seg òg villig til å hjelpa med å finna informantar blant sine eigne elevar, forutsatt at eg fekk godkjenning frå leiinga ved skulen. I løpet av hausten sendte eg brev til skuleleiinga og fekk positivt svar i løpet av kort tid. I samarbeid med lærarkontakten min fastsette me at innsamlingsarbeidet skulle gjerast i januar / februar 2006. Læraren plukka i samråd med dei andre lærarane på trinnet, ut informantar etter mine kriterium, ein slags *'friend of a friend'*-metode.

'Friend of a friend'-tilnærminga til feltarbeid er ein metode knytt til sosiolingvisten Lesley Milroy. Essensen i metoden er at forskaren kjenner ein person som har meir eller mindre innpass i det miljøet han vil undersøka. Denne personen skaffer så forskaren lister over venner og kjende som kan vera aktuelle for undersøkinga. Det at forskaren kan introdusera seg som ein venn av 'X', hjelper til å gi informantane tillit til forskaren. "The *'friend of a friend'* approach is closely linked to the anthropological fieldwork tradition of PARTICIPANT OBSERVATION and draws on insights from SOCIAL NETWORK analysis" (Swann 2004: 118). Når det gjeld denne undersøkinga her, er det ikkje snakk om ein klassisk *'friend of a friend'*-metode, men snarare ein variasjon på denne tilnærminga. Læraren som nominerte informantane, kjende godt til tenåringmiljøet, trass i at ho sjølv ikkje kunne seiast å vera eit medlem av dette miljøet. Ho hadde kjent elevane sidan 8. klasse, og ville velja gode prototypar for dei ulike gruppene.

Informantane skulle plukkast ut frå kjerna av dei nettverka (*communities of practice*) dei tilhørde, slik at dei kunne fungera som prototypar for medlemmene av dei ulike gruppene. Om dei vart plukka ut frå ei slik oppfatta kjerne, ville dei gjerne ha tette personlege nettverk med stor grad av multiplekse band til resten av gruppa. Desse ungdommane var òg dei som sannsynlegvis i størst grad vil vera utsette for sosial kontroll og konformitetspress, og derfor i størst grad vil ta inn over seg gruppa sine normer, i dette tilfellet normene for språkbruk i tekstmeldingar.

Frå kvar gruppe fekk eg slik fire informantar, to jenter og to gutar, slik at eg endte opp med 12 informantar fordelt slik:

2 idrettsgutar	2 idrettsjenter
2 religiøse gutar	2 religiøse jenter
2 frittstående gutar	2 frittstående jenter

TABELL 4.1: FORDELING AV INFORMANTAR

Før eg kunne starta innsamlingsarbeidet innhenta eg skriftleg samtykke frå informantane sine føresette, sidan dei ikkje sjølv var myndige.

Sjølve feltarbeidet, innsamlinga av data, var delt i tre fasar. Planen var at eg først ville gjera tre gruppeintervju med informantane mine fordelt på dei tre grupperingane, slik at informantane som vart intervjuet i lag, kjende kvarandre godt. Deretter skulle eg be dei om å vidaresenda alle tekstmeldingar dei sendte i løpet av ei veke, til meg. Etter at denne veka var omme, ville eg gå gjennom tekstmeldingane med kvar enkelt, for å finna ut kven mottakarane av tekst-meldingane var, og for å gjera eit meir individuelt intervju.

4.2 Gjennomføringa

Innsamlingsarbeidet var eit spennande møte med dei tolv tenåringane. Den første dagen skulle eg gjennomføra gruppeintervjuet. To av informantane var ikkje på skulen den dagen, men eg heldt gruppeintervju for dei resterande ti. Gruppeintervjuet viste seg å vera ein litt vanskeleg setting for å få i gang ein naturleg samtale, og i praksis fungerte desse møta meir som informasjonsmøte, der informantane fekk vita kva prosjektet gjekk ut på, kva materialet skulle brukast til, og der eg forklarte at det heile skulle anonymiserast så mykje som muleg. Dei to informantane som var borte den dagen gruppesamtalane vart gjort, fekk eit eige infomøte dagen etter. Ein av informantane trekte seg i løpet av dei første dagane, ho oppga ikkje kva som var grunnen, men det kan hende at ho følte at prosjektet kravde at ho måtte utlevera meir av privatlivet sitt enn ho komfortabel var med.

Informantane skulle vidaresenda tekstmeldingane til meg – når dei sjølv skreiv og sendte tekstmeldingar til venner og kjende, skulle dei senda ein kopi til min mobiltelefon. Etter kvart som eg mottok tekstmeldingane, skreiv eg dei nøyaktig inn på pcen min. Enkelte valde å senda denne kopien samtidig med at dei sendte meldinga til den eigentlege mottakaren, mens andre samla opp fleire meldingar, og sendte meg så alt dei hadde lagra i "sendte elementer"-mappa på mobiltelefonen sin. Eg bad dei om å gjera det som dei sjølve syntest var lettast å hugsa.

Ei veke etter oppstarten hadde eg planlagt å gjennomføra dei individuelle og avsluttande intervju. Det viste seg at omfanget på tekstmeldingsmaterialet informantane hadde sendt meg, var svært varierande, mange hadde sendt veldig få meldingar, og eg bad desse om å få fortsetja ei stund til. Bare fire av informantane hadde sendt inn det eg vurderte som nok materiale. Mange av dei som hadde sendt inn lite, fortalte at dei hadde "gløymt seg ut", og ikkje vidaresendt alt dei hadde skrive, mens andre igjen forklarte at dei ikkje brukte SMS så mykje. Det er nærliggande å tru at enkelte av informantane sannsynlegvis sensurerte seg sjølv til ei viss grad, og ikkje vidaresendte absolutt alt dei skreiv, men ingen av dei sa det i intervju, og når alt kjem til alt, så er det heller ikkje så viktig for analysen min.

To veker seinare intervju eg dei resterande sju informantane, og møtte ein ny informant som skulle erstatta ho som trekte seg. Denne informanten sendte mykje tekstmeldingsmateriale over dei neste par dagane, og eg heldt det avsluttande intervjuet tre dagar seinare.

Då innsamlinga av materiale var over, tilbakebetalte eg dei utgiftene informantane hadde hatt med å vidaresenda tekstmeldingane til meg. Sidan dei tre som sendte flest tekstmeldingar hadde "d'juice non-stop"-abonnement, som gir gratis SMS, hadde desse tre ingen utgifter dei skulle ha dekkja.

Dei individuelle intervju fungerte varierande – eg hadde ein intervjuguide (sjå vedlegg) som eg stort sett heldt meg til, med spørsmål om dialektbakgrunn, familie, fritid og forhold til mobil og språk. Eg prøvde å få til ein naturleg samtale rundt ein del av spørsmåla i intervjuguiden min, og eg oppfordra til utdjupande svar. Eg følgde opp med vidare spørsmål om det kom fram noko som eg meinte kunne vera interessant. Enkelte av informantane fortalte mykje, mens andre svarte mest med einstavingsord. Omfanget på intervju vart derfor svært varierande, frå 12 til 40 minutt.

4.3 Etterarbeidet

Under både gruppesamtalane og dei individuelle intervju noterte eg, eg brukte i tillegg ein MP3-opptakar. Etter intervju la eg lydopptaka rett inn på pcen, slik at eg kunne arbeida med dei i Windows MediaPlayer når eg transkriberte. Transkripsjonen vart gjort nokså lydrett, men med vanleg latinsk alfabet.

Alt i alt sat eg igjen med litt over 4 timar med lydopptak. Kor mange tekstmeldingar eg fekk frå kvar enkelt varierte òg, frå 6 til 422 meldingar. Stort sett var det dei som sendte mange meldingar som var mest pratsame, det kan jo henda at det var desse som var mest

vande med å uttrykka seg verbalt?

I det vidare arbeidet var det ein del viktige etiske aspekt å ta hensyn til. Både i dei transkriberte intervju og i tekstmeldingane har eg gått inn og teke ut alle personnamn, stadnamn og særnamn på klubbar og aktivitetar som er nemnde. Eg har i tillegg gitt informantane dekknamn, for å letta framstillinga i analysen.

Eit spørsmål ein kan stilla seg, er kor representativ denne undersøkinga er. Kan resultata generaliserast til å gjelda eit større univers? Og kva univers er så fall det? Tenåringar på Jæren?

Eg har valt å dela analysen min i to delar, ein lingvistisk og ein sosial. I kapittel 5 prøver eg på bakgrunn av det innsamla materialet å gjera induktiva generaliseringar om kva lingvistiske trekk (Hård af Segerstads *linguistic features*) som kjenneteiknar tekstmeldingane. Kapittel 6 har ei meir deduktiv vinkling, her tek eg utgangspunkt i hypotesar om at dei overordna sosiale faktorane vil påverka førekomstane av dei lingvistiske trekka.

5 LINGVISTISKE TREKK

I boka si spør Kasesniemi seg om ein kan snakka om ein einsarta tekstmeldingskultur blant finske tenåringar. “The answer is both yes and no. The phenomenon incorporates special terminology, usage patterns and social norms. The members of SMS culture develop their own terminology” (Kasesniemi 2003: 165).

I dette kapittelet vil eg undersøka kva lingvistiske trekk som induktivt utmerkar seg i tekstmeldingsmaterialet frå Jæren. Eg bruker her termen lingvistiske trekk slik Hård af Segerstad bruker *linguistic features* i si avhandling (sjå kapittel 1.2.1, side 3). Eg tek utgangspunkt i tidlegare forskning, og samanliknar mine eigne funn med funna i dei tre andre nordiske studiane. Dei fenomena eg vil fokusera på, kan ordnast inn under fire hovudoverskrifter. Først vil eg ta for meg det som vert kalla *written speech*, altså at språket i tekstmeldingane kan karakteriserast som skriftleggjort, eller skriftfesta tale. Deretter vil eg sjå nærare på økonomiseringsprinsippet, som ligg til grunn for ulike typar reduksjonar i SMS-språket, her er det særleg interessant å sjå på bruken av forkortingar. Eg vil så gå inn på fenomenet emotikon, eller smileys som dei gjerne vert kalla. Det siste viktige punktet eg vil ta for meg er det eg har valt å kalla rituelle helsingar, det at tenåringane svært ofte legg til innleiande og avsluttande helsingar i tekstmeldingane dei skriv.

	<i>ANALYSEMETODE</i>	
LINGVISTISKE TREKK	<i>Kvantitativ</i>	<i>Kvalitativ</i>
Written speech		√
Økonomisering / forkorting	√	
Emotikon	√	
Banning	√	
Rituelle helsingar	√	(√)

TABELL 5.1: LINGVISTISKE TREKK OG ANALYSEMETODE

Eg vil prøva å vurdere utbreiinga av desse lingvistiske trekka. Der det lar seg gjera, vil eg telja opp førekomstar og slik kvantifisera fenomena. Dessverre er særleg fenomenet *written speech*, skriftleg tale, vanskeleg å talfesta. I tabellen over (tabell 5.1) viser eg ei oversikt over dei viktigaste lingvistiske trekka eg tek for meg i analysen, og på kva måte eg har vurdert dei. Kvantitativ analysemetode viser her til talmessig samanlikning av resultata, mens kvalitativ

analysemetode vert basert på mi subjektive oppfatning av tekstmeldingsmaterialet og oppfatningane som informantane gav uttrykk for i intervju.

5.1 Tidlegare forskning

Kva er dei lingvistiske trekka som typisk kjenneteiknar det såkalla SMS-språket?

Av dei tre undersøkingane eg har fokusert på, er det bare Hård af Segerstad si avhandling som er ei lingvistisk studie av språkbruken i blant anna tekstmeldingar. Sjølv om dei andre undersøkingane først og fremst ser på kulturen rundt bruken av mobiltelefon, har dei òg kommentert koss skriftspråket vert brukt i tekstmeldingane. Desse kommentarane er sjølvsagt meir overflatiske, men dei er likvel interessante, sidan dei peiker på dei mest påfallande trekka ved SMS-språket.

Madsen og hans danske kollegaer definerer SMS-språk som ”brugen af forkortelser og fonetiske udtryk kombineret med stilistiske træk og anvendelsen af internt genkendelige diskurser” (Madsen 2005: 9). Dette er i mine auge ein ganske forenkla definisjon. SMS-språk må vel vera all språkbruk i SMS? Men Madsen held fram med å hevda at ”[s]ms sprog anvendes stort set kun af de flittigste brugerne, eller ironisk, det forbindes ofte med helt unge teenagere og poptøser” (Madsen 2005: 9). Madsen viser vidare til at dei eldre informantane føretrekker å uttrykka seg korrekt skriftleg, og unngår forkortingar og fonetiske uttrykk. Dette gjer dei for å lettare gjera seg forstått, og for å framstå som meir truverdige og seriøse (Madsen 2005: 54).

Finske Kasesniemi viser til at “SMS communication does not rely on traditional grammar or punctuation” (Kasesniemi 2003: 204). Eit prinsipp som kan samanfatta mange av dei fenomena som inngår i det såkalla SMS-språket, er økonomiseringsprinsippet – økonomisering med tid, tastetrykk og plass. For å spara tid og plass kan ord forkortast og til og med strykast, så lenge sendaren meiner at mottakaren vil vera i stand til å forstå meininga. ”Also, it is common to substitute concise expressions from other languages for long Finnish words” (ibid: 205). Det er særleg engelske ord og uttrykk som vert brukte til å erstatta lengre finske uttrykk. Resultatet er i Kasesniemi si undersøking at “[s]ome of the teens’ messages bear more resemblance to a code language than standard language. A text filled with code language expressions may remain incomprehensible to an outsider unless explained” (ibid: 206). Økonomiseringsprinsippet vil eg sjå nærare på i kapittel 5.4 (s 44).

Hård af Segerstad påpeiker at SMS framviser mange av dei lingvistiske trekka ein allereie kjenner frå *chat*, slik som smileys og andre grafiske verkemiddel, hybridisering

mellom skrift- og talespråk, varierende skriftspråkskonvensjonar, og mediumsbestemt syntaks. I Tyskland er det funne ei rekke vanlege syntaktiske reduksjonar i SMS-språket, dei vanlegaste er sletting av visse ordgrupper, så som subjekt, og då spesielt subjektspronomen, tilsvarende munnleg stil *eg kjem til deg* blir til *kjem til deg*. Andre ordklassar som ofte blir strokne, er artiklar, possessiv pronomen og determinativ, då desse gjerne er unnverlege og ikkje nødvendige for å forstå samanhengen. Denne tendensen til å stryka alt som ikkje er nødvendig for forståinga, resulterer i at tekstmeldingane får ein telegramstil (Hård af Segerstad 2002: 71).

Økonomiseringsprinsippet er likevel ikkje absolutt, i det finske tekstmeldingsmaterialet fann Kasesniemi òg sterke innslag av lokal dialekt, noko som strir med tidlege teoriar om SMS-språket, der ein gjekk ut i frå at SMS-språket var eit einsarta og landsdekkjande språk-uttrykk utan lokal farge (Kasesniemi 2003: 208).

5.2 Presentasjon av tekstmeldingsmaterialet

Tekstmeldingsmaterialet som eg har samla inn er på totalt 757 tekstmeldingar, frå tolv femtenåringar frå Jæren. Det var store individuelle skilnader på kor mange tekstmeldingar dei skreiv til dagen, alt frå eit gjennomsnitt på 0,4 til 52,8 meldingar dagleg. Her er det ein påfallande skilnad mellom gutar og jenter. Jentene sendte i snitt 11 tekstmeldingar meir enn gutane til dagen.

Hård af Segerstad presenterer i si avhandling ein tabell der ho kvantitativt samanliknar si eiga svenske SMS-studie med ei liknande tysk studie², tabell 5.2. Ho har her sett på tal tekstmeldingar og tal ord i materialet, og ut ifrå det rekna ut gjennomsnittlengda på tekstmeldingane, i ord og teikn (2002: 212). “These results suggest that Swedish users abbreviate words more frequently to reduce length of words. Variation might also be due to differences in language typological characteristics” (Hård af Segerstad 2002: 213).

	<i>Swedish SMS corpus</i>	<i>German SMS corpus</i>
<i>No messages</i>	1,152	1,000
<i>No words</i>	17,024	13,357
<i>Mean length of message</i>	14.77 words / mess.	13 words / mess.
<i>Mean no. characters / mess.</i>	64 char. / mess.	78 char. / mess.

TABELL 5.2: SAMANLIKNING AV SVENSK OG TYSK SMS-KORPUS

² N. Döring, 2002: ” ”1xBrot, Wurst, 5sack Äpfel I.L.D.” Abkürzungen und Akronyme in der SMS-Kommunikation”

Etter å ha talt opp tekstmeldingane i mitt eige korpus, har eg sett opp ein tilsvarande tabell der eg har lagt til mine resultat:

	<i>Svensk SMS-korpus</i>	<i>Tysk SMS-korpus</i>	<i>Norsk SMS-korpus</i>
<i>Tal tekstmeldingar</i>	1.152	1.000	757
<i>Tal ord</i>	17.024	13.357	7.312
<i>Gj.sn.lengd pr t.mld.</i>	14,77 ord / t.mld.	13 ord / t.mld.	9,66 ord / t.mld.
<i>Gj.sn.tal teikn pr t.mld</i>	64 teikn / t.mld.	78 teikn / t.mld.	46 teikn / t.mld

TABELL 5.3: SAMANLIKNING AV SVENSK, TYSK OG NORSK SMS-KORPUS

Sjølv om tekstmeldingsmaterialet frå mi norske studie er noko mindre enn dei to andre, er det likevel stort nok til at ei samanlikning har noko for seg. Det går av tabellen tydeleg fram dei norske tenåringane gjennomsnittleg skriv langt kortare tekstmeldingar enn dei svenske og tyske informantane. Nå går det ikkje fram av avhandlinga til Hård af Segerstad kva alder korkje dei svenske eller tyske informantane er, så ei muleg forklaring er at dei norske informantane kan vera ein del yngre enn dei andre. Ei anna forklaring kan vera den at det er nokre år mellom studiane, og på desse åra har prisen på tekstmeldingar falle dramatisk, og det er dermed ikkje like viktig å få med mest muleg i kvar enkelt tekstmelding. Ei tredje muleg forklaring er den at mange av dei norske informantane ikkje sjølv betaler for mobiltelefonbruken sin, men får det av foreldra, og av den grunn er lite bevisste på det økonomiske aspektet.

Skriftspråknormene ser ikkje ut til å trenga ikkje heilt inn i desse nye nettbaserte media, som *chat* på internett, SMS osv. Ungdommane sjølv kallar SMS-språket sitt ei blanding mellom talespråk og skrift.

Det mest påfallande ved tekstmeldingsmaterialet, er at språkbruken er ikkje konsekvent. Blant anna i forhold til stavingsmåtar, teiknsetjing og bruk av stor og liten bokstav er ungdommane svært lite konsekvente, men ein kan sjå ein del generelle tendensar. Eg vil her prøva å peika på ein del slike tendensar.

Dei aller fleste av informantane har faste abonnement, bare tre av dei tolv har kontantkort. Tre av jentene hadde "d'juice non-stop", eit abonnement som gir gratis SMS, der ein bare betaler for ringetida pluss ei fast månadsavgift. Desse tre jentene sendte klart fleire tekstmeldingar enn dei andre informantane. Så kan ein jo spørja seg om dei sendte fleire tekstmeldingar fordi dei var gratis, eller om dei hadde valt nettopp dette abonnementet fordi dei sendte mange tekstmeldingar?

Tidlegare forskning på ungdommar og mobiltelefonbruk, har vist at dei fleste ungdommar har kontantkort. Kontantkort er ein førehandsbetalt abonnementstype, der ein først betaler inn eit beløp – etterfølgande telefonbruk blir trekt frå dette beløpet til ein anten er tilbake i null, eller betaler inn meir pengar. Hård af Segerstad fortel at slike kontantkort ofte blir ”popularly given the teenagers by their parents in order to avoid the nasty surprise of being sent a bill later, and to keep the users in control of the money spent on telecommunication” (Hård af Segerstad 2002: 194). Dette kan sjå ut til å vera i endring. Det er kanskje fordi fleire etterbetalte abonnementstypar vert lanserte, typar som gir forbrukaren betre kontroll over forbruket. Slike abonnement er godt tilpassa til det fakturm at ungdommar sin økonomi oftast er avhengig av foreldra. Telefonioperatørane ser ut til å kjenna marknaden sin godt.

5.3 Written speech – skriftleg tale

Det kanskje viktigaste kjenneteiknet ved SMS-språket, er at det ligg svært nært opp til talespråket. Trass i at tekstmeldinga er eit skriftleg medium, er språkbruken ofte det ein kan kalla skriftleggjort eller skriffesta tale. “Much of SMS communication can be seen to constitute written speech” (Kasesniemi 2003: 209). Dei linjene som tidlegare har blitt trekt mellom språkbruken i tekstmeldingar og i e-postar, er nok ikkje heilt haldbare. Det kjem kanskje av skilnadene i tidsaspektet, der e-postar i prinsippet er ”a real-time communication channel”, er det i praksis ofte ei lengre responstid, sidan sendar og mottakar sjeldan er pålogga samtidig. Dette problemet har ein ikkje med tekstmeldingar, sidan dei fleste av oss alltid har mobiltelefonen på eller nær kroppen, og responstida vert slik svært kort. I så måte kan ein heller samanlikna tekstmeldingar med *online chat*, det ein ofte refererer til som *instant messaging*, der begge partar er pålogga samtidig og skriv fram og tilbake som ei skriftleg-gjering av ein samtale (Kasesniemi 2003: 172) . Dette samtalepreget er nok ein viktig grunn for at språkbruken i tekstmeldingane ligg så nær talespråket.

Informantane frå Jæren bekrefter dette nære slektskapet til talespråket. På spørsmål om koss dei sjølv meiner at dei skriv, var dette eit typisk svar:

”Hilde: *Skrive sånn s’ø lettast, å kanskje sånn s’øg pleie sei ting*”
(Hilde 15 år, 10.02.06).

(Hilde: (Eg) Skriv sånn som det er lettast, og kanskje sånn som eg pleier seia ting.)

Sidan eg har transkribert intervjuet rimeleg lydnært, kan sitata vera vanskelege å lesa. Jærdialekten, og måten tenåringane snakka på, er sterkt prega av samantrekkingar. Derfor vel eg å ta med ei oversetjing til meir normert nynorsk i parantes etter sitata.

Hård af Segerstad (2002: 70f) kommenterer òg at ho i tekstmeldingar fann at

Features that are characteristic of spoken language, such as dialectal words, interjections and prosody are verbalized and spelled out in SMS. The use of shortforms may help to enhance the feeling of directness, unforced and natural spontaneity.

Eksempel frå tekstmeldingsmaterialet vert viste i ein eigen skrifttype (font), for å skilja dei frå andre sitat.

SMS 5.01 Høh så får eg an nå. Jj keffor Sendte du dn?
(Per 15 år, 31.01.06)

Av dei tolv informantane eg snakka med, bruker bare ein tredjedel ordbokfunksjonen, T9™, dette er altså i samsvar med Hård af Segerstad og Kasesniemi sine funn om at tenåringar ofte ikkje bruker ordboka. Ein av dei femtenåringane eg intervjuet, fortalte at språkbruken hans vart meir standardisert når han brukte ordbokfunksjonen:

”Oddbjørn: Viss eg he veldi lidå ti så skriv’eg bogmål, for då h’eg den orlistå”
(Oddbjørn 15 år, 30.01.06).

(Oddbjørn: Viss eg har veldig lita tid så skriv eg bokmål, for då har eg den ordlista.)

Eg vil vidare ta for meg koss fenomenet written speech, skriftleg tale, påverker typografien, ortografien og ordval (leksikon) i tekstmeldingane.

5.3.1 Typografi

Typografi er studien av val og organisering av bokstavformer og andre grafiske trekk på trykk (Crystal 1999: 348). I tekstmeldingar er typografien ganske avgrensa, stort sett har ein bare valet mellom store og små bokstavar, og dei vanlegaste teikna. Eigentleg fell nok bruken av smileys inn under typografi, men sidan smileys er eit av dei mest markante kjenneteikna ved SMS-språket, har eg valt å skilja dei ut, og gi dei eit eige underkapittel (sjå kapittel 5.5, side 56). For meir om teiknsetjinga i tekstmeldingane, sjå side 55 (kapittel 5.4.3).

Språket i tekstmeldingar er generelt ikkje prega av noko sterkt fokus på rettskriving, sjølv om enkelte tenker meir over dette enn andre:

”Int: Ja, så du’e stor bokstav itte ponktom å sånn
Sara: Ja. D’æ viktig [..] Ja d’æ mangen så, isj’så nøy’ på dæ”
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Ja, så du har stor bokstav etter punktum og sånn.
Sara: Ja. Det er viktig [...] Ja, det er mange som ikkje er så nøye på det.)

Bare ein tredjedel av informantane bruker ordbokfunksjonen, T9™, på mobiltelefonen. Det er i hovudsak dei religiøse ungdommane som bruker denne funksjonen. Fleire av desse gav i intervju uttrykk for at dei var opptekne av at det dei skreiv skulle vera mest muleg rett, slik at ikkje sløv punktsetjing og feil bruk av liten og stor bokstav i SMS skulle kunna snika seg inn i skulespråket deira:

”Sara: *Då æ, blir de vel at eg plei'allti, ell'æg plei'skriva mæ store bokstava.' Æ blir sånn. Ja æg passe allti på'a sto'bokstava sånn i ny setninga elle, ja komma å sånt å, ja huske på de. For ikkje liksom, jær heilt feil i, elle når du skrive, for SMS æ heilt, på'n måde, eget skrivesbråg på'n måde, s'då blir de sånn, viss du skriv'for møje av de så blir de, så æ de jern'vanskeligare jedn'å skriva teksta så ska vær rette, rettskriving”
(Sara 15 år, 31.01.06).*

(Sara: Då blir det vel at eg pleier alltid, eller eg pleier skriva med store bokstavar. Det blir sånn. Ja, eg passar alltid på å ha store bokstavar sånn i nye setningar, eller, ja, komma og sånt. Ja, (eg) hugsar på det. For ikkje liksom å gjera heilt feil i, eller når du skriv, for SMS er (eit) heilt, på ein måte, eige skrivespråk på ein måte. Så då blir det sånn, viss du skriv for mykje av det så blir det sånn, så er det gjerne vanskelegare å skriva tekstar som skal vera rette, rettskriving.)

Likevel kan særleg bruken av stor bokstav i starten av ei setning vera varierende. Alt etter kva slag mobiltelefon ein har, kan det vera vanskeleg eller lett å byta mellom små og store bokstavar. Enkelte telefonmodellar skiftar automatisk til stor bokstav etter punktum, mens andre krev at brukaren går inn og byter bokstavtype sjølv. Eldre telefonar hadde av og til bare store bokstavar, men dei fleste nyare modellane har både store og små. Sjølv om dei nyare mobiltelefonane er lagt til rette for å skriva med både store og små bokstavar, er det mange av informantane som ikkje er så nøye på rett bruk av stor og liten bokstav. Heile tekstmeldingar kan vera skrivne med bare store, eller bare små bokstavar (Hård af Segerstad 2002: 223).

SMS 5.02 `vetche... menne vilt kult då:) glede meg enormt:)`
(Ingrid 15 år, 10.02.06)

Ei vanleg norm i nettspråk generelt, er at “typing words or whole messages in capital is a way of imitating prosodic features of shouting, or emphasis in general” (Hård af Segerstad 2002: 223).

SMS 5.03 `Hei. SEND melding når dokk e klar for å henta hos [jentenamn]..`
(Ingrid 15 år, 10.02.06)

Ingrid vil her presisera at mottakaren skal senda ei tekstmelding når ho blir henta. Bjørn fortel ein skulekamerat i ei tekstmelding at han har gått over i ei anna gruppe til eit prosjekt på skulen:

SMS 5.04 Hei, blir me [gutenamn] og dei i musikken, du stikke jo bare kvær dag...
(Bjørn 15 år, 25.01.06)

Når han så får spørsmål om kven ”dei” er, svarer han at

SMS 5.05 **DAI** e meg, [jentenamn], [jentenamn] å [jentenamn] ...
(Bjørn 15 år, 25.01.06)

Ei av jentene bruker særleg mykje store bokstavar for å utheva kjærleikserklæringane i tekstmeldingane til venner og kjærast.

SMS 5.06 Heia:):) **EG SAVNE DG!**
(Anne 15 år, 26.01.06)

SMS 5.07 Mhm: I **KGID**
(Anne 15 år, 26.01.06)

SMS 5.08 **ELSKE DEG:D**
(Anne 15 år, 25.01.06)

I intervjuet kommenterte eg at ho brukte ein del store bokstavar, og spurte henne kva ho la i denne bruken.

”Anne: Eh, d’æ bare for vis’at eg, liksom eg skriv ”elske deg” sånn, eg elske deg sjempemass’, som me store bokstava liksom, då
Int: Mmm. Ja, framheva’d litt
Anne: Ja”
(Anne 15 år, 31.01.06)

(Anne: Det er bare for å visa at eg, liksom eg skriv ELSKE DEG sånn, eg elske deg kjempemasse, som med store bokstavar liksom, då
Intervjuar: Ja, framheva det litt.
Anne: Ja.)

5.3.2 Ortografi

Ortografisk er tekstmeldingane frå dei jærské informantane kjenneteikna av lydlege og inkonsekvante stavingsstrategiar. Eg vil her først gjera greie for desse stavingsstrategiane, og så sjå på kva utfall dei gir i ordet *ikkje* og spørjeuttrykket *kor tid*.

5.3.2.1 Lydlege stavingsstrategiar

Språkbruken i tekstmeldingar er som tidlegare nemnt blitt kalla *written speech*. Dette gir seg blant anna utslag i at “dialectal pronunciation may be spelled out in SMS texts” (Hård af Segerstad 2002: 219) i tillegg til at ord og uttrykk som vanlegvis bare vert brukte munnleg, får innpass i tekstmeldingane. Hård af Segerstad viser til at forholdet mellom sendar og mottakar ser ut til å vera avgjerande for kva stavingsstrategi som vert valt i skrivinga av tekstmeldingar. Lydnær staving vert gjerne brukt for å markera at tekstmeldingssituasjonen er ein uformell kommunikasjonssituasjon. ”It possibly acts as in-group markers and connects with the interlocutor’s shared background knowledge” (Hård af Segerstad 2002: 219).

SMS 5.09 **Nei, e du?:-(< Drid!** Kvalmen å sånn ennå?
(Sara 15 år, 24.01.06)

Det negative kraftuttrykket *drid* (dritt), ville neppe blitt brukt skriftleg i meir formelle samanhengar. Det er det uformelle forholdet mellom sendar og mottakar som gjer det akseptabelt å bruka uttrykket i denne tekstmeldinga.

SMS 5.10 **Riiiiing!**
(Gry 25 år, 29.01.06)

Dette er eit anna eksempel på lydleg skrift. Sendaren har stava ut den insisterande, og kanskje litt masete, tonen i denne tekstmeldinga, der ho innstendig ber ein kamerat om å ringa henne

Ei anna form for uvanleg staving finn ein i bruken av såkalla *OCM* (Own Communication Management). OCM viser i denne samanhengen til “[s]poken-like, or unconventional spelling also refers to the inclusion of spelling features that are normally associated with spoken interaction. Examples were hesitation sounds and laughter” (Hård af Segerstad 2002: 229).

SMS 5.11 **Hm...** Korti du ska på teater-møte?
(Sara 15 år, 26.01.06)

SMS 5.12 **Åå. Emm,** kanskje kl 5, mn ska i selsgab kl 17:30. Så, me får se.:-) sjempe glæ i deg<3
(Kjetil 15 år, 24.01.06)

SMS 5.13 Hehe.. okei:p en ny teinefilm om en and ;P **hehe..** du ska idag da ?
(Gry 15 år, 29.01.06)

Men det er ikkje bare nøling og latter som vert skriftfesta, andre lydlege trekk frå talespråket vert òg innlemma i tekstmeldingane, som i eksempela under (SMS 5.14 og SMS 5.15):

SMS 5.14 **Ups** kjøpte et aent
(Hilde 15 år, 11.02.06)

Her har Hilde tydelegvis diskutert noko ho skal kjøpa med ei venninne, og så har ho kanskje misforstått nøyaktig kva venninna meinte at ho burde kjøpa.

SMS 5.15 Høh så får eg an nå. Jj keffor Sendte du dn?
(Per 15 år, 31.01.06)

Per kommenterer at han har fått ei tekstmelding som han ikkje forsto av ein kamerat, kameraten har svart at meldinga var sendt for fleire timar sidan, og Per uttrykker si misnøye med at tekstmeldinga ikkje har kome fram før.

SMS 5.16 Mhm!
(Sara 15 år, 25.01.06)

”Mhm” blir mykje brukt av dei fleste av informantane som ei skriftleggjering av den samtykkande lyden som er så vanleg i talemålet.

5.3.2.2 Ordet *ikkje*

Ordet *ikkje* fann eg ein heil del ulike variantar av, både ordet *ikkje* ståande aleine, og i kombinasjon og samantrekt med andre ord, så som *veit ikkje* og liknande. Der ordet sto aleine fann eg åtte ulike måtar å stava det på:

• ikkje	• ije
• ikke	• kje
• isje	• sje
• iche	• che

TABELL 5.4: ALTERNATIVE STAVINGAR AV ORDET *IKKJE*

Dei fleste informantane varierer mellom variantane *ikkje* og *kje*. Men det er likevel fleire av tenåringane som bruker meir enn desse to variantane, og ikkje alle ser ut til å ha noko konsekvent forhold til kva for ein variant dei bruker kor hen.

SMS 5.17 Hei [gutenamn]!:-) D e du som har me [arrangementnamn] å gjør, e d **sje**? Eg trur eg e påmeldte gjennom [klubbnamn], men eg kan **ikkje** ver md ligavel. Går d an å melda sei av nå? [Sara]
(Sara 15 år, 25.01.06)

Enkelte hevda i intervjuat at dei hadde eit litt meir gjennomtenkt forhold til koss dei bruker dei ulike formene.

”Gry: Ja, eg skriv ”ije” te venna, mens typen min skriv’eg me k-k å te foreldre skriv’eg me k-k. Eg ork’ikkje allti skriva heile i-k-k-j-e liksom, s’då blir de bar’ ”ije” ”
(Gry 15 år, 31.01.06).

(Gry: Ja, eg skriv *ije* til venner, mens (til) kjærasten mi skriv eg med *k-k*, og til foreldre skriv eg med *k-k*. Eg orker ikkje alltid skriva heile *i-k-k-j-e* liksom, så då blir det bare *ije*.)

Vidare fortel ho at ho ikkje er den einaste som bruker denne *ikkje*-varianten (*ije*), for ho har lært han av vennene sine. Ein annan *ikkje*-variant som eg syntest at er ganske interessant, er *iche* og *che*.

SMS 5.18 Heia vennen:) ok, mn fint av dg å gje beskje:);) eg rekke d **iche** så tiligt, pga sga t frisøren:p kosa dg på jobb og trening=] glæe i dg=]
(Anne 15 år, 25.01.06)

Anne bruker hovudsakleg variasjonar av denne forma. Utanom henne finn eg bare eitt tilfelle hos ein av dei andre informantane, så i mitt materiale er Anne omtrent aleine om å bruka denne forma. I intervjuet spurte eg henne om kor ho hadde forma frå:

”Anne: *Æg an’isje kor d’e komt i frå, m’e bare allti skreive dæ, d’æ sånn alle s’eg vett om skrive dæ, enten isje sånn, ellar k-j-e. Næ, men æ’ve’sje kor d’e komt ifrå, d’æ ba’sånn, skrive de bare sånn*”
(Anne 15 år, 31.01.06).

(Anne: Eg aner ikkje kor det er kome ifrå, me har bare alltid skrive det, det er sånn alle som eg veit om skriv det, enten ikkje sånn (dvs. *iche*), eller *k-j-e*. Nei, men eg veit ikkje kor det er kome ifrå, det er bare sånn, (eg) skriv det bare sånn.)

I tillegg til desse grunnformene, vert ordet *ikkje* ofte trekt saman med det ordet det står bak. Denne skrivepraksisen i tekstmeldingane er samanfallande med praksisen i jærsk talemål. I tekstmeldingsmaterialet mitt finn eg desse samantrekte formene med *ikkje*.

vettkje	= veit ikkje
vetsje	
vetche	
vettche	
esje	= er ikkje
harsje	= har ikkje
dsje	= det er ikkje
dåkkjesje	= dykk ikkje

TABELL 5.5: SAMANTREKTE FORMER MED ORDET *IKKJE*

SMS 5.19 Koffor så seint? Kan **dåkkjesje** komma tilggare? :-(<
(Kjetil 15 år, 26.01.06)

5.3.2.3 Spørjeuttrykket *kor tid*

Spørjeuttrykket *kor tid* finn eg òg fleire variantar av. Dei aller fleste av informantane trekker orda saman til forma *korti*. Dette kan vera fordi det er eit spørjeuttrykk som dei oppfattar som så tett samanknytt at det like gjerne kunne vore i eitt ord, som det tilsvarande spørjeordet *når* og motstykket i andre språk (for eksempel engelsk *when*).

SMS 5.20 **Korti** komme du?
(Bjarte 15 år, 23.01.06)

Eg spurte ein av informantane om kvifor ho trekker saman dei to orda:

”Sara: *”Korti”. Em, e’ve’sje, e’tru’eg allti he skreve de. Ve’sje koffor eg e*
Int: *Ja, de føles som ett or, elle?*
Sara: *Ja, eg tru, ja dæ’g allri tenkt øve, d’æ jo to or ja”*
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Sara: *Korti. Eg veit ikkje, eg trur eg alltid har skrive det. Veit ikkje kvifor eg er*
Intervjuar: *Ja, det følest som eitt ord, eller?*
Sara: *Ja, eg trur, ja, det har eg aldri tenkt over, det er jo to ord, ja.)*

Så langt eg kan sjå, er det bare ein av informantane som deler opp orda, og skriv dei korrekt:

SMS 5.21 Ja! **Kor tid** kan du
(Per 15 år, 02.02.06)

Ein av informantane bruker ei endå kortare form, *koti*. Denne forma er samanfallande med koss spørjeuttrykket ofte blir uttalt i dialekten:

SMS 5.22 Øk:p kgid! mld du bare når du vett sånn ca **koti** du komme:)?
(Anne 15 år, 28.01.06)

På spørsmål om kvifor ho skriv det sånn, svarte ho at:

”Anne: *Ja åss’æ de lettar’skriva de”*
(Anne 15 år, 31.01.06).

(Anne: *Ja, og så er det lettare (å) skriva det (dvs. koti.)*)

Ein siste variant som blir brukt er å stryke heile spørjeordet, slik at bare ordet *tid* blir ståande att, og igjen vert ordet skriva uttalenært utan stum *d*:

SMS 5.23 **Ti** komme du...?
(Sara 15 år, 28.01.06)

5.3.3 Leksikon

Det er rimeleg å tru at ordforrådet som vert brukt i tekstmeldingane, er representativt for det leksikon som informantane bruker i daglegtale. Skal ein tru enkelte høgrøysta synsarar i

media, er dette ordforrådet dominert av banning og engelske importord. Eg vil her sjå nærare på om det er tilfelle.

5.3.3.1 Engelske importord

Kasesniemi (2003: 207) kommenterer at

In their messages, teens commonly mix Finnish with foreign language words and expressions; the messages are often written in a medley of languages where a suitable expression is picked out from any language system mastered by the writer.

Dette stemmer òg når det gjeld dei jørske tenåringane. Enkelte av dei bruker svært mykje engelske og anglifiserte norske uttrykk, mens andre bruker omtrent ingen slike. Innslaga kan vera alt frå små enkeltord, til lengre uttrykk. Desse uttrykka kan vera både heile etablerte engelske uttrykk, som i tekstmeldinga under:

SMS 5.24 **No hard feelings**, [tettstad på jæren] e en liden plass =) menne, kan kje dokke komma bort her i mårå hvis det blir fest? (a)
(Tor 15 år, 04.02.06)

Uttrykka som blir brukte kan òg vera norske uttrykk som er direkte og ordrett oversette til engelsk.

SMS 5.25 Økidoki!;-) **Then we see!** Kgid
(Sara 15 år, 26.01.06)

Then we see er ei direkte, og bevisst dårleg, oversetjing av det vanlege jørske uttrykket *då ser me*, som betyr omtrent det same som *me snakkast*. Dermed gir uttrykket *then we see* bare meining for ein som har kjennskap til det jørske uttrykket, og som kjenner til den humoristiske praksisen med å oversetja uttrykk ordrett, for å få dårlege og unike engelske uttrykk. Dette er ein praksis som vert ein del brukt i talespråket, særleg blant ungdommar.

Det er ikkje bare uttrykk som blir brukte, men òg engelske enkeltord blir vevd inn i elles norske / jørske setningar, og brukte som krydder i språket.

SMS 5.26 Sje någe spess. Laga hjemmasiå **finish**, å bare **sjillan**;-) duda?
Elske dg<3
(Kjetil 15 år, 26.01.06)

Her er to ulike stavingsstrategiar brukte på dei to engelske orda. *Finish* vert stava på korrekt engelsk vis, mens *sjillan* er fornorska, både i staving og form. Det opprinnenlege engelske ordet er *chill* (å avkjøla) som i amerikansk slang har fått betydninga å *slappa av*. Kjetil har brukt den fornorska kombinasjonen å *chilla han*, som er ei vanleg norsk slangform for å

slappa av. Denne kombinasjonen har han trekt saman, og stava nokså lydrett for å få forma *sjillan*. Eg konfronterte Kjetil med denne litt spesielle måten å bruka opprinneleg engelske uttrykk på, og spurte han om det var vanlege uttrykk i SMS-språket, eller om det stort sett var hans eigne konstruksjonar:

”Int: Æ de sånn alle jær elle æ de dine variantanta?
Kjetil: D’æ mine variantanta”
(Kjetil 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Er det sånn som alle gjer, eller er det dine variantar?
Kjetil: Det er mine variantar.)

Mykje av Kjetil sin språkbruk i tekstmeldingsmaterialet ber preg av at han leiker seg med språket. Han er kanskje den av informantane som i størst grad har ein uttrykt eigen skrivestil, både i ordval, og ikkje minst i stavingsstrategiar.

SMS 5.27 **Gudd**:) lr kan eg koma t dg itte skuln=? så kan me ta fylle
t mg seinare:)? når eg passe [jentenamn] e eg **btw** alaina
heima,så viss du vil ble m kan me vr oppe sånn me va sist
gong:-)?
(Anne 15 år, 30.01.06)

Tekstmeldinga over er eit nokså typisk eksempel på ei lengre tekstmelding med engelske innslag. Det er altså ikkje nødvendigvis snakk om så mykje engelsk som blir brukt, det er snarare snakk om at dei engelske innslaga inngår som ein naturleg og umarkert del av teksten. Anne bruker ordet *gudd*, som er ei fornorska staving av det engelske ordet *good*. Dette ordet er mykje brukt av tenåringane som eit positivt uttrykk. Forkortinga *btw* er som tidlegare nemnt, ei konvensjonell engelsk forkorting som står for uttrykket *by the way* (forresten). Forkortinga blir brukt av fleire av informantane i undersøkinga, som ei erstatning for det lengre norske ordet *forresten*.

Engelske innslag vert i særleg stor grad brukte i avslutningsfraser. Kasesniemi fann at engelsk vart brukt for å “facilitate the expression of emotions. According to the informants, it is easier to profess one’s love in a foreign language” (Kasesniemi 2003: 207f).

SMS 5.28 Jada;) korti? ska du te [gutenamn] først? **love ya**<3
(Hilde 15 år, 11.02.06)

SMS 5.29 Nattah **sweete**<3 nuss <3
(Gry 15 år, 26.01.06)

Dei fleste av informantane var seg ikkje bevisste at dei fletta inn engelske ord og uttrykk, og kunne ikkje svara på kva motivasjonen bak denne språkbruken var. Då eg prøvde å spør Gry om dette, verka det nesten som om ho ikkje forsto kva eg spurte etter.

”Int: Eh, åsså he du, innimydla så he du litt sånn engelsk å sånt, elle sånn kombinasjons, eh, sbråg
 Gry: Åja, javel
 Int: Du he ”see yah” å ”love ju”, ”Nattah sweete” å
 Gry: Ja, dæ’ar eg ja. Mmm
 Int: Ehm, men d’æ sånn heilt vanligt, så’d...?
 Gry: Ja, di fleste skrive dæ liksom”
 (Gry 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Og så har du, innimellom så har du litt sånn engelsk og sånt, eller sånn kombinasjonsspråk.
 Gry: Åja, javel
 Intervjuar: Du har ”see yah” og ”love ju”, ”Nattah sweete” og
 Gry: Ja, det har eg, ja.
 Intervjuar: Men det er sånn heilt vanleg, så det...?
 Gry: Ja, dei fleste skriv det liksom.)

5.3.3.2 Banning

Då eg planla prosjektet mitt og utarbeidde arbeidshypotesane mine, trudde eg at eg kom til å finna ein del banning i tekstmeldingane. Dette viste seg å ikkje slå til. Det finst tilfelle av banning hos enkelte av informantane, men det er då bare snakk om nokre få av tenåringane, og banninga er ikkje frekvent. Fire av dei tolv informantane, altså ein tredjedel, bruker banneord i ei eller fleire av tekstmeldingane. Banninga er i nokre få tilfelle brukt som forsterking av negative utsegn og følelsar:

SMS 5.30 Ja. jg gidder ikkje å ha kontakt me han mer jaffal. han skjelte meg så **jævlig** ut, så tørr ikke snakke me han mer.
 (Gry 15 år, 29.01.06)

Men i dei fleste tilfella er banninga brukt meir som krydder og positiv forsterking.

SMS 5.31 Heia:) du e? elske dg **jævli** max møje forallti!
 (Anne 15 år, 28.01.06)

SMS 5.32 Heahea, **sattan**. Du e **faen** helt:-D heahea. Jaja. Kor mye kosta tåge 1 vej? Elske dg vettu<3
 (Kjetil 15 år, 25.01.06)

I intervjuet med Kjetil, nemnde eg det at han banna litt i tekstmeldingane sine, svaret eg fekk var ganske enkelt:

”Kjetil: Jaja. D’æ normalt”
 (Kjetil 15 år, 31.01.06).

(Kjetil: Jaja. Det er normalt.)

Eg vil sjå nærare på dette med banning i forhold til dei sosiale variablane i kapittel 6 (sjå for eksempel kapittel 6.1.1.1, s 69, kapittel 6.2.1, s 77, kapittel 6.2.2, s 80, og kapittel 6.2.3, s 80).

5.3.4 Innverknad på skriftspråkkompetansen

Men kva er verknaden av denne språkbruken? I fleire land har det vore eit heitt tema i media kva innverknad SMS-språket har på språkutviklinga og språkkompetansen til folk flest, og særleg når det gjeld tenåringar sitt språk. Bekymringa har vore stor blant enkelte, blant anna viser Kasesniemi(2003: 204) til at

Teachers of Finnish have been particularly worried about the negative effects that the free-form, often quickly written text messages may have on teenagers' capacity for the standard language expression so crucial for educational purposes.

Ein liknande situasjon har me hatt her i Noreg. Debatten kan samanliknast med debattane som har gått om teikneseriespråk og emailspråk, meiner Kasesniemi (ibid: 203). Om denne debatten er begrunna kan vel diskuteras, ei av jentene eg intervjuja hadde sterke meiningar om saka, og fortalte uopfordra:

”Anne: *Men de påvirk'ekle ikkje sbråge så møje sånn. Me hadde nettopp skrivedag der de va om SMS der de sto atte, di hadde liksom, æ ve'sj'om de va Netcom elle kor de va di hadde fått de fra, men der di skreiv liksom atte - mestedelen av ungdom brokt SMS-sbråge i teksta på skulen å de blei et problem å sånn, men d'æ værfall ingen s'æg vett om s'skrive SMS-sbråge i tekstane, for di broge d'ikkje, asså di forkorte or å sånn, men m'engong d'æ liksom skule, så skrive di fleste sånn - bogmål å nynorsk”*
(Anne 15 år, 30.01.06).

”Anne: Men det påverkar eigentleg ikkje språket så mykje sånn. Me hadde nettopp skrivedag der det var om SMS, der det sto at, dei hadde liksom, eg veit ikkje om det var Netcom eller kor det var dei hadde fått det frå, men der dei skreiv liksom at – mestedelen av ungdom brukte SMS-språk i tekstar på skulen og det blei eit problem og sånn, men det er i alle fall ingen som eg veit om som skriv SMS-språket i tekstane, for dei bruker det ikkje, altså dei forkortar ord og sånn, men med ein gong det er liksom skule, så skriv dei fleste sånn – bokmål og nynorsk.)

5.4 Økonomiseringsprinsippet

Utsegna over seier mykje, det er viktig for tenåringane at skrivinga av tekstmeldingane går fort. Her er det igjen økonomiseringsprinsippet som gjer seg gjeldande. Dette prinsippet ligg nok bak mange av dei lingvistiske trekka ein finn i tekstmeldingar. Men det er ikkje bare snakk om økonomisering med tida, men og med tastetrykk og plass. Poenget blir å få inn mest muleg meining raskast muleg og på minst muleg plass. “Syntactical and lexical reductions are characteristics of the language in SMS” (Hård af Segerstad 2002: 250). Med leksikalske reduksjonar meinest det ein vanlegvis kallar forkortingar. Bruken av forkortingar er svært utbreidd i tekstmeldingar. Tekstmeldingsmaterialet mitt inneheld 7312 ord, av desse er heile

1012 ord forkortingar, det vil seia 14 % av orda i materialet. Forkortingar kan derfor trygt seiast å vera eit salient trekk ved SMS-språket. Dette kan forklarast med at det er så i tråd med økonomiseringsprinsippet som rår. Dei leksikalske reduksjonane er kanskje dei som er mest påfallande, men ein finn òg andre typar reduksjonar i tekstmeldingar. Dei grammatiske reduksjonane gir ein taleliknande syntaks der ein gjerne stryk ord og setningsledd som ikkje er nødvendige for at mottakar skal kunna forstå meldinga. Andre reduksjonar som vert brukte, er utelating av teiknsetjing og at lange ord og uttrykk vert bytte ut med kortare alternativ, desse kortare alternativa blir gjerne lånte inn frå engelsk.

5.4.1 Leksikalske reduksjonar

"Gry: *Æg syns 'kje æg skrive så veldi sånn forkortinga, men d'æ av å te - for å få plass te merr"*
(Gry 15 år, 30.01.06).

(Gry: Eg synest ikkje eg skriv så veldig sånn forkortingar, men der er av og til – for å få plass til meir.)

Leksikalske reduksjonar er altså det me gjerne kallar forkortingar. "Several types of abbreviations exemplified lexical reductions. Traditional, established abbreviations were used, as well as new, innovative ones" (Hård af Segerstad 2002: 250f). Crystal definerer forkortingar som ein redusert versjon av eit ord, ei frase eller ei setning (Crystal 1999: 1). Han skil ut tre ulike typar forkortingar. "**Initialisms** or **alphabetisms** reflect the separate pronunciation of the initial letters of the constituent words" (Crystal 2003: 1). Eksempel på slike forkortingar der ein uttalar kvar enkelt initialbokstav for seg er *NRK* (Norsk rikskringkasting), *UiB* (Universitet i Bergen) og *AP* (Arbeidarpartiet). Akronym er tilsvarande forkortingar som blir uttalte som heile ord, og ikkje som separate bokstavar, for eksempel *NATO* (North Atlantic Treaty Organisation), *SAS* (Scandinavian Airlines System) og *radar* (radio detection and ranging). Den siste forkortingstypen Crystal nemner er "**clipped forms** or **clippings**" som er reduksjonar av lengre former, der ein har fjerna anten den siste delen av ordet, som i *info* (informasjon), eller den første delen av ordet, som i *bil* (automobil). I enkelte tilfelle blir både starten og slutten av ordet fjerna, slik at ein sit igjen med midtdelen, som i engelsk *flu* (influenza) (Crystal 2003: 1). Dette er altså lærebokdefinisjonen. Men i litteraturen om nettspråk er det ikkje mange som bruker denne definisjonen, det er langt vanlegare bare å skilja mellom to ulike forkortingsformer – akronym og forkortingar. "[A]cronym is the much more frequently used and known; many use it to describe any abbreviation formed from initial

letters” (Wikipedia). Akronym blir oftast brukt om alle typar forkortingar av fraser og namn der bare den første bokstaven i kvart ord blir brukt.

Hård af Segerstad fann fleire forkortingar i sitt tekstmeldingskorpus, og ho valde å dela dei inn i to hovudtypar, akronym (acronyms) og forkortingar (abbreviations). "Acronyms are word forms that are made up from the initial (in some cases the first two or even three) letters in a sequence of words. These will be pronounced letter wise or from the prosodic value". Her viser ho til ei inndeling i det ho kallar "letter acronyms", bokstavakronym, og "phonetic value acronyms", fonetisk verdiakronym (Hård af Segerstad 2002: 71). Denne inndelinga kan kanskje tilsvare Crystal sitt skilje mellom "initialisms" og "acronyms". Om forkortingar elles skriv ho at "[a]bbreviations are written short forms of words, typically formed using initial letters, words are pronounced in full form when read out". Desse forkortingane deler ho inn i konvensjonelle forkortingar og ukonvensjonelle, ad-hoc-forkortingar. Av desse fire ulike forkortingskategoriane er det bokstavakronyma og ad-hoc forkortingane som er dei mest brukte (ibid: 72).

5.4.1.1 Forkortingar i SMS

Ein finn altså fleire typar forkortingar i SMS-språket, og dei vert brukte av same grunn som i andre typar skriftleg kommunikasjon, for å spare tid og plass – økonomisering (Hård af Segerstad 2002: 221). Eg spurte informantane mine om koss dei sjølve oppfatta språket dei brukte i tekstmeldingane, koss dei meinte at dei skreiv. Ein av dei svarte:

*”Per: Møje forkortelsa for å jer de raskast muligt”
(Per 15 år, 10.02.06).*

(Per: Mykje forkortingar, for å gjera det raskast muleg.)

Men det var ikkje alle som meinte at dei brukte så mykje forkortingar:

*”Ingrid: Æ ve’sje, skrive – skriv’sje sånt ba’forkortninga å sånn. Skriv’isje heilt SMS-sbråg hellar”
(Ingrid 15 år, 10.02.06).*

(Ingrid: Eg veit ikkje, skriv – skriv ikkje sånn bare forkortingar og sånn. (Eg) skriv ikkje heilt SMS-språk.)

*”Marianne: Dei andre, dei broge merr forkortinga enn dæ æg jær”
(Marianne 15 år, 30.01.06).*

(Marianne: Dei andre, dei bruker meir forkortingar enn det eg gjer.)

Eg har sett nærare på dei forkortingane som førekjem i tekstmeldingsmaterialet mitt. Eg har i den samanheng valt å definera forkortingar som kortformer som ikkje kan forklarast av dialekt og lydleg staving. Etter denne definisjonen er 1012 av dei 7312 orda i tekstmeldingsmaterialet forkortingar, det vil seia at 14 % av orda er kortformer.

Etter å ha definert og talt opp kortformene i materialet, har eg vidare prøvd å kategorisera forkortingane eg fann. Eg har valt å bruka ei litt anna inndeling enn Crystal og Hård af Segerstad. I første omgang skil eg mellom konvensjonelle og ukonvensjonelle forkortingar – dei ukonvensjonelle forkortingane deler seg så inn i enkle og avanserte former. Som konvensjonelle forkortingar reknar eg kortformer som *tlf* for *telefon*, *ca* for *cirka*, *nr* for *nummer* og *pga* for *på grunn av*. Desse konvensjonelle kortformene utgjør bare 12 % av forkortingane i tekstmeldingsmaterialet. Dei resterande 88 % er altså ukonvensjonelle forkortingar. Som enkle ukonvensjonelle forkortingar, har eg rekna typiske SMS-forkortingar av småord, til dømes *dt* for *det*, *mg* for *meg*, *m* for *med* og *t* for *til*. Desse forkortingane er stort sett lette å forstå, sjølv for ein som ikkje er kjend med økonomiseringspraksisen i tekstmeldingar. Dei avanserte ukonvensjonelle forkortingane er derimot litt meir kodeprega, og verre å tolka for ein utanforståande, i denne kategorien har eg samla dei meir leikande og sjargongprega kortformene, som *snx* for *snakkes*, *elns* for *elle noge sånt*, engelske *btw* for *by the way / forresten* og *kgid* for *kjempeglad i deg*. Tabellen under viser koss forkortingane i tekstmeldingsmaterialet fordeler seg på dei tre kategoriane:

<i>Forkortingstype</i>	<i>Tal ord</i>	<i>Prosent</i>
<i>Konvensjonelle</i>	124	12 %
<i>Enkle</i>	709	70 %
<i>Avanserte</i>	179	18 %
<i>Totalt</i>	1012	100%

TABELL 5.6: FORKORTINGAR ETTER KATEGORI

Dei konvensjonelt etablerte forkortingane vert brukte omtrent som i annan tekst, men dei nye og meir ukonvensjonelle og ikkje-etablerte forkortingane er meir interessante som studieobjekt. Hård af Segerstad kommenterer at mange av dei ser ut til å vera henta frå andre typar *CMC*, nettspråk (Hård af Segerstad 2002: 230). “These new types of abbreviations show similar patterns to those used in chat rooms, and the use of these in SMS is probably a transfer from chat norms” (ibid: 250). Nye forkortingar blir laga etter konvensjonelle forkortingsmetodar, som å la den første bokstaven i eit ord stå for heile ordet (ibid: 222).

SMS 5.33 Sei **dt t** søsterå mi. Du eg kan jo bare printa **dt** ut,for
 [jentenamn] flytte **sg** jo aldri:@
 (Marianne 15 år, 25.01.06)

Denne tekstmeldinga inneheld tre eksempel på forkortingar av den ukonvensjonelle, men enkle typen. Det kan her vera snakk om to ulike forkortingsstrategiar, konsonantskriving og 'initialism', alt etter koss ein vel å tolka det. Bokstaven *t* står for ordet *til*, dette er sannsynlegvis ein 'initialism', der første bokstaven representerer heile ordet. Ein kan òg argumentera for at bokstaven *t*, som uttalest [te:] vert brukt sidan ordet *til* blir uttalt [te:] på jærsk. *Dt* er ei forkorting av ordet *det*, dette er ei vanleg og svært utbreidd forkorting i tekstmeldingar, og er eit enkelt eksempel på det ein har kalla *konsonantskriving*, det same gjeld *sg* for *seg* (sjå meir om konsonantskriving i kapittel 5.4.1.2, s 50). Ei av jentene forklarte det slik:

"Anne: *Dæ me forkorte mest æ når me skrive j-r, allså når du seie j, s'æ d'jo en j-e, åsså derfor kan, treng'me jo 'kje skriv'an, fr'an ligge jo inn i j-en liksom"*
 (Anne 15 år, 30.01.06).

(Anne: Det me forkortar mest er når me skriv *j-r*, altså når du seier *j* (bokstaven *j*), så er det jo ein *j-e* (-lyd), og så derfor kan- treng me jo ikkje skriva han (*e'en*), for han ligg jo inni *j'en* liksom.)

Desse enkle forkortingane er nok ukonvensjonelle, men kanskje ikkje så veldig overraskande. Det mest overraskande ved dei er vel det at det er forkortingar av allereie korte ord, alle tre tilfella er ord på bare tre bokstavar, og dei er blitt korta ned til ein og to bokstavar.

Slike korte og frekvente småord ser ut til å vera lette offer for forkorting i tekstmeldingane. Dei enkle forkortingane utgjør som tidlegare vist heile 70 % av forkortingane i materialet. Dei småorda som oftast vert korta ned er orda *det* og *deg*, dei vert i materialet mitt reduserte i 95 % av førekomstane. Eg reknar orda som forkortingar når dei er kortformer som ikkje kan forklarast av dialektuttale. Oftast har forkortingane minst ein stoken vokal. Former der stum endingskonsonant vert kutta reknar eg som lydleg dialektstaving og ikkje som forkorting (eksempelvis *det* – *de*).

<i>det / de / dæ</i>	→	<i>d / dt</i>	→	95 %
<i>deg / dæg</i>	→	<i>dg</i>	→	95 %
<i>med / me / mæ</i>	→	<i>m / md</i>	→	74 %
<i>til / te</i>	→	<i>t</i>	→	64 %
<i>meg / mæg</i>	→	<i>mg</i>	→	48 %
<i>men</i>	→	<i>mn</i>	→	47 %

TABELL 5.7: FORKORTING AV SMÅORD

Tabellen 5.7 syner dei seks småorda som oftast vert forkorta, og kva dei vert forkorta til. Prosenttala heilt til høgre viser kor mange av førekomstane av kvart ord som er korta ned. Det vil seia at ordet *det* er korta ned i heile 95 % av alle førekomstane.

Andre nye, ukonvensjonelle forkortingar er av lengre ord, det er desse eg har kategorisert som avanserte forkortingar. Dei er kanskje ikkje alltid like lette å forstå for ein utanforståande, her kjem kommentaren om at SMS-språk er som kodespråk til sin rett. Hård af Segerstad fann òg slike spesielle forkortingar i si undersøking: “Other messages show innovative new types of abbreviations based on Swedish words” (Hård af Segerstad 2002: 222). I tekstmeldingane til dei jærskje tenåringane er eit eksempel på ei slik innovativ forkortinga forma *lr* for *eller*. Her er forkortinga basert på uttalen av dei to bokstavane *l-r*, som sett saman slik høyrer ut som ordet *eller*.

SMS 5.34 E du hemma du **lr** ? nuss<3
(Gry 15 år, 29.01.06)

Dette ganske bevisste forholdet til kva lydverdi dei enkelte bokstavane har, vert ofte brukt som grunnlag for danninga av nye forkortingar. For ein som ikkje er kjent med språkbruken i tekstmeldingane, kan det kanskje hjelpe forståinga å bokstavera seg gjennom tekstane høgt for seg sjølv.

SMS 5.35 Halla.. e hemma. gjør **lexe**. dudå ? <333
(Gry 15 år, 25.01.06)

Men denne informanten bruker ikkje forma *lexe* konsekvent, ho skriv òg:

SMS 5.36 Heia. har altfor masse **lekse**, så jg kan kje gå på trening.
ringe dg når jg e ferdige m **leksene**.. kjempe gla i dg
vennen<3
(Gry 15 år, 26.01.06)

Då eg intervjuar henne seinare, konfronterte eg henne med denne inkonsekvente språkbruken, og ho forklarte det slik:

”Gry: *Spørs viss’g’æ i farten så skriv’eg kanskje x. Så viss’eg brug’merr ti, så skriv’eg k-s”*
(Gry 15 år, 30.01.06).

(Gry: (Det) spør, viss eg er i farten så skriv eg kanskje *x*. (Og) så viss eg bruker meir tid, så skriv eg *k-s*.)

Inkonsekvent språkbruk og varierende stavingsstrategiar er ein gjennomgåande tendens i tekstmeldingsmaterialet mitt. Det kan sjå ut til at informantane tidvis var seg bevisste at dei varierte, men at dei stort sett ikkje tenkte så mykje over koss dei skreiv.

5.4.1.2 Konsonantskriving

Ein økonomiseringsstrategi i SMS-språket, som er internasjonalt kjent og brukt, er det som har fått namnet *konsonantskriving*, “consonant writing” (Hård af Segerstad 2002: 221). Her utelet ein vokalane i eit ord, og skriv bare konsonantane, på denne måten sparer ein tastetrykk og plass. Denne typen økonomisering er nok mest brukt på småord, jamfør tabell 5.7 på side 48, men det hender òg at lengre ord vert reduserte på same måten. Hård af Segerstad kommenterer at “[t]his strategy seemed to be used more for the joy of language play than effective economy, even though it is economical too” (2002: 229). Denne forkortingsmåten blir ikkje alltid brukt heilt konsekvent, brukarane etterlet kanskje ein vokal dersom dei vurderer det som nødvendig for at mottakaren skal kunne forstå kva ord dei vil fram til.

SMS 5.37 **Tvile kje. Dt e jo min mob me snakke om. Hehe:-D snx kos**
(Marianne 15 år, 30.01.06)

I tekstmeldinga over kan ein sjå eksempel på fleire typar forkortingar. *Kje* er ei vanleg kortform av *ikkje*, *dt* er som tidlegare nemnt ei mykje brukt forkorting av *det*, og er ei enkel form for konsonantskriving, bare ein vokal er stroken. *Mob* er det Crystal refererer til som ei ‘clipped form’, der endinga, og dermed størsteparten av ordet er stroken (*mob* = mobiltelefon). Den siste forkortinga er kanskje den mest interessante. *Snx* er meint som ei forkorting av ordet *snakkast* (på jærsk uttalt *snakkes*), så her ser ein ein kombinasjon av konsonantskriving og *x* for *k-s*, dette er eit svært godt eksempel på den leikande tilnærminga til språket som gjer seg gjeldande i tenåringane si skriving av tekstmeldingar.

Det er ikkje bare forkortingar av norske ord som førekjem i materialet. Det er og ein heil del engelske forkortingar ute og går, og blant dei engelske forkortingane finn ein òg både konvensjonelle og ukonvensjonelle kortformer. Hård af Segerstad (2002: 223) kommenterer denne språkblandinga:

Abbreviations based on non-Swedish words were found in the SMS material. Words and whole phrases in English may appear in the midst of Swedish conversations. [...] It seems likely that this usage has been observed and picked up from chat rooms.

Eit døme på bruk av ei konvensjonell forkorting er *btw* (by the way = forresten), som visstnok er mykje brukt i *chat*.

SMS 5.38 **Hehe. Pysa;-) jaja. Gonatt btw =P**
(Kjetil 15 år, 24.01.06)

Andre, meir kreative, og sannsynlegvis fonetisk inspirerte forkortingar finn eg òg, slik som:

SMS 5.39 **Hehe.. tnx, nei har kje det..**
(Bjørn 15 år, 27.01.06)

Då eg spurte informanten om kva *tnx* betydde, fekk eg svaret:

”Bjørn: D’æ takk
Int: Å, thanks ja”
(Bjørn 15 år, 30.01.06).

(Bjørn: Det er takk.
Intervjuar: Å, thanks, ja.)

5.4.1.3 Akronym

Ei forkorting ser ut til å gå igjen i jentene sine tekstmeldingar – akronymet *gid*. *Gid* som står for ”*glad i deg*”. Det finst fleire versjonar av dette akronymet, *gid* er grunnforma. Dette er eit ekte akronym som altså blir uttalt som eitt ord [gi:d]. Men denne kjerna kan, og blir ofte, bygd ut med fleire bokstavar. Den aller vanlegaste forma i mitt tekstmeldingsmateriale er *kgid* som står for ”*kjempeglad i deg*” og blir uttalt anten [kå:gi:d] eller ”*kjempe-gid*”, slik som informanten forklarar intervjusitatet under:

”Anne: Å dei forkortelsane så broges mest å sånn, *sjempeGID* att’u bare skrive den fusste bokstaven. Men æ vett’sje kor d’e komt i frå, asså bare *sjempeGID* å sånn alle jære de, alle vett kæ de betyr, men ’ ve’sje kossen de bjunte”
(Anne 15 år, 30.01.06).

(Anne: Og dei forkortingane som brukest mest og sånn, *kjempe-gid*, at du bare skriv den første bokstaven. Men eg veit ikkje kor det er kome i frå, altså bare *kjempe-gid* å sånn, alle gjer det, alle veit kva det betyr, men eg veit ikkje koss det begynte.)

Dei ulike *gid*-variantane er utelukkande brukte av jentene i materialet mitt, og dei vert typisk brukte som avslutningar i meldingar til nære venninner, og av og til til kjærastar. Den lengste varianten eg finn er *kgidvm*, som skal stå for ”*kjempeglad i deg vennen min*”.

SMS 5.40 :) eg går heim l2 tiå... bare kom når du vil:)? **Kgidvm**
(Anne 15 år, 28.01.06)

Eg vil i kapittel 5.6 (s 61) gå litt nærare inn på dette med rituelle avslutningar på tekstmeldingane, kva avslutningar som vert brukte, og kven dei vert sendte til. Informantane hadde klare oppfatningar om kvifor slike avslutningar skulle brukast, og kva mottakarar som skulle ha kva avslutning.

Utanom *gid*-variantane finn eg ikkje mange nye forkortingar som kan gå under overskrifta akronym, men eg finn ei til som eg synest er verdt å merka seg. Ein av gutane skriv:

SMS 5.41 jo me stikke te [tettstad på jæren] **e1ns**. Korti kan du komma?
(Tor 15 år, 26.01.06)

Denne fekk eg forklart at står for "elle no^ege sånt" (eller noko sånt), og det er ei kreativ forkorting, som ein må vera innvidd i denne gruppa sin interne tekstmeldingssjargong for å ha forutsetningar for å forstå.

5.4.1.4 Forkortingar av dialektord /-uttrykk

Forkortingane som vert brukte er ikkje bare forkortingar av normert norsk, ein av gutane fortalte at:

"Bjørn: *D'æ jo forkortelsa på dialekt ao*"
(Bjørn 15 år, 30.01.06).

(Bjørn: Det er jo forkortingar på dialekt òg.)

Det er som tidlegare nemnt, mykje dialekt i tekstmeldingane, dette er nok eit resultat av at SMS-mediet kjennest så personleg og talenært. Desse dialektorda vert òg offer for økonomiseringsprinsippet. Det aller vanlegaste er å kutta schwa i endingsbøyingar. I enkelte tilfelle er det vanskeleg å seia om det faktisk dreier seg om kutting av schwa eller om det er snakk om lydleg staving av ord med stavingsberande konsonant. Tekstmeldinga under er eit godt eksempel på det.

SMS 5.42 Ja,dt kan me.Eg sga tidlig sidde på md far nd så me snx på
sguln.
(Gry 15 år, 27.01.06)

I denne tekstmeldinga ser ein tydeleg kor mykje forkortingar som faktisk blir brukte, og ein ser òg fleire dialekttrekk, og då spesielt dei mjuke konsonantane i *sga* (skal), *sidde* (sit / sitter) og *sguln* (skulen). Det er varierende i kva grad informantane vel å markera dei mjuke konsonantane sine, her finn ein både individuelle skilnader og mottakarrelaterte skilnader. Ei av jentene hadde skrive tekstmeldinga:

SMS 5.43 Økå:) nja,greit nok... me sga ha norsk t **madn** og så matte og
en time m lesing... elske dg!!!
(Anne 15 år, 24.01.06)

Eg spurte henne om kvifor ho hadde stava *madn* (maten) på nettopp den måten, og ho svarte:

"Anne: *Ja, dæ æ fordæ, mad – n – ja, liksom, n'en, viss du sei'an enn, så blir de jo en e å en n. D'æ enkeli mesteparten av forkortelsane går ud på dæ*"
(Anne 15 år, 30.01.06).

(Anne: Ja, det er fordi, mat – n – ja, liksom, n'en, viss du seier (uttalar) han [en], så blir det jo ein e og ein n. Det er egentlig mesteparten av forkortingane går ut på det.)

Informantane er altså uttaleorienterte, og ganske bevisste på koss dialekten deira høyrst ut. Dei har òg ein fridom i forhold til skriftspråket, dei kjenner seg ikkje bundne av normene for rettskriving og stavemåtar. Det er viktig for dei at det skriftlege uttrykket deira skal vera ekte og naturleg, og det vil seia mest muleg talenært, slik dei ville ha sagt det om dei snakka med kvarandre ansikt-til-ansikt. Hård af Segerstad merker seg dei same uttaleorienterte stavingsmåtane i dei svenske tekstmeldingane. “In many cases unconventional spelling, or spelling which imitates the phonetic value of speech, saves keystrokes and time and effort. One does not have to be as explicit and careful in spoken interaction as in writing” (Hård af Segerstad 2002: 218). Hård af Segerstad (2002: 218) fortset med på peika på at

Sometimes, though, unconventional spelling results in the same number of keystrokes as the normative spelling, sometimes in even more keystrokes or more effort spent. This proves that the economy principle is not absolute and that what is considered rational behaviour is instrumental; it is rational for the purpose it serves.

Dette stemmer nok, men i enkelte tilfelle vinn likevel økonomiseringsprinsippet, og enkelte dialekttrekk vert eliminerte i tekstmeldingane. Eit godt eksempel på dette er blant anna den markante *æ*-lyden i den jærskede dialekten, denne blir som oftast erstatta av ein *e* i tekstmeldingane. Mange av informantane kommenterte at dei vel å skriva *eg* i staden for *æg*:

”Marianne: For æg skrive liksom ikkje, når æg skrive æg, æg seie jo æg, men eg skrive eg”
(Marianne 15 år, 30.01.06).

(Marianne: For eg skriv liksom ikkje, når eg skriv eg, eg seier jo æg, men eg skriv eg.)

Dette gjer dei fordi at det å skriva ein *æ* krev ganske mange tastetrykk på dei fleste mobiltelefonar, gjerne rundt seks tastetrykk, mens ein *e* oftast bare krev to tastetrykk. Så her vinn økonomiseringsprinsippet over ønsket om å skriva mest muleg talenært.

”Hilde: Skrive sånn s’æ lettast, å kanskje sånn s’æg pleie sei ting. Men eg gidd’sje skriva æ i plassen for e å sånn, d’æ vanskelig å finna fram te bokstaven”
(Hilde 15 år, 10.02.06).

(Hilde: (Eg) Skriv sånn som det er lettast, og kanskje sånn som eg pleier seia ting. Men eg gidd ikkje skriva æ i plassen for e og sånn, det er vanskeleg å finna fram til bokstaven (æ).)

5.4.2 Grammatiske reduksjonar

Det er ikkje bare ord som vert utsette for reduksjonar i språkbruken i tekstmeldingar, ein finn òg mange eksempel på grammatiske eller syntaktiske reduksjonar. “Syntactical and lexical reductions are characteristics of the language in SMS” (Hård af Segerstad 2002: 250). Den

vanlegaste av dei syntaktiske reduksjonane er nok strykinga av subjektspronomen, som ofte er samanfallande med bruken i uformell tale. Dette er altså eit trekk ein vanlegvis ikkje finn i skriftleg språk, men språkbruken i tekstmeldingar er jo på mange vis nærare talespråket enn skriftspråket, ”written speech” (ibid: 224).

SMS 5.44 **Rekne me d, ja**
(Oddbjørn 15 år, 30.01.06)

SMS 5.45 **Såg ml nu... ti vil du låna cd en?**
(Ingrid 15 år, 04.02.06)

Begge desse to tekstmeldingane er gode eksempel på stryking av subjektspronomen. Sidan dei fleste mobiltelefonar i dag har ei integrert telefonliste, vil namnet på sendaren av tekstmeldinga dukka opp øverst i tekstmeldinga dersom mottakaren har lagra namn og nummer på sendar i telefonen (Hård af Segerstad 2002: 224). Dermed blir det ikkje nødvendig å presisera kven som sender tekstmeldinga, og meldinga blir av mottakaren oppfatta omtrent som eit munnleg utsagn frå sendaren. Som Hård af Segerstad (2002: 224) skriv:

As most messages are sent between people who know each other already, senders were able to rely on the receiver’s ability to pragmatic interference when decoding the message. This allowed senders to omit elements which the message could be interpreted without anyway. SMS texting does not have to be as explicit as traditional writing has to.

Subjektspronomenet er altså heilt overflødig i tekstmeldingane, å ta med subjektspronomenet kan til og med gi ei tekstmelding ein meir formell tone enn ønska. Dei fleste av tenåringane er ikkje ein gong bevisste på at dei stryk slike subjektspronomen, det går heilt automatisk for dei.

Men det er ikkje nødvendigvis bare subjektspronomen som vert strokne, sjølv om det er desse som er dei vanlegaste offera. Hjelpesverb vert òg gjerne strokne for å korta ned, saman med ulike mindre vitale setningsledd, slik som i eksempelet under.

SMS 5.46 **Ringa meg?**
(Gry 15 år, 28.01.06)

Her må ein gå ut i frå at ”*Ringa meg?*” står for ”*Kan du ringa meg?*” eller ei tilsvarande fullstendig spørjesetning. Hård af Segerstad fann i sitt materiale tekstmeldinga ”kafe japan 19?”, som ho gjekk ut i frå skulle bety ”(ska vi ses på) kafe japan (kl) 19?” (Hård af Segerstad 2002: 225). Dei jærské tenåringane stryk òg ofte spørjeorda i spørsmål, gjerne saman med subjektspronomenet.

SMS 5.47 **Halla.. ska ikveld ? ring meg..**
(Gry 15 år, 28.01.06)

Dette spørsmålet kan i si fulle form tenkast å vera “*Kva skal du i kveld?*”, men sendaren meinte at det ikkje var nødvendig å ha med alle setningsledda, og skriv bare det som er høgst nødvendig for å få meininga fram.

5.4.3 Andre reduksjonar

Ein annan vanleg økonomiseringsstrategi, er praksisen med å byta ut eit langt ord og erstatta det med eit kortare der det let seg gjera. Av og til tyr SMS-skrivarane til andre språk enn norsk for å finna kortare ord eller uttrykk for det dei vil ha sagt. “It then serves the double function of informality marker or perhaps just exhibits word play in general. It seems that English words are commonly used in this way in young people’s interaction” (Hård af Segerstad 2002: 220f). I mitt materiale er det mange innslag av engelsk språk, men få eksempel på at det er brukt for å økonomisera med tid, plass og tastetrykk. I dei fleste tilfella er nok engelsken mest brukt for å krydra teksten og for å markera den uformelle tonen. Likevel finn eg eit par tilfelle der engelske innslag er brukte fordi det gir ein kortare tekst.

SMS 5.48 Me2
(Hilde 15 år, 11.02.06)

Dette er jo heilt klart raskare enn å skriva “*meg òg*”. Her er det ikkje bare konvensjonell engelsk skrivemåte, men bruk av talteiknet 2 som når det blir uttalt på engelsk er homonymt med ordet *too* (òg / også). I eksempelet under blir det engelske ordet *care* brukt, i betydning “*gi blaffen i*”, og dette er jo òg kortare på engelsk enn på norsk. Men her må det påpeikast at måten informanten bruker det engelske ordet på ikkje er lik som i konvensjonell engelsk, men heller ein litt kreativ og forkorta måte.

SMS 5.49 Hmmm, ser mørkt ut, mn håbe alti på d besta;-) tror eg bare sjillan ut i mårå, lissm **care** i jobb å anmerkning;-) mn må gjør vilt mdlekse då=p hehe. Elske deg<3
(Kjetil 15 år, 24.01.06)

Eit siste verkemiddel som blir teke i bruk for å økonomisera med tid, plass og tastetrykk er det å sløyfa teiknsetjing, slik som punktum og komma. “Results show that the strategy of saving space and effort by omitting punctuation may also be used in short messages that do not threaten to exceed the restricted number of characters” (Hård af Segerstad 2002: 215). Teiknsetjinga i det tekstmeldingsmaterialet som eg har samla inn er mildt sagt varierende. Enkelte av informatane er svært nøye på å bruka korrekte teikn til rett tid, mens andre ikkje syntest at dette med teiknsetjing er spesielt viktig, så lenge mottakaren er i stand til å forstå meininga i tekstmeldinga.

SMS 5.50 Håndball trening eg e me deg når eg komme heim hall 7
(Bjarte 15 år, 13.02.06)

Han som har skrive tekstmeldinga over meiner nok at den første delen ”Håndball trening” skal forståast som svar på eit spørsmål frå den han skriv til, mens resten er ei ny setning ”eg e me deg når eg komme heim hall 7”. Hård af Segerstad kommenterer at den overdrivne bruken av teiknsetjing som ein finn i for eksempel internett-*chat*, ikkje er like påfallande i tekstmeldingane. “This was probably due to production conditions: it is comparably awkward to type on the tiny keypad of a mobile phone. [...] Never the less, messages displaying unconventional use of punctuation occur in the SMS data” (Hård af Segerstad 2002: 216). Slik over-driven teiknsetjing vert brukt for å gi ekstra tyngde til ei setning, slik som hos denne jenta som gjerne vil at kjærasten hennar skal vita kor glad ho er i han:

SMS 5.51 Økå:;) elske dg!!!!
(Anne 15 år, 24.01.06)

5.5 Emotikon

Bruken av smileys, som i tekstmeldinga over, er typisk for språkbruken i tekstmeldingar. Særleg er dette typisk for ung-dommar sitt SMS-språk. Omtrent alle informantane bruker såkalla smileys. Men dei bruker òg fleire teiknsamansetjingar enn bare dei tradisjonelle smileyane. Derfor meiner eg at termen emotikon er meir dekkande for dei ikkje-språklege teiknsamansetjingane som vert brukte. Eit eksempel på eit emotikon som ikkje kan kallast ein smiley, er hjarta: <3. Fleire av informantane bruker hjarta mykje, men bare til nære venner og kjærastar. Dei meir tradisjonelle smileyane, dei som skal tolkast som ansikt, finst i fleire versjonar, slik som :-). Informantane fortel at desse skal visa positiv og negativ intensjon bak orda i tekstmeldinga. Emotikon vert òg brukt mykje som avslutning i tekstmeldingane, slik som i denne Kjetil sendte til meg personleg.

SMS 5.52 Jaja. Sånn som nå;-) hehe. Koss klare du å forska på dette egentligt? Komme du t å bruga mange dage på de? Hehe. Har mange fleire spørsmål, så kom md svarå:-D
(Kjetil 15 år, 24.01.06)

I mitt tekstmeldingsmateriale fann eg heile 1084 emotikon fordelt på dei 757 tekstmeldingane. Det gir eit gjennomsnitt på 1,4 emotikon per tekstmelding. Smileys er det folkelege uttrykket for det som meir presist går under termen emotikon. Ordet emotikon er ein såkalla *blend*, ei blandingsform av orda *emotion* (kjensler) og *icon* (ikon). AskOxford, Oxford Dictionaries på nett, definerer emotikon som “a representation of a facial expression such as a smile, formed

with keyboard characters and used in electronic communications to convey the writer's feelings".

Som med mange andre språktrekk i tekstmeldingar, er bruken av emotikon sannsynlegvis henta frå såkalla *chat rooms* på internett. Emotikona er stort sett symbol som imiterer ansiktsuttrykk, og gir dermed ein ny dimensjon til den monomodale skriftbaserte tekstmeldinga. Dei fungerer som ei forsterking og forklaring av den alfabetiske skrifta, og tek over deler av den rolla som nonverbale teikn har i ansikt-til-ansikt-interaksjon, så som ansiktsuttrykk og tone. Slike symbol gjer den monomodale teksten lettare å tolka for mottakaren. "The experienced communicator seems to know that some messages might need additional information to disambiguate text-only communication" (Hård af Segerstad 2002: 230). Den viktigaste motivasjonen for å bruka emotikon er altså det å gjera seg forstått, og å forsikra seg om at mottakaren ikkje feiltolkar tekstmeldinga. "Anvendelsen af smileys sker altså ud fra en positiv intention, og et ønske om at blive rigtigt forstået" (Madsen 2005: 56). Informantane mine gav uttrykk for dei same tankane rundt kvifor dei brukte smileys:

"Hilde: *Bare så d'ikkje ska bli misforstått*"
(Hilde 15 år, 13.02.06).

(Hilde: Bare sånn at det ikkje skal bli misforstått.)

"Int: *Kæ betyr dæ liksom, elle k-ke legge du i de?*
Ingrid: *Eh, ba'fo'visa, p'måde, koss eg jedna reagere nå-nå'g seie nog'om eg meine'd positivt ellar negativt liksom*"
(Ingrid 15 år, 10.02.06).

(Intervjuar: Kva betyr det liksom. Eller kva legg du i det (bruk av smileys)?
Ingrid: Bare for å visa, på ein måte, koss eg kanskje reagerer når eg seier noko, om eg meiner det positivt eller negativt liksom.)

Emotikon er særleg nyttige å ha når det kjem til humor. Der kan ein smiley vera avgjerande for å uttrykka nettopp den leikande og spøkande undertonen i tekstmeldinga, og unngå at meldinga blir feiltolka, og oppfatta som uforskamma eller sårande (Madsen 2005: 56). "Smileys sikrer en forståelse af budskaber, muliggør ironi og humor og varmer sms beskeder op" (Madsen 2005: 9). Madsen fann gjennom den danske studien av ungdommar sitt forhold til mobiltelefon og tekstmeldingar at dei fleste informantane likte emotikon svært godt, og dei oppga fleire grunnar til kvifor dei likte å bruka smileys. I tillegg til dei grunnane som er nemnt over, peikte dei på at smileys gjorde det lettare å uttrykka følelsar og formidla humør. Dei brukte òg smileys til å varma opp tekstmeldingar, som motvekt til tilsynelatande harde og

kalde meldingar, og oppga at ein smiley kunne gi ein følelse av å koma litt nærare den ein kommuniserte med (Madsen 2005: 56).

Dei fleste emotikona er som nemnt symbol som imiterer ansiktsuttrykk. Den vanlegaste er nok det eg vil kalla ”standard-smileyen”, som består av kolon, bindestrek og parantes slutt, slik :-). Smileyen skal lesast ved å leggja hovudet på skakke, då kan ein sjå eit ansikt som smiler. Kolon representerer augene, bindestreken er nasen, og parantes slutt er den smilande munnen til ansiktet. Dette er basisen for dei fleste emotikona. Smilefjesa kan òg kortast ned, mange av mine informantar bruker helst kortversjonen, der dei kuttar ut nasen, bindestreken, slik at fjeset blir sjåande slik :) ut. Ei av jentene eg intervjuar, fortalte at ho bruker forskjellige smileyar avhengig av mottakar.

”Anne: *Te foreldren å sustar sånt, s’skriv’eg di mæ sånn, den der binnestregen i mellom. E’ve’sje koffor eg jær de, men eg trur di forstår di bedre n’eg jær dæ, for de sånn di æ vande mæ di. Åsså te venna, sjærasta sånn s’æ de litt av kvært, men d’æ bar’sånn, itte koss d’æ, d’æ kje sånn eg tenk’øve de”*
(Anne 15 år, 31.01.06).

(Anne: Til foreldre og søster og sånn, så skriv eg dei (smileyane) med sånn, den der bindestreken i mellom. Eg veit ikkje kvifor eg gjer det, men eg trur dei forstår dei betre når eg gjer det, for det er sånn dei er vande med dei. Og så til venner, kjærastar og sånt så er det litt av kvart, men det er bare sånn, etter koss det er, det er ikkje sånn (at) eg tenker over det (koss eg skriv).)

Ut frå det grunnleggande smilande fjeset vert fleire ansiktsuttrykk laga. Med bruk av semi-kolon kan smileyen blunka med det eine auget, og smilemunnen kan byttast ut med ein sur munn ved å setja inn parantes start, slik :-(. Blid og sur munn er dei to aller vanlegaste og mest utbreidde typene smileyar.

”Ingrid: *Ja’g broge mest’ bar’ smil ellar surt”*
(Ingrid 15 år, 10.02.06).

(Ingrid: Ja, eg bruker mest bare smil eller surt (ansikt).)

5.5.1 Dei ulike emotikona

:-) :) =) =	Standard smil med variasjonar ”Vanlige smiley æ bar’smilefjæs, vis’at du e bli liksom” (Gry 15 år, 31.01.06). (Vanleg smiley er bare smilefjes, (han) viser at du er blid liksom.)
:(:-(Surt eller trist ansikt med variasjonar
:0	Overraska eller måpande ansikt

:D :-D =D	Stort smil med variasjonar "D'æ stort smil, smile masse" (Anne 15 år, 31.01.06). (Det er eit stort smil, smiler masse.) "Der va en sånn kjempeglæ. Dei æ visst du æ, suparglæ" (Gry 15 år, 31.01.06). (Der var ein sånn kjempeglad. Dei er viss du er superglad.)
;-) ;)	Blunkesmil med variasjonar "Blinkesmiley æ liksom, viss du tulle m'et ellar aent, ell'nog'sånn, så skriv'du blinkesmiley" (Gry 15 år, 31.01.06). (Blinkesmiley er liksom, viss du tuller med eit eller anna, eller noko sånt, så skriv du blinkesmiley.) "Ja, eh, blonkesmiley, d'æ enkli de sama så vanlige smiley" (Anne 15 år, 31.01.06). (Ja, blunkesmiley, det er egentleg det same som vanleg smiley.)
:p :-p :P =p =P	Geip med variasjonar "Ja, d'æ liksom tongå [...]D'æ bare liksom i plassen for skriva hehe, ellar liksom, litt mindr'enn hehe" (Anne 15 år, 31.01.06). (Ja, det er liksom tunga. Det er bare liksom i plassen for å skriva "hehe", eller liksom, litt mindre enn "hehe".)
:-*	Kysseansikt "D'æ vel sånn sjussemonn" (Sara 15 år, 31.01.06). (Det er vel sånn kyssemunn.)
: =/ :/ :-s	Variasjonar av misfornøgd ansikt "Viss d'æ et el'ant teit elle surt ell'nog'sånt, så skriv eg - Sjeive streg, ellar, beine" (Gry 15 år, 31.01.06). (Viss det er eit eller anna teit eller surt eller noko sån, så skriv eg skeiv strek, eller bein (strek).)
:@	"D'æ liksom sånn surt ansikt" (Kjetil 15 år, 31.01.06). (Det er liksom sånn surt ansikt.)
^^	Latterauge "D'æ ao'øve sånn smil, når du smile så - lokk'aoene sånn" (Hilde 15 år, 10.02.06) (Det er auger over sånn smil, når du smiler så lukker (du) augene sånn.) "Viss du ba sedd sånn smil onna, så ser d'ud så'an lokk'aoene å smile" (Kjetil 15 år, 31.01.06). (Viss du bare set eit sånn smil under, så ser det ut som han lukker augene og smiler.)
<3 <333	Hjarta

TABELL 5.8: DEI ULIKE EMOTIKONA

I skjemaet over gir eg ein oversikt over alle dei emotikona eg fann i tekstmeldingsmaterialet, med informantane sine forklaringar til. Heile 27 ulike variantar vart brukte.

Alle desse emotikona skal lesast ved å leggja hovudet på skakke, enten den eine eller den andre vegen. Det einaste unntaket er latterauga ^^ som skal lesast rett veg. Det einaste emot-ikonet som ikkje representerer noko ansiktsuttrykk er hjarta <3 Ingen av informantane mine kunne forklara kva hjarta eigentleg betyr, det har tydelegvis eit følelsesmessig innhald som er vanskeleg å verbalisera. Eg går ut ifrå at hjarta symboliserer ei slags kjærleiks-erklæring, kanskje tilsvarende "kgid" og liknande. Hjarta blir som andre typar kjærleiks-erklæringar oftast brukt i slutten av tekstmeldinga, som ei meir eller mindre rituell avslutning, og det er særleg jentene som bruker dette emotikonet.

Dei aller vanlegaste emotikona, er nok dei grunnleggande, enkle variantane. Eg har prøvd å kategorisera emotikona i tekstmeldingsmaterialet mitt, og har då valt å dela smileyane inn i to grupper: Dei enkle og dei meir avanserte. Dei enkle variantane er dei grunnleggande:

Glad	:-) :)
Trist	:-(:(

TABELL 5.9: GRUNNLEGGANDE, ENKLE EMOTIKON

Ut ifrå denne fordelinga, der dei fire variantane i tabell 5.9 utgjer kategorien 'enkle emotikon', og dei resterande går under overskrifta 'avanserte emotikon', fordeler funna frå tekstmeldingsmaterialet seg sånn:

	Enkle	Avanserte	Sum
Tal	592	492	1084
Prosent	55 %	45 %	100 %

TABELL 5.10: FORDELING AV EMOTIKON ETTER KATEGORI

Det er interessant å sjå at desse fire enkle emotikona utgjer heile 55 % av førekomstane, mens dei gjenståande 23 variantane deler på dei siste 45 % av funna.

Bruken av emotikon kan nok seiast å stri imot økonomiseringsprinsippet. Det å tasta inn ein smiley krev fleire tastetrykk, sidan ein på svært mange mobiltelefonar må inn i eigne under-menyar for å finna spesialteikn som kolon og parantes. Likevel vert emotikon mykje brukt, og særleg ungdommar ser ut til å vera villige til å bruka tid og plass på å tasta dei inn. Hård af Segerstad viser til at situasjonelle variablar spelar inn her, vennskap mellom dei kommuniserande kan vera ein sterkare påverknad enn økonomiseringa med tid og plass (Hård af Segerstad 2002: 226).

Ein del mobiltelefonprodusentar har tydelegvis registrert at ungdommar er ivrige brukarar av emotikon, og har utvikla eigne telefonmodellar spesielt mynta på denne brukargruppa, der dei vanlegaste emotikona er preformatterte. Desse mobiltelefonane krev ikkje at ein tastar inn kvart enkelt teikn for seg, men gjer det muleg å velja komplette emotikon og setja inn (Hård af Segerstad 2002: 226).

Dei fleste av informantane i mi undersøking bruker ein heil del emotikon, men nokre få av tenåringane bruker ikkje smileys.

*”Int: Du brog’ikkje smileys å sånt?
Oddbjørn: Nei. D’e veldi sjelden. Nei e’ tro ’sj’eg jø”
(Oddbjørn 15 år, 30.01.06).*

(Intervjuar: Du bruker ikkje smileys og sånt?
Oddbjørn: Nei. Det er veldig sjeldan. Nei, eg trur ikkje eg gjer (det).)

Ein av gutane forklarte at han ikkje bruker emotikon fordi

*”Per: D’e så stress å skriva”
(Per 15 år, 10.02.06).*

(Per: Det er så stress å skriva.)

5.6 Rituelle helsingar

Emotikona vert òg brukte som rituelle helsingar. Tekstmeldingane eg har samla inn, inneheld påfallande mykje innleiande og avsluttande helsingar, sett i forhold til kor korte desse meldingane faktisk er. I materialet vert ofte vennskapsklæringar, kjærleikserklæringar og emotikon brukte for å avslutta tekstmeldingar. Her er det mange ulike variantar.

SMS 5.53 Hej, savna dg i spansken i dag. Du blei av? Hehe:-D klem
(Marianne 15 år, 01.02.06)

SMS 5.54 Hei darling. koss jkk dt på sykehuset ? du ringte kje... love
ju<3
(Gry 15 år, 24.01.06)

Det er særleg dei jentene som skriv mykje meldingar, som bruker slike avslutningar. Fleire av dei fortalte at dei bruker ulik avslutning etter kva forhold dei har til mottakaren.

Akronymet ”kgid” (KjempeGlad I Deg) er for to av informantane bare brukt til nære venner og kjærastar.

”Gry: E’skrive jo sjempegla i deg te typen min å te venninne å te kompisen min. Men foreldrene skriv’eg jo’sje noige sånn te uansitt [...] Klem går jo bare te di, vanlige folk på’n måde. S’eg isje he nog’stort forhold te

Int: *Mmm. Æ de folk du ville klemt i virkeliheden?*
Gry: *Nnjaei, kanskj'isje*
(Gry 15 år, 31.01.06).

(Gry: Eg skriv jo kjempeglad i deg (kgid) til kjærasten min og til venninner og til kompisen min. Men foreldrene skriv eg jo ikkje noko sånn til uansett. [...]
Klem går jo bare til dei, vanlege folk på ein måte. (Dei) Som eg ikkje har noko stort forhold til.

Intervjuar: Er det folk du ville ha klemt i verkelegheita?
Gry: Nja, nei, kanskje ikkje.)

Andre igjen gjer ikkje forskjell, men bruker slike kjærlege avslutningar til omtrent alle.

"Int: *Kem æ du skrive dæ te, æ'd litt forskjelligt, elle?*
Sara: *D'æ, ja, dæ kan vær te alle, el. Ja, isje sånn t'mor*
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Kven er (det) du skriv det til, er det litt forskjellig, eller?
Sara: Det er, ja, det kan vera til alle, eller. Ja, ikkje sånn til mor.)

Andre eksempel på slike avsluttande vennskapserklæringar er "*elske dg*", "*kiss. gla i deg*", "*love ju*" / "*ilu*" (*I love you*) "*koozi*" / "*kos*", "*klem*" / "*knib*"³.

5.7 Oppsummering av lingvistiske trekk

Eg finn ein del individuelle forskjellar mellom informantane. Enkelte har ein markert eigen skrivestil, mens andre skriv meir likt andre igjen. Desse ulike skrivestilane, er kanskje særleg tydelege i vala av stavingsstrategiar. Enkelte av informantane er opptekne av å skriva korrekt, slik at skulespråket ikkje vert korrupert, mens andre er opptekne av å gi SMS-språket eit personleg og individuelt uttrykk. Ein av gutane i undersøkinga hadde ei ganske særmerkt tilnærming til språk, både til ordval og staving.

SMS 5.55 Heya sweetyy:-D e du inne på msn ennå? Eg hadde faen meg øve 50 viruspå pcen. Slide viiilt:s elske dg pewsen miin<3
(Kjetil 15 år, 24.01.06)

Tekstmeldinga over, er ei han har skriva til kjærasten sin. Her bruker han gjentekne vokalar i enkelte ord, for å gi vekt til desse orda, og for å signalisera at han lydleg trekker ut orda. Han har òg eit par interessante stavingsmåtar, i "Heya" og "pewsén" (pusen). I tillegg bruker han fleire ulike smileys for å gi uttrykk for humør og stemningar.

Alle informantane snakkar jærsk dialekt, så dialekten er nok i liten grad ansvarleg for skilnadene. Ein kan likevel sjå teikn på at enkelte av informantane er meir urbant orienterte, mot Stavanger og Stavangerdialekten. Det er ganske varierende kor reflektert forhold dei har

³ *Knib* er eit jærsk ord for *klem*.

til språk, både sitt eige språk og andre sitt.

”Int: Føle du du skrive bogmål, nynorsk, dialekt, elle – k’æ de for noge?
 Tor: Vett’kj’eg. Dialekt tipp’eg. Vanlivis
 Int: Keffor velle du å skriva sånn?
 Tor: Vett’kj’ d’æ ba’ sånn”
 (Tor 15 år, 10.02.06)

(Intervjuar: Føler du at du skriv bokmål, nynorsk, dialekt, eller – kva er det for noko (det du skriv)?
 Tor: (Eg) Veit ikkje, eg. Dialekt tippar eg. Vanlegvis.
 Intervjuar: Kvifor vel du å skriva sånn?
 Tor: (Eg) vet ikkje, det er bare sånn.)

Sitatet over, frå intervjuet med Tor, er eit godt eksempel på koss mange av informantane ikkje tenkte så mykje over koss dei brukte språket i tekstmeldingane. Marianne var litt meir bevisst på eigen språkbruk, og ho ser ut til å relatere denne språkbruken til skriftspråksnormene:

”Int: Føle du du skrive dialekt, elle, æ’vettkj’æg, syns du sjøl du skrive dialekt, elle koss vil du sei du skrive?
 Marianne: Eg trur eg skriv’ en blanning [...] eg føle eg broge litt rett åsså litt gale liksom (Marianne 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Føler du (at) du skriv dialekt, eller, eg veit ikkje eg, synest du sjølv (at) du skriv dialekt, eller koss vil du seia at du skriv?
 Marianne: Eg trur eg skriv ei blanding [...]jeg føler (at) eg bruker litt rett og så litt gale liksom.)

I tabell 5.11 har eg samanfatta og systematisert dei lingvistiske trekka eg fann i tekstmeldingsmaterialet eg samla inn.

<i>Kategori</i>	<i>Trekk</i>
<i>Typografi</i>	Emotikon Manglande bruk av stor bokstav Manglande punktsetjing Gjentatt bruk av punktsetjing Store bokstavar signaliserer roping / vektlegging
<i>Ortografi</i>	Talenær, lydleg staving (dialekt) Konsonantskriving Konvensjonelle forkortingar Ukonvensjonelle forkortingar Akronym OCM (Own Communication Management)
<i>Leksikon</i>	Byta lange ord med kortare engelske ord Dialektord og -uttrykk Slangord og -uttrykk

TABELL 5.11: LINGVISTISKE TREKK VED SMS

Felles for størsteparten av tekstmeldingsmaterialet er at ungdommane skriv ei blanding av normert skriftspråk og skriftleggjort tale – altså dialekt. Dette gir seg utslag både i lydneare stavingsstrategiar, ordval og munnleg setningsbygnad.

SMS 5.56 Hei. Kor du e? Ska me ut itte skulen?
(Tor 15 år, 26.01.06)

Tor bruker her både typiske dialekttrekk, som setningsstrukturen i spørresetninga ”Kor du e?”, som bryt med normert skriftleg syntaks. Denne måten å laga spørresetningar på, med subjektet før verbalet, er svært vanleg på Jæren. Stavinga ”itte” for ordet *etter*, er ei skriftlegging av dialektuttalen. Men om han skulle vore heilt talerett, så måtte han nok ha skrive: ”Hei. Kor du æ? Ska me **ud** itte skulen?”, og det har han ikkje gjort. Dette er eit godt eksempel på koss ungdommane blandar normert skriftspråk og skriftleggjort tale. Det ser ut til å vera litt tilfeldig kva for ord som vert skrivne normerte, og kva for ord som får lydleg staving, men syntaktisk ligg nok tekstmeldingane svært tett opp til talespråket.

Økonomiseringa med tid, plass og tastetrykk, det som gjerne går under termen økonomiseringsprinsippet, er eit anna viktig moment. Under denne overskrifta fell ulike typar språklege reduksjonar. Den mest påfallande forma for reduksjon er ulike former for forkortingar. Dei fleste av informantane bruker ein del forkortingar.

SMS 5.57 D passe korti som helst, egentlig... Har lide planer for dagen!:-) Så bare send mld når d passe for deg! ;-) Kos
(Sara 15 år, 27.01.06)

Det sosiale og personlege aspektet ved tekstmeldingane vert fremja gjennom bruken av emotikon og rituelle helsingar. Desse vert brukte for å visa velvilje og som erstatning for nonverbale uttrykk, som kroppsspråk og tonelag.

Det mest påfallande ved språkuttrykket i tekstmeldingane, er den leikande og kreative tilnærminga til språket. Informantane ser ikkje ut til å føla seg bundne av dei tradisjonelle normene for skriftspråket. Det er kanskje derfor såpass få av informantane bruker ordbokfunksjonen på mobiltelefonen. Bare fire av dei tolv informantane oppgir at dei bruker denne, og dei fire som bruker funksjonen, bruker han bare av og til.

Tekstmeldingsmediet er framfor alt eit visuelt medium, språket vert her først og fremst presentert visuelt. Likevel er språkbruket i mediet svært talenær på mange felt. Strukturelt ligg nok SMS-språket nærare tale enn skrift, med korte setningar, strokne setningsledd og omfattande bruk av setningsfragment.

Dette er grunnen til at enkelte har hevda at nettspråk utgjer eit tredje medium. Tale og skrift er tradisjonelt gjerne sett som to ulike medium for språk. Men sidan nettspråket inneheld element frå begge desse media, kan det vera vanskeleg å klassifisera.

Hovudskilnadane mellom skrift og tale systematiserer Hård af Segerstad under variablane synkronitet (*synchronicity*), uttrykksmiddel (*means of expression*) og situasjon (*situation*) (sjå tabell 2.1, side 8). SMS-mediet er ikkje lett å klassifisera etter den tradisjonelle forståinga av kva som er skrift og kva som er tale. I forhold til synkronitet, er tekstmeldingar gjerne underlagt eit visst tidspress, dei fleste tekstmeldingane inngår i ei eller anna form for dialog mellom sendar og mottakar, og bør svarast på innan rimeleg tid. Her fell mediet ein stad mellom skrift og tale. Som uttrykksmiddel er SMS-mediet lettare å klassifisera, det er heilt klart monomodalt, som skrift, for det baserer seg bare på det visuelle. Situasjonen for SMS-kommunikasjon ligg nok nærare tale enn skrift, sidan tekstmeldingar stort sett vert brukt til å kommunisera med folk ein kjenner godt. Det fører til at ein i stor grad kan stola på underforstått felles kunnskap.

Men er SMS-språket skrift eller tale, eller er det eit tredje medium? Er det ein kombinasjon av dei to media, eller er det ein hybrid? Eg viser til Kasesniemi som kaller det ”written speech”, og vel å sjå på det som ein kombinasjon av skrift og tale.

I neste kapittel vil eg sjå nærare på det som kan knytast til det sosiale rundt det å skriva tekstmeldingar. Eg vil sjå på variablane kjønn, gruppetilhøyrse og relasjon til mottakar, for å undersøka kva innverknad desse har på det språklege uttrykket i tekstmeldingane.

6 SOSIALE VARIABLAR

I kapittel 5 gjorde eg greie for dei lingvistiske trekka som kjenneteiknar SMS-språket, i dette kapittelet vil eg prøva å deduktivt sjå på om sosiale variablar påverker dei lingvistiske trekka. Eg vil først sjå på kva variasjon materialet utviser i forhold til kjønn. Kjønnsskilnadene viste seg å vera ganske tydelege. Etterpå vil eg ta for meg gruppetilhøyrse, og samanlikna tekst-meldingane til dei tre grupperingane. Til slutt vil eg prøva å seia noko om relasjon til mottakar, og om symmetrien i desse relasjonane kan styra språkbruken.

Eg har prøvd å vurderer om dei lingvistiske trekka frå kapittel 5 ser ut til å verta påverka av dei tre sosiale variablane. Fleire av desse språktrekka har eg kunna samanlikna kvantitativt, mens eg når det gjeld *written speech*, skriftleg tale, har gjort ei meir kvalitativ vurdering (sjå tabell 5.1 side 29). I tabellen under har eg prøvd å gi ei forenkla framstilling av dei lingvistiske trekka, og om dei ser ut til å bli påverka av dei ulike sosiale variablane. Eg går nærare inn på kva desse påverknadene inneber, i dei enkelte underkapitla som følgjer.

		SOSIALE VARIABLAR		
		Kjønn	Gruppe	Mottakar
LING-	<i>Tekstmeldingslengd</i>	JA	JA	JA
VISTI-	<i>Written speech</i>	NEI	JA	JA
SKE	<i>Økonomisering / forkorting</i>	JA	JA	JA
FENO-	<i>Emotikon</i>	JA	JA	JA
MEN	<i>Banning</i>	NEI	JA	JA
	<i>Rituelle helsingar</i>	JA	JA	JA

TABELL 6.1: SAMANHENG MELLOM LINGVISTISKE TREKK OG SOSIALE VARIABLAR

6.1 Kjønn

Det er eit nokså vel etablert faktum at språkbruken til menn og kvinner er forskjellig. Kjønnsperspektivet kom på dagsordenen i sosiolingvistikken med feminismen, og baserer seg på at kjønn, i tydinga sosialt kjønn (gender), er lært åtferd. Likevel vart skilnadene i menn og kvinner sitt språk påpeika så tidleg som i år 55 f.Kr.: “The observation that women master standard speech better than men is by no means new. It was made as early as 55 bc by Cicero” (Chambers 2003: 139). Cameron og Coates viser til at “women on average deviate less from the prestige standard than men” (1988: 13). Kramarae gjer seg nokre tankar om kva som er

grunnen til skilnadene i menn og kvinners språk: ”’Gender differences’ have come to mean distinctions resulting from the differing socialization of boys and girls” (1990: 346).

Ut i frå desse premissane er det ganske rimeleg å tenka seg at jenter og gutar bruker språket ulikt i tekstmeldingar, det interessante spørsmålet er vel kor store skilnader det er snakk om.

Den overordna arbeidshypotesen eg har valt å arbeida ut ifrå når det gjeld kjønn, er at:

H1: Språkbruken i tekstmeldingane varierer i forhold til kjønn.

Gutar og jenter har ulik språkbruk. Dette vil verta synleggjort i tekstmeldingane dei skriv.

Kjønn ser som tidlegare nemnt, ut til å vera ein svært viktig faktor. Tabell 6.1 over viser at kjønn er den einaste faktoren som ikkje verker inn på alle dei lingvistiske trekka i undersøkinga, likevel viser det seg at på dei punkta der gutar og jenter sine tekstmeldingar er ulike, så er skilnadene store. Tabell 6.2 viser ein oversikt over dei lingvistiske trekka, og funna av desse trekka hos gutane og jentene.

Lingvistiske trekk	Gutar	Jenter
<i>Tekstmeldingslengd</i>	10,12 ord / t.mld	9,57 ord / t.mld
<i>Written speech</i>	Nokså likt	Nokså likt
<i>Økonomisering / forkorting</i>	0,6	1,5
<i>Emotikon</i>	0,8	1,6
<i>Banning</i>	2 informantar	2 informantar
<i>Rituelle helsingar</i>	21 % av t.mld	82 % av t.mld

TABELL 6.2: LINGVISTISKE TREKK ETTER KJØNN

Skilnadene mellom gutar og jenter sine tekstmeldingar ligg ikkje bare i det språklege, dei bruker òg sjølve SMS-mediet ulikt. Gutane bruker tekstmeldingane hovudsakleg instrumentelt, mens jenter sine tekstmeldingar har ein meir ekspressiv og sosial funksjon.

6.1.1 Lingvistiske trekk

Den første kjønnsskilnaden som slo meg i innsamlingsprosessen, var at jentene skreiv og sendte langt fleire tekstmeldingar enn gutane. Mens gutane gjennomsnittleg sendte 2,4 tekstmeldingar til dagen, sendte jentene i snitt 13,6 tekstmeldingar dagleg. Dei jærseke jentene i

undersøkinga sendte altså meir enn fem gonger så mange tekstmeldingar til dagen som gutane. Det stemmer godt med det første underpunktet av kjønnsypotesen min:

H11: Jenter skriv generelt fleire og lengre tekstmeldingar enn gutar.

I den danske undersøkinga, sendte jentene i aldersgruppa 15 – 17 år omtrent 50 % fleire tekstmeldingar til dagen enn gutane⁴ (Madsen 2005: 12). Sidan verken Kasesniemi eller Hård af Segerstad har gjort tilsvarande målingar, har eg bare Madsen å samanlikna med. Men på bakgrunn av dei danske tala, og mine eigne, kan det vera rimeleg å tru at det er ein generell tendens i den mobile tenåringskulturen, til at jenter skriv og sender meir tekstmeldingar enn gutar.

Jentene sender altså mange fleire tekstmeldingar enn gutane. Når det gjeld lengda på tekst-meldingane, viser det seg derimot at tekstmeldingsmaterialet ikkje stemmer like godt overeins med hypotesen min (H11), ei kvantifisering av gjennomsnittleg lengd på tekstmeldingane viser at gutane sine tekstmeldingar er noko lengre enn jentene sine.

	Gutar	Jenter	Sum
<i>Tal ord</i>	1305	6007	7312
<i>Tal tekstmeldingar</i>	129	628	757
<i>Gjennomsnittslengd</i>	10,12 ord / t.mld	9,57 ord / t.mld	9,66 ord / t.mld

TABELL 6.3: TEKSTMELDINGSLENGD ETTER KJØNN

Trass i at jentene sine tekstmeldingar gjennomsnittleg er kortare enn gutane sine, sender jentene likevel fleire lange tekstmeldingar enn gutane. Jentene sender som tidlegare nemnt svært mange tekstmeldingar til dagen, av desse er det ein del tekstmeldingar av typen ”Ok”, som sjølvsagt trekker ned gjennomsnittslengda. Likevel oppfattar eg det som at jenter i større grad skriv lange tekstmeldingar enn kva gutane gjer, men sidan gutane ikkje sender så mange tekstmeldingar generelt, har dei kanskje ein høgare terskel for kva som er god nok grunn til å senda ei tekstmelding, og dei sender kanskje av den grunn sjeldnare slike heilt korte meldingar.

Madsen hevdar at grunnen til at dei unge jentene sender så mange tekstmeldingar er at ”de har et konstant behov for at positionere og repositionere sig; at vise at de er der” (Madsen 2005: 29). Vidare meiner han at ”det tyder også på, at de i høyere grad fører sms-samtaler (hvor man sender svar og spørsmål frem og tilbake). Det er ikke utænkeligt at de unge piger

⁴ Dei danske tenåringsjentene sendte i gjennomsnitt 48 tekstmeldingar til dagen, mens gutane sendte 32.

gør dette blandt andet på grund af økonomien (det er billigere at sende en sms)” (Madsen 2005: 29f). Fleire funn i mitt materiale viser at tenåringsjentene ofte fører slike tekstmeldings-samtalar, der dei skriv att og fram til kvarandre som i ein ansikt-til-ansikt-samtale. Dette med SMS-samtalar vil eg gå nærare inn på i kapittel 6.3.1.2 (sjå side 92).

6.1.1.1 *Written speech* – skriftleg tale

Written speech er vanskeleg å måla, og det er derfor vanskeleg å slå fast om det finst nokon kjønnskilnad her. Men det ser ut til at både jentene og gutane bruker munnlege måtar å ord-legga seg på i tekstmeldingane, dei bruker munnleg syntaks, og dialekt nær lydleg staving.

Hypotesa om banning var lett å vurdere.

H12: Gutar bannar generelt meir i tekstmeldingar enn jenter.

Ut i frå tekstmeldingsmaterialet, er det som tidlegare nemnt bare fire av informantane som har brukt banneord – to gutar og to jenter. Det er derfor grunn til å seia at kjønn ikkje ser ut til å vera ein avgjerande faktor for banning. Underhypotesen om banning (H12) er det derfor lite hald i.

6.1.1.2 Økonomiseringsprinsippet

Når det kjem til bruken av forkortingar finn eg ein klar og tydeleg forskjell mellom jentene og gutane sin språkbruk. Jentene bruker i mykje større grad forkortingar enn kva gutane gjer. I gutane sine tekstmeldingar er omlag 6 % av orda kortformer, mens den tilsvarende prosentdelen i jentene sine meldingar er på 15 %. Tabellen under viser dei aktuelle tala:

	Tal ord	Forkorta ord
<i>Gutar</i>	1305	81 (6 %)
<i>Jenter</i>	6007	931 (15 %)
Sum	7312	1012 (14 %)

TABELL 6.4: BRUK AV FORKORTINGAR ETTER KJØNN

Kva er grunnen til denne markante skilnaden? Eg trur det kan ha samanheng med at jentene skriv så mange fleire tekstmeldingar. Denne veldige tekstproduksjonen fører til at dei vert langt meir oppmerksame på kva tid og bry inntastinga av orda krev, og dei tek derfor i bruk dei snarvegane dei finn.

6.1.1.3 Emotikon

Jentene bruker òg mykje meir emotikon enn kva gutane gjer. Gjennomsnittleg bruker jentene 1,6 emotikon i kvar tekstmelding, mens gutane nøyer seg med 0,8. Dette kan henga saman med at jentene bruker SMS-mediet meir ekspressivt og sosialt enn kva gutane gjer, og då vert det viktig å kunna uttrykka følelsar og humør i tekstmeldingane.

	Gutar	Jenter	Sum
<i>Tal tekstmeldingar</i>	129	628	757
<i>Tal emotikon</i>	103	981	1084
<i>Gjennomsnitt emotikon pr. mld.</i>	0,8	1,6	1,4

TABELL 6.5: EMOTIKON ETTER KJØNN

6.1.1.4 Rituelle helsingar

Eit anna fenomen som vert påverka av jentene sin ekspressive og sosiale tekstmeldingsbruk, er dei rituelle helsingane. Jentene er mykje meir opptekne av å få med desse innleiande og avsluttande helsingane. Dei fleste av desse helsingane er som tidlegare nemnt, varierende former for kjærleikserklæringar. Det er lett å tenka seg at det kanskje er lettare for jentene å uttrykka følelsar på denne måten, om ein ser på kjønnsrollemønsteret som rår. Tabell 6.6 viser kor mange av tekstmeldingane som har innleiande og avsluttande helsingar, fordelt på kjønn. Tabellen viser òg i parantes kor stor prosentdel av tekstmeldingane dette utgjer.

	Innleiande	Avsluttande	Tal t.mld totalt
<i>Gutar</i>	10 (8 %)	39 (30 %)	129
<i>Jenter</i>	132 (21 %)	516 (82 %)	628
<i>Sum</i>	142	555	757

TABELL 6.6: RITUELLE HELSINGAR ETTER KJØNN

Dei rituelle helsingane er ein del av det som Kasesniemi kallar '*padding*'. *Padding* er "filling up the message after the main point has been made. Padding can consist of chatting, gossip, or telling your friends how much you love them" (Kasesniemi 2003: 212).

SMS 6.01 Heia [jentenamn]! Eg komme ikkje på [aktivitet] i dag, for eg e nødt te å øva te matteprøven i mårå...! Men dåkke må kosa dåkke!:-) Gla i deg, kniib
(Sara 15 år, 26.01.06)

Den siste underhypotesen (H13) gjeld kjønnskilnader i språkbruk i forhold til mottakar. Denne hypotesen vil eg koma tilbake til i kapittel 6.3 (s 81).

6.1.2 Instrumentell og ekspressiv bruk

Madsen hevdar jenter og gutar bruker tekstmeldingar ulikt. Gutar sin bruk er først og fremst instrumentell, det ein må kunna kalla "målrettet koordination" (Madsen 2005: 34). Jenter bruker derimot tekstmeldingane på ein langt meir sosial og ekspressiv måte (ibid: 34). Kasesniemi (2003: 214) viser at:

Messages between girls are full of social softening, extra words and emotional sharing of experiences. Boys frequently only write about what has happened, and where and how it has happened, whereas girls contemplate the reasons behind the incidents and include descriptions about how the matter has affected them.

Sjølv om eg i utgangspunktet ikkje hadde tenkt å undersøka kva funksjon tekstmeldingane hadde for informantane, er dette eit interessant perspektiv. Og sidan både Madsen og Kasesniemi kommenterer det, har eg prøvd å sjå om dei same tendensane finst i tekstmeldingane til dei jærskje tenåringane.

Det er ikkje vanskeleg å finna eksempel på at jentene viser empati for den dei kommuniserer med. Wilmot og Shellen peiker i sin artikkel om språk og vennskap på at "[t]he content of women's conversations with their friends also included non-intimate topics, but emphasized relational and personal topics to a significantly greater degree than did the content of men's conversations" (1990: 418). Sjølv om mykje av tekstmeldingsmaterialet dreier seg om enkle beskjedar og kvardagskoordinering, skriv jentene òg kjensleladde og reflekterande meldingar, der dei prøver å tolka hendingar og handlingar i sitt eige og andre sine liv. I eksempelet under fortel Gry ein nær venn om eit vanskeleg møte med ein eks-kjærest.

SMS 6.02 nei, men han kan bli så utrolig hissig at han er drit skummel. mn tror ikke han mente noe av dt han sa. han har sagt unnskyld, mn kommer faen aldri til å tilgi han for alt dt han sa. han gikk langt over streken!
(Gry 15 år, 29.01.06)

Gutane ser ut til å oppfatta SMS-mediet meir som eit koordineringshjelpemiddel enn som eit sosialt verktøy. Dei bruker tekstmeldingane mest til å arrangera avtalar, spørja og informera om lekser og slikt (Madsen 2005: 44).

SMS 6.03 Mm, komme du på msn?
(Per 15 år, 31.01.06)

SMS 6.04 Har du ei nm bog te låns?
(Tor 15 år, 24.01.06)⁵

⁵ "nm" viser til forkortinga av skulefaget "natur og miljø".

Eit resultat av denne instrumentelle bruken, er at gutar sjeldan eller aldri fyller opp dei 160 tildelte teikna i tekstmeldingane. Ofte får dei sagt det dei skal i ei enkel setning. Kasesniemi kallar gutane sine tekstmeldingar “brief, informative and pragmatic [...]Boys have a tendency to state the essential in a near laconic tone” (Kasesniemi 2003: 210). Denne generaliseringa stemmer stort sett godt overeins med tekstmeldingsmaterialet frå dei seks jærseke gutane. Størparten av tekstmeldingane dei skriv er korte og informative, strippa for utanomssnakk.

SMS 6.05 Eg komme ikkje på trening i dag.sga ha store prøve
(Bjarte 15 år, 13.02.06)

Om ein samanliknar denne tekstmeldinga frå Bjarte med meldinga under som er skriven av Sara, ser ein kjønsskilnadene tydeleg:

SMS 6.06 **Heia [jentenamn]!** Eg komme ikkje på [aktivitet] i dag, for eg
e nødt te å øva te matteprøven i mårå...! **Men dåkke må kosa
dåkke!:-) Gla i deg, kniib**
(Sara 15 år, 26.01.06)

Essensen i dei to tekstmeldingane er meir eller mindre den same, begge er meldingar om at dei ikkje kan koma på fritidsaktivitetar fordi dei må lesa til prøve. Sara pakkar inn beskjeden sin i rituelle innleiingar og avslutningar, og bruker 29 ord på å seia omtrent det same som Bjarte får sagt i si 10 ord lange tekstmelding. Dette eksempelet er ei god illustrering av det fenomenet som Kasesniemi refererer til som *padding*. *Padding* er først og fremst eit jentefenomen. Kasesniemi forklarar *padding* som det å fylla opp tekstmeldinga “after the main point has been made. Padding can consist of chatting, gossip, or telling your friends how much you love them” (Kasesniemi 2003: 212). Dette heng jo godt saman med det at jentene sin bruk av SMS-mediet er meir sosial og ekspressiv enn gutane. Eg vil rekna dei rituelle innleiingane og avslutningane (jamfør kapittel 6.1.1.4, side 70), som ein del av det som går under begrepet *padding*.

SMS 6.07 Spør far om eg ska koma opp eller jer lekse.
(Kjetil 15 år, 25.01.06)

Sjølv om gutar først og fremst bruker tekstmeldingar instrumentelt, slik som Kjetil gjer i eksempelet over, så kan ein likevel sjå ein viss ekspressiv bruk hos gutane òg. Denne gir seg blant anna uttrykk i at mange gutar ”f.eks. ændrer måden at formulere sig på afhængig af modtager” (Madsen 2005: 45). Mange gutar vel å bruka tekstmeldinga når dei vil prøva å nærma seg ei jente dei liker. ”In SMS, communication does not require exposing oneself to direct criticism, as the means of communication allows one to formulate the message in peace” (Kasesniemi 2003: 195). Det å kunna ta seg tid til å tenka gjennom kva ein vil seia, og

koss ein vil seia det, ser ut til å vera noko gutar set pris på. Særleg i starten av eit kjærast-forhold er tekstmeldingar eit viktig medium for tenåringane, og kanskje meir for gutane enn for jentene. Grunnen til dette kan vera at kjønnsrollemønsteret i samfunnet ennå tilseier at det helst er guten som skal ta det første steget.

”Int: Føle du nogen gong at d’æ lettare å uttrykka seg – i ei melling?”

Tor: Je, asså – enn snakka liksom - person te person?

Int: Mhm

Tor: Ja’l, d’æ jo lettare å s’ – asså – snakke me om fr’eseempel ei jenta me-for følelsa å sånn. For då lissom, då står du’kj’å ser ’na i aoene lissom”
(Tor 15 år, 30.01.06).

(Intervjuar: Føler du nokon gong at det er lettare å uttrykka seg i ei (tekst)melding?)

Tor: Ja, altså, enn å snakka liksom, person til person?

Intervjuar: Ja.

Tor: Ja, eller, det er jo lettare å, altså, snakka med, om, for eksempel ei jente med, for, følelsar og sånn. For då liksom, då står du ikkje og ser henne i augene liksom.)

6.1.3 Kjønn som variabel

Jentene skriv generelt fleire tekstmeldingar enn gutane, og dei er jamt over flittigare brukarar av dei typiske SMS-fenomena, som forkortingar, smileys og rituelle helsingar. SMS-mediet ser ut til å passa tenåringsjentene sin sosialitet svært godt, og det er kanskje hovudgrunnen til at dei er blitt så ivrige brukarar, langt ivrigare enn gutane, som kanskje er meir verbalt usikre i tenåra. Gutane bruker tekstmeldingane hovudsakleg til å få formidla enkle, korte beskjedar om koordineringa av kvardagen, mens jentene bruker mediet meir sosialt og ekspressivt.

Den instrumentelle bruken til gutane, fører til at dei stort sett bruker SMS-mediet til å skriva korte, enkle beskjedar, derfor fyller dei sjeldan opp dei 160 tildelte teikna ei tekstmelding kan ha. Jentene fyller langt oftare opp plassen, og har derfor større behov for å gå mest muleg ut av dei 160 teikna. Dette er nok grunnen til at jentene oftare bruker økonomiseringsteknikkar enn gutane. Den ekspressive og sosiale funksjonen til jentene sine tekstmeldingar kan nok forklara bruken av emotikon og rituelle helsingar. Desse fenomen vert viktige verkemiddel for å signalisera humør, omtanke og følelsar for jentene.

6.2 Gruppetilhøyrse

Det er ikkje bare kjønn som påverker språkbruken i tekstmeldingane. Informantutvalget for undersøkinga mi, er gjort på bakgrunn av ungdomsskulelærarane sine utsegn om at det fanst eller finst grupperingar blant tenåringane, basert på fritidssysler. Etter samtalar med fleire ungdomsskulelærarar frå ulike skular på Jæren, fekk eg inntrykk av at det frå deira perspektiv

såg ut til å dreia seg om tre hovudgrupper: Idrettsungdommen, dei religiøse og dei frittståande. Idrettsungdommen er dei som aktivt dreiv med ei eller anna form for sport, gjerne lagidrettar som fotball og handball. Dei religiøse definerer eg som dei som var aktive i bedehusmiljø eller i kyrkjelydar. Dei frittståande har som eg ser det, ingen klare fellestrekk, anna enn at dei ikkje tilhøyrer dei to andre gruppene. Dette er altså dei tre hovudgrupperingane som fleire lærarar nemnte, uavhengig av kvarandre. Eg vil derfor sjå på om gruppetilhøyrse gir seg utslag i språkbruken i tekstmeldingar. Arbeidshypotesane som eg legg til grunn for drøftinga i dette underkapittelet er:

H2: Språkbruken i tekstmeldingane varierer i forhold til kva gruppering informanten tilhøyrer, basert på fritidssysler.

Det vil vera muleg å sjå forskjellar på språkbruken i dei tre ulike grupperingane: Idrettsungdommen, dei religiøse og dei frittståande.

H21: Idrettsungdommane er dei som i størst grad tilpassar språket til mottakaren.

H22: Dei frittståande er dei som i minst grad tilpassar språket til mottakar.

H23: Det finst eigne gruppeinterne sjargongar som kjem til uttrykk i tekstmeldingane.

Hypotesane om at dei tre gruppene i ulik grad tilpassar språket til mottakaren (H21 og H22), ser ikkje ut til å stemma med tekstmeldingsmaterialet som eg har motteke. Omtrent alle informantane tilpassar språket til mottakarane av tekstmeldingane, og dei er bevisste på desse tilpassingane:

Int: Tenke du øve koss du skrive?

Marianne: Litt, m'de spørst kem eg skrive te, fr'eseempel viss eg skrive te hu (mora), så skriv'eg litt merr norsk liksom, men"
(Marianne 15 år, 30.01.06).

(Intervjuar: Tenker du over koss du skriv?

Marianne: Litt, men det spørst kven eg skriv til, for eksempel viss eg skriv til henne (mor mi), så skriv eg litt meir norsk liksom, men.)

Hypotesen om at det finst gruppeinterne sjargongar som vert synleggjorde i tekstmeldingane (H23), ser heller ikkje ut til å samsvara med tekstmeldingsmaterialet. Dette kan ha samanheng med at dei gruppene som lærarane peikte ut, ikkje ser ut til å vera like openbare for tenåringane sjølv. I dei individuelle intervjuar spurte eg dei om dei meinte at det fanst sosiale grupperingar blant deira jamaldringar. Dei fleste av informantane verka som dei hadde problem med å forstå kva eg spurte etter, men etter nærare forklaring, kom dei med litt ulike

oppfatningar om saka. Ingen av informantane oppga dei same grupperingane som lærarane hadde gjort, og kva grupperingar som vart identifiserte, varierte frå informant til informant.

”Tor: Æg æ me di vanlige, dei så liksom - vett’kj’æg. Åsså, æ dar jo en gjeng, s’æ liksom som, vett’kje æg kæ di kalle di, bondane ellar kæ d’æ, så liksom, dei æ liksom mæ kværandre. Åss’æ dar nogen så – vett’kj’æg kæ – eeh, litt merr sånn, vett’kj’om eg s’kalla di drittonga. Så, m’e’vett’kje, men d’e kje s’, dar e jedna kje så mange gruppe”
(Tor 15 år, 30.01.06).

(Tor: Eg er med dei vanlege, dei som liksom, (eg) veit ikkje, eg. Og så er der jo ein gjeng, som er liksom som, (eg) veit ikkje kva dei kaller dei, bøndene eller kva det er, som liksom, der er liksom med kvarandre. Og så er der nokon som, (eg) veit ikkje kva, litt meir sånn, veit ikkje om eg skal kalla dei drittungar. Så, men eg veit ikkje, men det er ikkje s, der er kanskje ikkje så mange grupper.)

Ein av informantane hevda til og med at det ikkje fanst grupperingar i det heile teke, slik han såg det:

*”Int: Viss du sko liksom delt folkå på din aldar inn i gruppe. Koss ville du jort då?
Kjetil: Ke gruppe då?
Int: Nei, asså, nei d’æ nettopp dæ, æ dar grupperinga?
Kjetil: Nei, egnl’ikkje”*
(Kjetil 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Viss du skulle liksom delt folka på din alder inn i grupper, koss ville du gjort då?
Kjetil: Kva grupper då?
Intervjuar: Nei, altså, nei det er nettopp det, finst det grupperingar?
Kjetil: Nei, egentleg ikkje.)

Gjennom dei individuelle intervju, fekk eg likevel inntrykk av at det fanst ein del fellestrekk for kvar gruppe. Desse fellestrekka baserer eg på den reint subjektive oppfatninga eg fekk av informantane gjennom intervju.

6.2.1 Idrettsungdommen

Idrettsungdommane var alle flinke, streite elevar, som tok skulearbeidet alvorleg. På spørsmål om kva dei gjorde på fritida, nemnte begge jentene i denne gruppa at dei blant anna gjorde lekser.

*”Int: Kæ jær du på fritidå?
Marianne: Eeh, æg spæle hånball, åsså syng’eg, åsså jær æg en del lekse – åsså æ eg mæ venna”*
(Marianne 15 år, 30.01.06).

(Intervjuar: Kva gjer du på fritida?
Marianne: Eg speler handball, og så syng eg, og så gjer eg ein del lekser – og så er eg med venner.)

Den eine lærarkontakten min påpeikte at svært mange av idrettselevane framsto som karismatiske og utovervendende.

Generelt ser det ut til at idrettsungdommane ikkje sender så mange tekstmeldingar. Begge gutane i denne gruppa gav uttrykk for at dei brukte SMS-mediet lite, dei syntest at det var lettare å ringa om det var noko

”Tor: Ja, eg skrive som regel ikkje så grevli møje mellinga, viss eg – Eg ringe en goe del, asså – Eg snakke sikkert i tillefongen – jaffal tjue minutt te dagen sikkar. S’eg

Int: Å kem du snakke mæ då?

Tor: Nei då, viss æg liksom spør kæ folk jær å om me ska ud på noge så plei’eg kje senna de på melling, eg pleie som regel ringa. Viss eg ska, f’esempel avtala me nogen at me s’g’å trenna, så plei’eg kje senna melling, då plei’eg ringa. Så, e’vett’kj’eg ken, eg e litt vande mæ atte folk – ikkje svare for dæ atte d’ikkj’ar penga på korte el’et el’ant. Då vett eg jaffal at eg får svar m’en gong. (Tor 15 år, 30.01.06).

(Tor: Ja, eg skriv som regel ikkje så veldig mykje (tekst)meldingar, viss eg – Eg ringer ein god del, altså – Eg snakkar sikkert i telefonen – i alle fall tjue minutt til dagen, sikkert. Så eg

Intervjuar: Og kven snakkar du med?

Tor: Nei då, viss eg liksom spør kva folk gjer, og om me skal ut på noko, så pleier eg ikkje senda det på (tekst)melding, eg pleier som regel ringa. Viss eg skal, for eksempel avtala med nokon at me skal gå og trenna, så pleier eg ikkje senda (tekst)melding, då pleier eg ringa. Så, eg veit ikkje eg kven, eg er litt vant med at folk ikkje svarar, fordi at dei ikkje har pengar på (kontant)kortet eller eit eller anna. Då (viss eg ringer) veit eg i alle fall at eg får svar med ei gong.)

Det ser ut til at gjennomsnittslengda på tekstmeldingane varierer litt i forhold til gruppe-tilhøyrse. Idrettsungdommen skriv dei kortaste tekstmeldingane, gjennomsnittleg er meldingane deira på 8,7 ord.

Tabell 6.7 gir ein oversikt over dei lingvistiske trekka og i kva grad dei førekjem i idrettsungdommane sine tekstmeldingar.

Fenomen		Mål
Tekstmeldingslengd	Kortast	Gjennomsnittleg 8,7 ord / t.mld
Written speech	Munnleg	Munnleg språkbruk
Økonomisering / forkorting	Midt på	Gjennomsnittleg 0,6 forkorta ord / t.mld
Emotikon	Færrast	Gjennomsnittleg 0,5 emotikon / t.mld
Banning	Midt på	1 tilfelle
Rituelle helsingar	Midt på	Avsluttande helsing i 41 % av t.mld

TABELL 6.7: IDRETTSUNGDOMMEN OG DEI LINGVISTISKE TREKKA

Språkbruken til idrettsungdommane ligg svært nært opp til munnleg språk, både når det gjeld dialektbruk, med lydleg staving, og munnleg syntaks. Tekstmeldingane i denne gruppa inneheld ikkje store mengder av typiske SMS-fenomen som emotikon og forkortingar. Idrettsungdommane bruker faktisk færrest emotikon av dei tre gruppene.

Eg finn bare eitt tilfelle av banning hos idrettsungdommane:

SMS 6.08 Fuck ass
(Tor 15 år, 06.02.06)

Dette tilfellet kan ha vore meint som ein spøk, eller ikkje blitt oppfatta som spesielt grovt sidan det er på engelsk, så eg vel derfor å ikkje tillegga dette spesielt stor vekt. Generelt sett vil det seia at idrettsungdommane ikkje bannar i tekstmeldingane dei skriv.

Når det gjeld mange av dei lingvistiske trekka, havnar idrettsgruppa i midten, dei bruker verken minst eller mest av forkortingar, banning eller rituelle helsingar. Det vil seia at dei religiøse og dei frittstående utgjør ytterpunktene her. Tekstmeldingsspråket til idrettsungdommane har eit munnleg og uformelt preg, men er langt ifrå så kodeprega som dei frittstående sitt SMS-språk.

6.2.2 Dei religiøse ungdommane

Dei religiøse ungdommane var òg opptekne av skularbeid, og dei framsto som empatiske og flinke. Fleire av dei informantane som var i kategoriserte som religiøse, uttrykte i intervjuet at dei var opptekne av å skriva korrekt når dei skreiv tekstmeldingar, jamfør sitat frå intervjuet med Sara i kapittel 5.3.1 (side 34). Tabell 6.8 viser dei lingvistiske trekka eg har undersøkt, og koss den religiøse gruppa brukte desse.

Fenomen		Mål
Tekstmeldingslengd	Lengst	Gjennomsnittleg 10,6 ord / t.mld
Written speech	Normert	Normert språkbruk
Økonomisering / forkorting	Færrest	Gjennomsnittleg 0,5 forkorta ord / t.mld
Emotikon	Midt på	Gjennomsnittleg 0,7 emotikon / t.mld
Banning	Færrest	Ingen
Rituelle helsingar	Færrest	Avsluttande helsing i 39 % av t.mld

TABELL 6.8: DEI RELIGIØSE OG DEI LINGVISTISKE TREKKA

Denne gruppa skriv dei klart lengste tekstmeldingane. Dei religiøse informantane skriv gjennomsnittleg nesten to ord meir per tekstmelding enn kva idrettsungdommane gjer. Kva dette kan koma av er vanskeleg å seia.

Som nemnt, så er fleire av dei religiøse informantane opptekne av å skriva rett. Det kom ikkje bare fram i intervjuet, det var òg ganske tydeleg å sjå i tekstmeldingane dei skreiv. Språk-bruken til denne gruppa var utan tvil den som låg nærast normert skriftspråk, sjølv om ingen av informantane bare brukte korrekt bokmål eller nynorsk. *Written speech* var altså ikkje eit like tydeleg moment i tekstmeldingane frå dei religiøse.

Dei religiøse er dei som bruker klart færrest forkortingar, bare 4 % av orda dei skriv i tekst-meldingane fell inn under min definisjon av forkortingar. Dette heng nok saman med det at dei er meir orienterte mot skriftspråksnormene enn dei andre to gruppene, og derfor vel å skriva ut orda. Av dei forkortingane dei bruker, er flesteparten av den enkle typen. Av dei ukonvensjonelle forkortingane, bruker dei religiøse informantane fleire enkle forkortingar enn dei andre gruppene, og færre avanserte forkortingar.

	Konv	Enkle	Avans	Fork tot	Ord tot
<i>Idrettsungdommen</i>	6 (10 %)	36 (61 %)	17 (29 %)	59 (7%)	822
<i>Dei religiøse</i>	6 (15 %)	32 (80 %)	2 (5 %)	40 (4 %)	926
<i>Dei frittstående</i>	122 (13 %)	641 (69 %)	160 (17 %)	923 (17 %)	5504

TABELL 6.9: FORKORTINGSTYPAR ETTER GRUPPETILHØYRSLE

Når det gjeld bruken av emotikon, ligg dei religiøse mellom idrettsungdommen og dei frittstående, med gjennomsnittleg 0,7 emotikon per tekstmelding. Men flesteparten av emotikona er det den eine av jentene i denne gruppa som har sendt til kjærasten. Om ein trekker frå desse, slik at ein står att med bare dei tekstmeldingane som er sendte til andre mottakarar, får ein eit ganske anna tal, gjennomsnittet blir då på under 0,2 emotikon per tekstmelding. Så her kan ein argumentera for at dei religiøse informantane bruker færre emotikon enn idrettsungdommen. Blant idrettsungdommen var det nemleg ingen av informantane som hadde kjærast, og bruken av emotikon ser ut til å vera langt høgare mellom kjærastar. Dette vil eg koma tilbake til i kapittel 6.3.1.1 (s 87).

Det finst ingen førekomster av banning i tekstmeldingsmaterialet frå dei religiøse tenåringane. Det vil altså seia at korkje idrettsungdommen eller dei religiøse bannar. Sitatet under er frå intervjuet med ei av dei religiøse jentene, og ho meinte at religiøsitet påverka banning.

”Int: Tru’ du dei her (ulike gruppene) skrive forskjelligt i mellingane, vett’u nog’ om dæ?

Sara: Dæ kan godt vær, atte jaffal viss du ’sj’e kristen, så banne du sikkar ganske møje, ja, i mellingane”
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Trur du dei her (ulike gruppene) skriv forskjelligt i (tekst)meldingane – veit du noko om det?

Sara: Det kan godt henda at, i alle fall viss du ikkje er kristen, så bannar du sikkert ganske mykje, ja, i (tekst)meldingane.)

Rituelle helsingar er eit anna av dei typiske SMS-trekka som dei religiøse ungdommane ikkje bruker så mykje av. 39 % av tekstmeldingane deira inneheld rituelle avsluttande helsingar. Dette er ikkje så veldig langt ifrå idrettsungdommane sine 41 %, men dei religiøse har altså to prosent mindre.

6.2.3 Dei frittstående ungdommane

Den tredje gruppa, dei eg har kalla frittstående, hadde kanskje litt færre likskapstrekk. Jentene var begge svært sosiale og verbale, mens gutane var meir ulike. I denne gruppa fann eg litt mindre uttrykt interesse for skularbeidet, sjølv om dei ikkje fekk dårlege karakterar.

Fenomen		Mål
Tekstmeldingslengd	Midt på	Gjennomsnittleg 9,7 ord / t.mld
Written speech	Kode	Kodepreg, fleire SMS-trekk
Økonomisering / forkorting	Flest	Gjennomsnittleg 1,6 forkorta ord / t.mld
Emotikon	Flest	Gjennomsnittleg 1,7 emotikon / t.mld
Banning	Flest	14 tilfelle
Rituelle helsingar	Flest	Avsluttande helsing i 84 % av t.mld

TABELL 6.10: DEI FRITTSTÅANDE OG DEI LINGVISTISKE TREKKA

I tabell 6.10 vert språktrekka til dei frittstående ungdommane sett i system og presenterte.

	Idrettsungdommane	Dei religiøse	Dei frittstående
<i>Tal ord</i>	882	926	5504
<i>Tal tekstmeldingar</i>	101	87	569
<i>Gjennomsnittslengd</i>	8,7 ord / t.mld	10,6 ord / t.mld	9,7 ord / t.mld

TABELL 6.11: TEKSTMELDINGSLENGDE ETTER GRUPPE

Som det går fram av tabellen, har dei frittstående flest førekomstar av svært mange av fenomenene. Den gjennomsnittlege lengda på tekstmeldingane dei skriv, ligg derimot nokså midt i mellom idrettsungdommane og dei religiøse. Til gjengjeld så skriv dei langt fleire tekstmeldingar enn nokon av dei andre gruppene, materialet frå dei frittstående består av over seks gonger fleire tekstmeldingar enn materialet frå dei religiøse informantane.

Språket i tekstmeldingane til dei frittstående inneheld mange av dei kjenneteikna som ein gjerne assosierer med SMS-språk, forkortingar, emotikon og rituelle helsingar. Dette gir språket eit kodepreg, det kan vera vanskeleg å forstå for ein som ikkje kjenner denne måten å bruka språket på.

Dei frittstående bruker mykje oftare forkortingar enn nokon av dei andre to gruppene, dei forkortar heile 17 % av orda. Det at dei frittstående forkortar så mykje, kan sannsynlegvis henga saman med at dei er den gruppa som skriv og sender absolutt flest tekstmeldingar, og derfor kanskje har det største behovet for å økonomisera med tid og tastetrykk.

Det finst mange emotikon i tekstmeldingane frå denne gruppa, gjennomsnittleg inneheld kvar melding 1,7 emotikon. Dette er òg med på å gi tekstmeldingane kodepreg, og fører til at språkbruken til dei frittstående framstår som meir stereotypisk SMS-språk.

Det språktrekket som ser ut til å henga mest saman med tilhøyrsla til dei tre gruppene eg her har operert med, er banning. I tekstmeldingsmaterialet mitt er det eigentleg bare tre av informantane som bannar, og desse tre er alle i den siste gruppa, dei frittstående. Dei tre informantane som bannar her, har alle fleire tilfelle av banning, så hos desse kan ikkje banninga bortforklarast som enkelttilfelle. Men desse tre informantane er òg blant dei som har skrive aller flest tekstmeldingar, så det at det her er fleire tilfelle av banning kan ha samanheng med at materialet frå desse tre rett og slett er større enn frå mange av dei andre informantane. Ein kan òg sjå for seg at kanskje enkelte av dei andre informantane har late vera å vidaresenda til meg tekstmeldingar der dei bannar. Banning er jo gjerne tett knytt til sterke kjensler, og det er sånn sett nærliggande å tru at tekstmeldingar som inneheld banning har eit generelt følelsesladd innhald, og kanskje av den grunn følest meir private og lettare blir offer for sjølvensur. Det er likevel godt sannsynleg at det bare er desse tre informantane som eigentleg bannar noko særleg i tekstmeldingsspråket sitt.

Når det gjeld rituelle helsingar, toppar dei frittstående igjen statistikken min. Heile 84 % av tekstmeldingane deira inneheld avsluttande helsingar av eit eller anna slag. Dette kan henga saman med at dei er den gruppa som sender flest tekstmeldingar, og at dei derfor kan tenkast å vera mest fortrulege med tekstmeldingskulturen, som kan hende krev slike helsingar.

6.2.4 Gruppetilhøyrse som variabel

Av dei tre gruppene i undersøkinga mi, skil dei frittstående ungdommane seg ut. Dei er den gruppa som sender absolutt flest tekstmeldingar, og dei bruker generelt meir av dei typiske SMS-fenomena enn dei andre gruppene. Det at dei sender så mange tekstmeldingar, er kanskje grunnen til at dei er tryggare på SMS-språket. Dei utpeiker seg i alle fall ved at dei bruker meir av både økonomiseringar, emotikon og rituelle helsingar. Dette resulterer i at språkuttrykket deira nærmast får eit kodepreg.

Dei religiøse ungdommane ligg i den andre enden av skalaen. Som gruppe, bruker dei færrest økonomiseringar og rituelle helsingar, og språket dei bruker er tilnærma normert skriftspråk. Tekstmeldingane deira er òg gjennomsnittleg lengre enn meldingane dei andre gruppene skriv.

Idrettsungdommane fell mellom dei ytterpunkta dei to andre gruppene utgjør. Dei ligg likevel nærare dei religiøse ungdommane enn dei frittstående. Språket til idrettsungdommane er svært munnleg og dei bruker lite emotikon. Dei skriv òg dei kortaste tekstmeldingane av alle dei tre gruppene.

Det er ikkje lett å seia noko om kva som kan vera grunnen til desse gruppeskilnadene. Kan henda kjem det av at dei ungdommane som er engasjerte i organiserte aktivitetar, anten det er innan idrett eller religion, gjerne er meir vande med å følgja vaksne sine normer og reglar. Dei som driv med organisert idrett er i alle fall vande med dei regelsetta som høyrer til ballspport, og dei religiøse kan seiast å vera innprenta visse reglar reglar for oppførsel. Dette kan igjen føra til at dei er meir oppmerksame på språknormene, sjølv om dei har valt ulike strategiar: Dei religiøse ungdommane er hovudsakleg retta mot skriftspråket, mens idrettsungdommane er meir taleretta.

Gruppetilhøyrse er kanskje den av dei tre sosiale variablane, som har minst innverknad på språket i tekstmeldingane. Likevel finst det skilnader mellom gruppene, sjølv om kjønn og mottakar ser ut til å vera viktigare faktorar. Sosialitet synest òg å ha stor innverknad på både bruken av SMS-mediet og språket i tekstmeldingane.

6.3 Relasjon til mottakar

Som tidlegare nemnt, ser det ut til at informantane i stor grad tilpassar språket i tekstmeldingane til mottakaren. Dette fenomenet kan det vera interessant å sjå på i lys av akkommodasjonsteorien. Giles viser til at måten me bruker språket på, ikkje er fastlagt og uforanderleg, men at “an individual’s speech patterns are in part dependent on the person to

whom he is talking, the topic of the discourse and the setting in which it takes place” (Giles og Powesland 1997: 232). Informantane i undersøkinga mi er i stor grad klar over at dei tilpassar språket sitt, og dei gjer det nokså bevisst.

*”Int: Du skriv’, koss føle du at du skrive? Føle du du skrive veldi dialekt?
Bjørn: Nei, d’æ, ellar d’æ jo alt itte kem d’æ te”
(Bjørn 15 år, 30.01.06).*

(Intervjuar: Du skriv, koss føler du at du skriv? Føler du at du skriv veldig dialekt?
Bjørn: Nei, det er, eller det er jo alt etter kven det er til (dvs. kven han skriv til).)

Utgangspunktet for akkommodasjonsteorien, er sosialpsykologisk forskning på det som vert kalla similarity-attraction, det at likskapar trekkest mot kvarandre. Dette er bakgrunnen for at ein prøver å snakka meir likt samtalepartnarar som ein vil bli likt av, “the desire for social approval is assumed to be at the heart of accommodation” (Giles og Powesland 1997: 234).

Akkommodasjonsteorien viser at tilpassinga hovudsakleg går i to retningar, ein kan enten snakka meir likt den ein samtalar med, konvergera, eller ein kan snakka meir ulikt, divergera (Giles og Smith 1979: 46ff). I forhold til tekstmeldingsmaterialet er det vanskeleg å vurdera om informantane konvergerer eller divergerer, sidan eg ikkje har tilgang til tekstmeldingane frå kommunikasjonspartnarane. Det er derfor ikkje muleg å seia sikkert kva som er konvergens og kva som er divergens. Men sidan det er tydeleg at informantane varierer språkbruken i forhold til mottakaren, er det rimeleg å anta at det her dreier seg om akkommodasjon. Det hadde vore interessant å få sjå den andre sida av kommunikasjonen, for å prøva å vurdera kven dei identifiserer seg med, og dermed konvergerer med, og kven dei helst vil markera distanse til, ved språkleg divergens.

Konvergens og divergens vil oftast henga saman med gruppetilhøyrsløse, og markering av inngruppe og utgruppe (Giles og Smith 1979: 52). Inngruppe er den eller dei gruppene ein person er medlem av, mens utgrupper er grupper som ein person ikkje er medlem av. Ofte vil ein prøva å signalisera overfor omverda kva grupper ein høyrer til, og kva grupper ein ikkje vil assosierast med. For tenåringar er det viktig å kjenne at ein høyrer til, at ein er ein del av ei gruppe. Sjølv om dei gruppene eg trudde eg ville finna, viste seg å ikkje vera heilt i tråd med verkelegheita, kan ein gå ut ifrå at det finst ein heil del grupperingar som gjer seg gjeldande blant tenåringane. I dei individuelle intervjuar bad eg informantane om å identifisera mottakarane av tekstmeldingane dei hadde skrive, og å fortelja kva relasjon dei hadde til desse. Dei mottakarane som informantane meinte at dei ikkje hadde noko nært forhold til, vil altså sann-synlegvis tilhøyra andre grupperingar enn det sendaren gjer – det vil seia utgrupper. Det er derfor nærliggande å tru at tekstmeldingane til mottakarar i slike utgrupper kan innehalda

trekk som signaliserer avstand, mens tekstmeldingar til nærare relasjonar vil framvisa trekk som markerer tilhøyrse. Hård af Segerstad (2002: 232) kommenterer språklege trekk som ho tolkar som markørar av inngruppe:

Spelling reminiscent of spoken interaction served to save time, effort and space, and to render an informal touch and serve as in-group markers. Abbreviations, both conventional and unconventional, were used for the same reasons as spoken-like spelling.

Relasjonen mellom sendar og mottakar ligg til grunn for SMS-kommunikasjonen. Sidan kommunikasjonen i regelen er privat, og bare vert lesen av desse to, kan ein argumentera for at gruppetilhøyrse som påverknadsfaktor vil vera mindre viktig. I kor stor grad markering av inngruppe og utgruppe vert realisert er det uansett vanskeleg å seia noko om, så eg vil i dette kapitlet fokusera på dyaden, relasjonen mellom sendar og mottakar.

Ei av hovudhypotesane som eg har arbeidd ut ifrå, dreier seg om nettopp relasjonen mellom sendar og mottakar av tekstmeldingane:

H1: Ungdommane tilpassar språket i tekstmeldingane til mottakaren.

Språket i tekstmeldingane fungerer som eit uttrykk for graden av symmetri i relasjonen. Dess meir symmetrisk relasjonen er, dess fjernare ligg språket frå skriftspråksnorma.

Dyaden ligg altså til grunn for kommunikasjonssituasjonen eg har studert. Relasjonen mellom to individ kan blant anna målast i symmetri. Inge Bø skriv at symmetri ”belyser hvorvidt relasjonen mellom A og B er likeverdig eller ubalansert med hensyn til ytelse og makt” (Bø 1992: 88). Ein typisk symmetrisk relasjon vil altså vera relasjonen mellom venner, der begge dei involverte har den sosiale rolla ”venn”, slik at rolleparet blir venn-venn. Asymmetriske, eller komplementære, relasjonar, er relasjonar der dei involverte har ulike, og utfyllande, sosiale roller, slik som rollepara elev – lærar og forelder – barn. Giles peiker på at “[t]here are many examples of a status or power discrepancy in a dyad, including employer-employee, teacher-pupil, veteran-novice, and so forth” (Giles, Coupland og Coupland 1991: 33). Når det gjeld informantane mine, fell stort sett alder og relasjonssymmetri saman, sidan dei fleste av dei symmetriske relasjonane er til jamaldringar, og dei fleste asymmetriske, komplementære, relasjonane er til vaksne.

”Oddbjørn: Tru’e skrive litt annarledes viss f’sempel viss e ska skriva te, te fe’sempel besteforeldrene mine. Ell non eg isje sjenne så godt. [...] E tru blir litt merr dialekt viss d’æ nogen jevn-aldranne”
(Oddbjørn 15 år, 30.01.06).

(Oddbjørn: (Eg) Trur eg skriv litt annleis viss, for eksempel viss eg skal skriva til, til for eksempel besteforeldrene mine. Eller (til) nokon eg ikkje kjenner så godt. [...] Eg trur (det) blir meir dialekt viss det er nokon jamaldrande.)

Eg vil etter kvart sjå på tekstmeldingsmaterialet i forhold til symmetrien i relasjonen mellom sendar og mottakar. Dei typiske symmetriske relasjonane er til venner og kjærastar, mens dei asymmetriske relasjonane gjerne er til foreldre og andre autoritetspersonar. Under hypotesen om at ungdommane tilpassar tekstmeldingsspråket til mottakaren, har eg sett dei underordna arbeidshypotesane:

H31: Ungdommane normaliserer språket sitt mest i tekstmeldingar til vaksne.

H32: Dei bruker større grad av dialektord og andre brot på skriftspråksnorma i tekstmeldingar til jamaldrande.

Både Madsen og Kasesniemi kommenterer at tenåringar ser ut til å kunne skifta stil i forhold til kven dei skriv til. Madsen kommenterer at dette er samanfallande med munnleg språkbruk, der ein varierer språket i forhold til kven ein snakkar med, og kva ein snakkar om. ”Sms beskederne og stilen deri er et eksempel på, at kommunikationen i sidste ende er baseret på den almindelige ansigt-til-ansigt samtale, uafhængigt af hvilket medie, der anvendes” (Madsen 2005: 54). Kasesniemi gjer den same observasjonen i sitt tekstmeldingsmateriale: ”Our text message collection substantiates the notion of various repertoires in SMS expression, with most teenagers in possession of several different repertoires” (Kasesniemi 2003: 208). Dette er det fenomenet som i lingvistikken går under termen register. Register er ”used to describe a language variety that is associated with a particular topic, subject or activity” (Trudgill 2003: 110). Emne, setting og kommunikasjonspartner er tre avgjerande faktorar for val av register (Røyneland 2003: 27).

Tekstmeldingsmaterialet frå ein gitt informant utgjer altså ikkje noko einsarta språkleg uttrykk, men er snarare ei skriftfesting av den enkelte sitt registersett. Kasesniemi (2003: 208f) peiker på at tenåringane utviser stor variasjon:

The teen may, for instance, compose a formal standard language message for the violin teacher in order to reschedule the lesson. Parents may receive an excuse imitating spoken language but punctuated according to the rules of grammar on why the teen will be late coming home. SMS exchanged with the best friend may include wordplays in slang and local dialect, and messages that go around the group of friends are often full of puns and insider vocabulary.

Dette må kunne seiast å vera manifestasjonar av tenåringane sin kommunikative kompetanse. Crystal definerer kommunikativ kompetanse som ”[a] person’s unconscious knowledge of the

rules governing the appropriate use of language in social situations” (Crystal 1999: 64). Kommunikativ kompetanse heng altså saman med det å kunna vurdera ein sosial situasjon, og evna til velja og ta i bruk det registeret som passar best i den gitte situasjonen (for meir om tenårings, mobiltelefon og kommunikativ kompetanse, sjå Dolmen 2004). Kasesniemi kommenterer vidare at jenter ser ut til å ha fleire av det ho kallar ”repertoires”, altså register, enn kva gutar har. Dei jentene ho hadde snakka med vektla i tillegg at dei bevisst valde kva stil, eller register, dei brukte i ein gitt situasjon (Kasesniemi 2003: 209).

Dei jærsk informantane kommenterte at geografi og dialekt var ein faktor dei tenkte over når dei skreiv tekstmeldingane. Det var viktig for dei å skriva eit språk som dei følte seg sikre på at mottakaren ville forstå:

”Anne: [...] di her frå [tettstad på Jæren] skriv’eg jo veldi forkortelsa å sånne ting”
(Anne 15 år, 31.01.06).

(Anne: (Til dei her frå [tettstad på Jæren] skriv eg jo veldig (mykje) forkortingar og sånne ting.)

”Gry: Mens han, han så va frå [tettstad på Nordvestlandet] [...] han skreiv eg jo veldi pent te, p’gronn a’ han forstår jo kje, viss eg skriv sånn ant”
(Gry 15 år, 31.01.06).

(Gry: Mens han, han som var frå [tettstad på Nordvestlandet] [...] han skreiv eg jo veldig pent (dvs. normert) til, på grunn av at han forstår jo ikkje viss eg skriv sånn anna (dvs. jærdialekt).)

Giles kommenterer at “increased intelligibility is a valued by-product of convergent acts and may on occasion be the principal motive for accommodating” (Giles, Coupland og Coupland 1991: 37). Det at Gry seier at ho skriv “pent” til mottakaren frå Nordvestlandet, er eit godt eksempel på bruk av konvergens for å gjera tekstmeldinga lettare å forstå for mottakaren.

Etter å ha talt opp tekstmeldingane, har eg delt dei inn grupper etter kva relasjon sendar har til mottakar. Materialet fordeler seg då slik på dei symmetriske og asymmetriske relasjonane:

	Jenter	Gutar	Totalt
<i>Symmetrisk relasjon</i>	557 (89 %)	90 (70 %)	647 (85 %)
<i>Asymmetrisk relasjon</i>	67 (11 %)	22 (17 %)	89 (12 %)
<i>Uvisse</i>	4 (0 %)	17 (13 %)	21 (3 %)
Totalsum	628	129	757

TABELL 6.12: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE ETTER MOTTAKAR

Eg har klassifisert venner og kjærastar som symmetriske relasjonar, og foreldre og andre autoritetspersonar som asymmetriske relasjonar. Dei aller fleste mottakarane fell inn under desse kategoriane. Under kategorien ”uvisse” fell dei tekstmeldingane som informantane ikkje kunne hugsa kven var til, og dei som hadde mottakarar som var vanskelege å klassifisera. Denne kategoriseringa er svært grov, eg har ikkje gått inn og sett på maktforholda i dei tilsynelatande symmetriske relasjonane.

Kjønnskilnaden er her interessant. Både jentene og gutane sender klart flest tekstmeldingar til mottakarar dei har symmetriske relasjonar til. Jentene sender ikkje bare mykje fleire tekstmeldingar generelt, dei oppgir òg i større grad at dei sender tekstmeldingane til, er jamaldringar som dei har symmetriske relasjonar til.

Gutane, som ikkje sender så mange tekstmeldingar, kunne i fleire tilfelle ikkje hugsa kven dei hadde sendt kvar enkelt tekstmelding til, og dei sender òg prosentvis fleire tekstmeldingar til mottakarar dei har asymmetriske relasjonar til. Dette trur eg først og fremst må kunne forklarast med at gutar er mindre verbale i sin måte å omgåast sosialt på. Ei slik forklaring stemmer godt med det faktum at gutane sender færre tekstmeldingar til kvarandre enn jentene.

Det er ein viss interessant variasjon i tekstmeldingslengda avhengig av relasjon til mottakar. Gjennomsnittleg er tekstmeldingane til venner og kjærastar, dei symmetriske relasjonane, på ti ord, mens tekstmeldingane til asymmetriske relasjonar bare er på sju ord. Det vil seia at tenåringane ikkje bare sender flest tekstmeldingar til jamaldringar, men at desse meldingane òg er ein heil del lengre enn meldingane til vaksne, asymmetriske relasjonar. Sannsynlegvis har informantane meir å snakka om med venner og kjærastar, enn med vaksne autoritetar.

6.3.1 Symmetriske relasjonar

Dei mottakarane som informantane har symmetriske relasjonar til, er hovudsakleg jamaldringar. Det dreier seg om kjærastar og venner.

Symmetrisk relasjon	Jenter	Gutar	Totalt
<i>Kjærastar</i>	356 (64 %)	29 (32 %)	385 (60 %)
<i>Venner</i>	201 (36 %)	61 (68 %)	262 (40 %)
<i>Totalsum</i>	557	90	647

TABELL 6.13: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL SYMMETRISKE RELASJONAR

Vennene kan delast inn i ulike under-kategoriar etter om relasjonen er sterk eller svak, og om mottakaren er av same eller motsett kjønn som sendar. I dei individuelle intervjuja bad eg informantane om å fortelja kven dei ulike tekstmeldingane var sendte til, og eg bad dei differensiera mellom venner etter om dei ”var mykje med dei” eller ikkje.

Eit fenomen som går igjen i tekstmeldingane til symmetriske relasjonar, er bruken av for-kortingar. I gjennomsnitt er 15 % av orda i desse tekstmeldingane kortformer, mot 7 % av orda i tekstmeldingane til asymmetriske relasjonar.

Tabell 6.14 viser at det er store skilnadar mellom gutane og jentene når det kjem til bruk av forkortingane. Gutane forkorter faktisk omtrent like mykje til symmetriske som til asymmetriske relasjonar, mens tekstmeldingane til jentene viser ein markant skilnad. Jentene forkortar altså jamt over meir enn gutane, og dei differensierer i mykje større grad etter kva relasjon dei har til mottakaren.

	Symmetriske relasjonar		Asymmetriske relasjonar	
	<i>Tal ord</i>	<i>Forkorta ord</i>	<i>Tal ord</i>	<i>Forkorta ord</i>
<i>Gutar</i>	1028	71 (7 %)	193	10 (5 %)
<i>Jenter</i>	5488	892 (16 %)	526	39 (7 %)
<i>Sum</i>	6516	963 (15 %)	719	49 (7 %)

TABELL 6.14: FORKORTINGAR ETTER RELASJONSSYMMETRI

6.3.1.1 Kjærastar

Fire av dei tolv informantane vidaresendte tekstmeldingar til meg som dei oppgav at var sendte til kjærastane sine. Av desse var tre jenter og ein gut. Eg ser ikkje bort ifrå at fleire av informantane kan ha hatt kjærastar, men at dei har valt å ikkje vidaresenda tekstmeldingar dei har sendt til desse, av personlege grunnar. Dei fire som eg har motteke slike kjærastemeldingar frå, skreiv alle ganske mange tekstmeldingar til kjærastane sine. Prosentvis utgjorde tekstmeldingane til kjærastane i snitt 56 % av det tekstmeldingsmaterialet eg har motteke frå desse fire informantane.

Wilmot og Shellen peiker på at “language clearly serves as an intimacy marker” (Wilmot og Shellen 1990: 426), dette kjem tydeleg fram i tekstmeldingane mellom kjærastar. Språket i kjærastemeldingane er svært talenært, og det inneheld mykje forkortingar.

SMS 6.09 Heia:) viss du sko hjem før 6 sa du, så gidde du komma innom mg då?:) så sitte jg på ner te leiligheten, te ca hall 8. kjempe gla i dg <3
(Gry 15 år, 25.01.06)

Eit anna typisk trekk ved desse tekstmeldingane er at dei oftast inneheld ein heil del emotikon, og gjerne vert avslutta med ei eller anna form for kjærleikserklæring. Etter å ha talt opp emotikona, fann eg at tekstmeldingane som er skrivne til kjærastar, i gjennomsnitt inneheld 2,10 emotikon kvar. Tilsvarende gjennomsnittstal for resten av tekstmeldingsmaterialet er 0,81 emotikon per melding. Dette er eit teikn på at det er viktig for tenåringane at tekstmeldingane til kjærastane uttrykker følelsar.

	Tal emotikon	Tal t.mld.	Gj.snitt emo pr mld
<i>Venner</i>	213	262	0,81
<i>Kjærastar</i>	808	385	2,10
<i>Andre</i>	63	110	0.57

TABELL 6.15: EMOTIKON TIL VENNER OG KJÆRASTAR

Frekvensen av rituelle helsingar og kjærleikserklæringar er òg høgare i tekstmeldingane mellom kjærastar. Heile 95 % av desse tekstmeldingane inneheld ei eller anna form for avsluttande helsing, anten ei verbal kjærleikserklæring, eller eit emotikon.

	Innleiande	Avsluttande	Tal t.mld.
<i>Kjærastar</i>	78 (20 %)	364 (95 %)	385
<i>Alle andre</i>	64 (17 %)	191 (51 %)	372

TABELL 6.16: RITUELLE HELSINGAR TIL KJÆRASTAR OG ANDRE

Rituelle helsingar og kjærleikserklæringar vert ofte brukte i slutten av alle tekstmeldingar til mottakarar som informantane har symmetriske relasjonar til, men tenåringane differensierer gjerne kva slag fraser dei bruker til kven.

- Int:* Tenke du øve kem du skrive sånn, kjempepla i deg å sånne ting te, å klem, ell'æ dæ?
- Gry:* Ja, dæ jør eg. E skrive jo sjempepla i deg te typen min å te venninne å te kompisen min. Men foreldrene skriv eg jo sje noye sånn te uansitt. Å kje sustar mi.
- Int:* Klem å sånne ting då?
- Gry:* Klem går jo bare te di, vanlige folk på'n måde. S'eg isje he nog stort forhold te.
- Int:* Æ de folk du ville klemt i virkeligheden?
- Gry:* Nnjaei, kanskj'isje (latter). D'æ jo bar' for vær snille du skrive klem liksom
- Int:* Ja, bar' visa at du, ja...
- Gry:* Ja, at eg ikkj'æ sint'ell noye sånn liksom"
(Gry 15 år, 31.01.06).

- Intervjuar: Tenker du over kven du skriv sånn, kjempeglad i deg (kgid) og sånn ting til, og klem, eller er det...?
- Gry: Ja, det gjer eg. Eg skriv jo kjempeglad i deg (kgid) til kjærasten min og til venninner og til kompisen min. Men foreldra (mine) skriv eg jo ikkje noko sånn til uansett, og ikkje (til) søstera mi.
- Intervjuar: Klem og sånne ting då?
- Gry: Klem går jo bare til dei, vanlige folk på ein måte. (Folk) Som eg ikkje har noko stort (dvs. nært) forhold til.
- Intervjuar: Er det folk du ville klemt i verkelegheita?
- Gry: Nja, nei, kanskje ikkje (latter). Det er jo bare for å vera snill du skriv det liksom.
- Intervjuar: Ja, bare (for å) visa at du, ja...
- Gry: Ja, at eg ikkje er sint eller noko sånt, liksom.)

6.3.1.2 Venner

Vennegruppa deler eg først og fremst inn etter kjønn – venner av same kjønn og venner av motsett kjønn. Vennene av same kjønn deler eg òg inn etter om relasjonen er sterk eller svak. Styrken og kvaliteten i ein relasjon kan målast ved å bruka omgrepet pleksitet (på norsk av og til kalla fibring). Ein multipleks relasjon vil gjerne reknast som sterkare enn ein unipleks. Eg vurderer det slik at venner som informantane oppga at dei ”var mykje med”, sannsynlegvis er venner dei har multiplekse relasjonar til, mens dei til venner dei ikkje ”var mykje med” sannsynlegvis var relasjonar med lågare pleksitet.

Eg bad informantane om å vurdere dei vennene dei hadde sendt tekstmeldingar til, etter om dei var ”mykje med dei” eller ikkje. Dette meiner eg vil seia noko om pleksiteten i relasjonen. På bakgrunn av informantane sine vurderingar har eg delt opp tekstmeldingsmaterialet, dei mottakarar informantane sa at dei var ”mykje med”, har eg klassifisert som nære venner, og dei mottakarane informantane sa at dei var ”lite med”, har eg klassifisert som kjenningar. Dei nære vennene har dei relasjonar med høg pleksitet til, multiplekse relasjonar, og kjenningane er nok stort sett relasjonar med lågare pleksitet, ofte uniplekse relasjonar. På bakgrunn av denne inndeling, fordeler tekstmeldingane til den overordna vennegruppa seg slik (tabell 6.17):

Venner, same kjønn	Jenter	Gutar	Totalt
<i>Nære venner</i>	131 (93 %)	32 (89%)	163 (92 %)
<i>Kjenningar</i>	10 (7 %)	4 (11%)	14 (8 %)
<i>Totalsum</i>	141	36	177

TABELL 6.17: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL VENNER

Wilmot og Shellen (1990: 421) skriv om kommunikasjon mellom venner at

personalized communication between friends is replete with assumed or unstated ‘givens’ so that the ‘new’ or informative portion of content shared among friends appears incomplete, sometimes even uninterpretable, to outsiders.

Dette er heilt klart tilfelle med tekstmeldingane som tenåringane skriv til vennene sine, her er den felles forståingsbakgrunnen oftast omfattande, og mykje treng ikkje seiast. Som utanforståande, hadde eg store problem med å tolka innhaldet i svært mange av tekstmeldingane eg mottok.

Gutar

Eg vil først sjå på kva som kjenneteiknar gutane sine tekstmeldingar til andre gutar, både til nære venner og til kjenningar. Felles for gutane er at dei generelt sender lite tekstmeldingar, og at dei tekstmeldingane dei sender, gjerne er korte og enkle i form og innhald.

SMS 6.10 Sga du verme i trekke i helgå? Jre?
(Bjarte 15 år, 24.01.06)

SMS 6.11 ?
(Per 15 år, 31.01.06)

Denne tekstmeldinga frå Per er den kortaste eg har i tekstmeldingsmaterialet mitt. Dei to tekstmeldingane over kan på mange måtar vera representative for tekstmeldingane gutane sender til kvarandre. Dei bruker inga form for *padding* slik som jentene gjer, og bruker sjeldan innleiingar eller avslutningar når dei skriv til andre gutar. Wilmot og Shellen skriv at “men’s conversations with their friends tended to be dominated by non-intimate topics” (Wilmot og Shellen 1990: 418). Den kjærlegaste tekstmeldinga som er sendt frå ein gut til ein annan, er nok denne frå Tor:

SMS 6.12 Kan du komma opp me samfunnsfag bogå før du går på trening?
Goodie
(Tor 15 år, 30.01.06)

Ein av informantane fortalte i det individuelle intervjuet at han var klar over at han oftast skreiv korte tekstmeldingar til kameratane sine:

”Bjarte: *Kamerata skriv’eg litt kortare mellinga, å, s’dæ nogen s’eg ikkje, f’sempel sånn så’g jobbe me, då plei’eg som regel å skriva litt meir det-detaljert*”
(Bjarte 15 år, 31.01.06).

(Bjarte: Kameratar skriv eg litt kortare (tekst)meldingar (til), og så. Det er nokon som eg ikkje, for eksempel sånne som eg jobbar med, då pleier eg som regel å skriva litt meir detaljert.)

Som tidlegare nemnt, bruker gutane færre forkortingar enn jentene, både til symmetriske og asymmetriske relasjonar. Det vil seia at gutane ikkje bruker så veldig mykje forkortingar i tekstmeldingane til vennene sine. Dei bruker òg mykje færre emotikon enn jentene, til venner bruker gutane gjennomsnittleg 0,2 emotikon i kvar tekstmelding, mens jentene bruker omlag 1,0.

	Emotikon	T.mld	Gjennomsnitt
<i>Gutar</i>	14	61	0,2
<i>Jenter</i>	199	201	1,0

TABELL 6.18: EMOTIKON TIL VENNER

Jenter

Jentene ser ut til å senda ganske mange tekstmeldingar til kvarandre samanlikna med gutane. I tekstmeldingane mellom jenter er *padding*, og då særleg dei rituelle helsingane, eit viktig moment. I 83 % av tekstmeldingane mellom jenter, finn eg slike rituelle avslutningar, i form av etablerte kjæleiks- eller vennsksfraser, og smileys (meir om rituelle helsingar i kapittel 5.6, s 61). Kva for fraser eller emotikon jentene vel å bruka ser ut til å vera individuelt.

Int: Eh, åsså skrive du [...] ”Kos” å ”Knib”.

Sara: (latter) Ja.

Int: Ja. Føle du dæ, kem æ du skrive dæ te, æ’ d litt forskjelligt, elle?

Sara: D’æ, ja, dæ kan vær te alle, el’. Ja, isje sånn t’mor å. Menne. Ja, dæ kan vær både venn’å...

Int: Ke, æ’ d no spesielt du tenke når du skrive dæ, elle?

Sara: Viss eg skriv ’ ”Kos”?

Int: Mmm.

Sara: Nei, æ, æ ve’sje, d’æ vel merr sånn vane, egle. Ja, eg, ja. I sten for ”hade” elle ”snakkes”.

Int: Mmm. Ja, d’æ på’n måd’en avslutning.

Sara: Ja”
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Og så skriv du [...] ”Kos” og ”Knib” (dvs. Klem).
Sara: (latter) Ja.
Intervjuar: Ja. Føler du det – kven er (det) du skriv det til, er det litt forskjellig, eller?
Sara: Det er, ja, det kan vera til alle, eller. Ja, ikkje sånn til mor, og. Men. Ja, det kan vera både (til) venner og...
Intervjuar: Kva, er det noko spesielt du tenker på når du skriv det, eller?
Sara: Viss eg skriv ”Kos”?
Intervjuar: Ja.
Sara: Nei, eg, eg veit ikkje. Det er vel meir (ein) sånn vane, eigentleg. Ja, eg, ja. I staden for ”ha det” eller ”snakkes”.
Intervjuar: Ja, det er på ein måte ei avslutning.
Sara: Ja.)

Men som det kom fram i intervjuet med Gry, er desse avsluttande frasene oftast ikkje meint bokstavleg.

*"Int: Æ de folk du ville klemt i virkeliheden?
Gry: Nnjaei, kanskj'isje (latter). D'æ jo bar' for vær snille du skrive klem liksom
Int: Ja, bar' visa at du, ja...
Gry: Ja, at eg ikkj'æ sint'ell noge sånn liksom"
(Gry 15 år, 31.01.06).*

(Intervjuar: Er det folk du ville klemt i verkelegheita?
Gry: Nja, nei, kanskje ikkje (latter). Det er jo bare for å vera snill du skriv det liksom.
Intervjuar: Ja, bare (for å) visa at du, ja...
Gry: Ja, at eg ikkje er sint eller noko sånt, liksom.)

Mange av jentene er ganske klare på kven som får kva type avslutningshelsing, og dei differensierer gjerne mellom kjærastar, nære venner, kjenningar og familie.

*"Anne: Dæ må vel, vær ei av dei venninnene, ve'sje kem av di, men d'æ bare dei eg skrive sjempeGID te, så dæ..."
(Anne 15 år, 31.01.06).*

(Anne: Det må vel, vera (til) ei av dei venninnene (dvs. nære venninner), (eg) veit ikkje kven av dei, men det er bare dei eg skriv kjempeGID (kgid) til, så det...)

I enkelte tekstmeldingar vel jentene òg å innleia med ei rituell helsing, av typen: "Hei", "Heia", "Halla" eller "Yo". Desse innleiingane ser ikkje ut til å vera like mykje brukte som avslutningsfrasene, for dei førekjem bare i 17 % av tekstmeldingane mellom jenter. Jenter skriv i større grad enn gutane tekstmeldingar fram og tilbake til kvarandre, som ein samtale. Rituelle helsingar i innleiinga av ei tekstmelding vert gjerne brukte når dei startar ein sånn tekstmeldingsdialog. Eg er så heldig at to av informantane mine var svært gode venninner, og eg har derfor fått inn begge sider av fleire slike tekstmeldingssamtalar.

SMS 6.13 Heia:) vil du komma nr itte skuln:)? Kgid
(Anne 15 år, 26.01.06)

SMS 6.14 heia.. ja komme ner nuh.. kgid..
(Gry 15 år, 26.01.06)

SMS 6.15 Kor du e nå:)? kgid<3
(Anne 15 år, 26.01.06)

SMS 6.16 Me barnaskolen. mn jg må jør litt lexe altså :| kgid..
(Gry 15 år, 26.01.06)

SMS 6.17 Jadå:) kgid<3
(Anne 15 år, 26.01.06)

Her er det interessant å sjå koss begge jentene konsekvent avsluttar tekstmeldingane sine med frasa ”kgid”. Av dei andre tekstmeldingsdialogane eg har motteke frå desse to jentene, viser det seg at denne avslutninga ikkje er heilt obligatorisk, men i dei fleste tilfella vel dei begge å leggja til ”kgid” eller eventuelt ”klem” på slutten.

Frå dei andre jentene fekk eg dessverre bare den eine sida av desse tekstmeldingsdialogane. Eksempelet under viser kor viktig det er med *padding* og omsorg i tekstmeldingar til venninner:

SMS 6.18 Du må ha god bedring vennen. Håbe du blir friske snart, e kje dt sama uden dg;-) gid god natt
(Marianne 15 år, 06.02.06)

I dei individuelle intervjuja prøvde eg å finna ut kva jentene sjølv tenkte rundt dette med *padding*:

”Int: Men æ de viktig dtæ å ha mæ dtæ ront når du skrive te venna?
Sara: Em. D’æ jo ’sje vikt, men d’æ, ve’sje, de ba’ blir sånn. Ja. D’æ jo ’sje sånn de må vær ’me liksom, men veldi grett. Men – ve’sje koffor d’æ sånn egnli”
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Men er det viktig det å ha med det rundt (dvs. *paddinga*) når du skriv til venner?

Sara: Det er jo ikkje viktig, men det, (eg) veit ikkje, det bare blir sånn. Ja. Det er jo ikkje sånn at det må vera med liksom, men (det er) veldig greit. Men, (eg) veit ikkje kvifor det er sånn eigentleg.)

Mottakarar av motsett kjønn

Både gutane og jentene sender flest tekstmeldingar til venner av same kjønn, men dei sender òg til mottakarar av motsett kjønn.

Venner, kjønn	Jenter	Gutar	Totalt
<i>Same kjønn</i>	141 (70 %)	36 (59 %)	177 (68 %)
<i>Motsett kjønn</i>	60 (30 %)	25 (41 %)	85 (32 %)
Totalsum	201	61	262

TABELL 6.19: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL VENNER ETTER KJØNN

Tekstmeldingane som gutane sender til jenter, er generelt noko lenger enn dei tekstmeldingane gutane sender til andre gutar. Enkelte av tekstmeldingane er ikkje så ulike frå dei som vert sendt til gutevenner, slik som denne:

SMS 6.19 Heh, sko md på [treningscenter]?
(Per 15 år, 31.01.06)

Andre tekstmeldingar igjen kan innehalda anten klare eller vage teikn på flørting:

SMS 6.20 Alltid lille du. Litt hissige i dag? Men eg såv. Natti.
Koskos<3
(Tor 15 år, 06.02.06)

Enkelte av gutane kommenterer òg at det kan vera lettare å uttrykka seg, og å visa følelsar gjennom tekstmeldingar (jamfør sitat frå intervju med Tor i kapittel 6.1.2 s 73).

Jentene ser ikkje ut til å gjera like stor skilnad på om mottakaren av tekstmeldingane dei skriv er gutar eller jenter. Den største forskjellen er nok at i tekstmeldingane jentene sender til gutar, bruker dei sjeldnare kjærlege fraser som avslutning. Men det betyr ikkje at dei ikkje bruker rituelle avslutningar i desse tekstmeldingane, det betyr bare at dei helst vel andre former for avslutningar. Det vanlegaste ser ut til å vera å avslutta desse tekstmeldingane med eit emotikon.

SMS 6.21 Øi, søren... Går d an å selga an te noen andre då...?:-)
(Sara 15 år, 26.01.06)

Ei av jentene kommenterte i det individuelle intervjuet at ho meinte ho skreiv annleis til gutar enn til jenter:

”Marianne: Eem, viss d’æ, d’æ litt annarledes når du skrive te gutta fr’eksempel. Då plei’u kje skriva så personligt”
(Marianne 15 år, 30.01.06).

(Marianne: Viss det – det er litt annleis når du skriv til gutar for eksempel. Då pleier du ikkje skriva så personleg.)

Tekstmeldingane til mottakarar som informantane har asymmetriske relasjonar til, er oftast endå mindre personlege.

6.3.2 Asymmetriske relasjonar

“A complementary relationship obtains when one participant is acknowledged to have a subordinate role to the other” (Giles, Coupland og Coupland 1991: 33). Informantane i denne undersøkinga sender hovudsakleg bare tekstmeldingar til mottakarar som står i ein makt-posisjon over dei, mottakarar som informantane dermed er underordna på eit eller anna vis. Dei fleste tekstmeldingane som er sendte til asymmetriske, komplementære relasjonar, er sendte til foreldra til informantane. Eg har i tillegg lagt inn ei gruppe som eg har kalla ”andre autoritetspersonar”. Denne gruppa omfattar leiarar for aktivitetar tenåringane deltek i, som trenarar, prestar og ungdomsarbeidarar. Gruppa inneheld òg sjefar til dei av informantane som

har kveldsjobbar, og meg – eit par av informantane sendte to–tre tekstmeldingar til meg med spørsmål om undersøkinga mi.

Asymmetriske relasjonar	Jenter	Gutar	Totalt
<i>Foreldre</i>	62 (93 %)	9 (41 %)	71 (78 %)
<i>Andre autoritetspersonar</i>	5 (7 %)	13 (59 %)	18 (22 %)
Totalsum	67	22	89

TABELL 6.20: FORDELING AV TEKSTMELDINGANE TIL ASYMMETRISKE RELASJONAR

Informantane sendte generelt svært få tekstmeldingar til mottakarar dei hadde asymmetriske relasjonar til, så materialet for å vurdere språkbruken i tekstmeldingar til asymmetriske relasjonar er noko snautt. Det viser at SMS-mediet er eit medium som helst vert brukt til å kommunisera med likeverdige, det vil seia jamaldringsgruppa.

6.3.2.1 Foreldre

Tekstmeldingane som tenåringane sender til foreldra sine, er stort sett korte og informative. Meldingane som er skrivne til foreldra, er faktisk dei kortaste i heile tekstmeldingsmaterialet, gjennomsnittleg består desse meldingane av bare 5,6 ord. Innhaldet i desse tekstmeldingane dreier seg stort sett om informasjon for koordineringa av kvardagslivet i familien.

SMS 6.22 Økei..:) kommer hjem hall
(Gry 15 år, 10. 29.01.06)

SMS 6.23 Om du kan kjøra meg t frisøsen kvart øve 2?
(Anne 15 år, 25.01.06)

Eg spurte informantane om dei opplevde det som at dei skreiv forskjellig når dei skreiv tekstmeldingar til foreldra og familien, og dei fleste bekrefta at dei sjølv meinte at dei gjorde det.

Int: Skrive du forskjellig itte kem du skrive te? Spurt'eg om dæ? Nei.
Sara: Em, æg skriv'isje likt te mor så'g jær te vennan mine (latter)
Int: Nei. Ja, kæ s'æ forskjellen?
Sara: Eh. Em, då æ de bare sånn konkret, sånn ja, ”ja me æ heima”, så blir d'ikkje sånn: ”Hei, hei mor, me æ heima, kos” ”
 (Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Skriv du forskjellig etter kven du skriv til? Spurte eg om det (tidlegare)? Nei.
Sara: Eg skriv ikkje likt til mor som eg gjer til vennene mine.
 Intervjuar: Nei. Ja, kva (er det) som er forskjellen?
Sara: Då er det bare sånn konkret, sånn, ja, ”ja, me er heime”, så blir det ikkje sånn: ”Hei, hei mor, me æ heima, kos”.)

Tekstmeldingane til foreldra inneheld svært sjeldan rituelle innleiingar eller avslutningar, dei er stort sett ribba for unødvendig utanomsnakk, og står att i si enklaste form.

SMS 6.24 Eg går nå
(Oddbjørn 15 år, 05.02.06)

To av jentene bruker tidvis emotikon som avslutning på tekstmeldingane til foreldra sine. Av dei tolv informantane er det bare desse to som bruker smileys i tekstane til foreldre, og dei smileyane som vert brukte her, er av dei heilt enklaste. Desse to jentene er òg ganske bevisste på kva former for smiley dei sender til foreldra.

SMS 6.25 Økei, kjøpe å tar med meg hjem:)
(Gry 15 år, 29.01.06)

Denne bevisste måten å bruka smileys på kan vera eit eksempel på at:

H15: Jenter tilpassar i større grad språket til mottakaren enn gutar gjer.

Ei einaste av jentene fortel at ho pleier bruka ei rituell avslutning til foreldra:

*”Int: Viss, koss skrive du te foreldre å familie å sånt?
Marianne: Eem, æg pleie jo allti slutta veffal mæ sei, elle mæ sei klem liksom. Ja, noge sånn. Ja, litt personlig føl’eg”*
(Marianne 15 år, 30.01.06).

(Intervjuar: Viss, koss skriv du til foreldre og familie og sånt?
Marianne: Eg pleier jo alltid slutta i alle fall med (å) seia, elle med (å) seia ”klem”, liksom. Ja, noko sånt. Ja, litt (meir) personleg føler eg.)

Tenåringane er flinke til å takka foreldra i tekstmeldingar. Dei takkar for tenester som til dømes henting og betaling, og er generelt ganske høflege og respektfulle mot foreldra sine. Av dei totalt 71 tekstmeldingane eg har motteke som er skrivne til foreldre, inneheld 12, altså 17 %, takking.

SMS 6.26 Øk,tusen takk far:-) men kan godt gå og allså...
(Anne 15 år, 25.01.06)

SMS 6.27 Hej, kan du komma å henta mg i halv 10 tiå? **Tusen takk**
(Marianne 15 år, 03.02.06)

Det som kan vera påfallande, er at det bare er jentene som takkar foreldra. Men det heng nok saman med at flestparten av tekstmeldingsmaterialet til foreldre er frå jentene. Jentene kommuniserer tydelegvis meir med foreldra via SMS enn kva gutane gjer. Dei ni tekstmeldingane som er sendt frå gutane til foreldregruppa, er stort sett bare informasjonsopp-

dateringar om kor dei er, desse er heilt tydelege svar på tekstmeldingsspørsmål dei har fått frå foreldra.

SMS 6.28 Eg e hos [gutenamn] nå
(Tor 15 år, 04.02.06)

Det er som tidlegare nemnt, brukt lite emotikon i tekstmeldingane til foreldra. Når det gjeld andre språktrekk som er typiske for språkbruken i tekstmeldingane, så ser det ut til at informantane har luka ut både dei engelske innslaga og banning frå tekstmeldingane dei sender til foreldra. Dei bruker derimot av og til forkortingar i desse tekstmeldingane, men det dreier seg her bare om konvensjonelle forkortingar og heilt enkle vokaleliminasjonar, her er ingen kreative eller slanginspirerte forkortingar.

SMS 6.29 Hei. går te [jentenamn] nå. spise dr:)
(Gry 15 år, 26.01.06)

SMS 6.30 Om eg heller kan farga håret mørkt? pga da e d den fargen
mitt hår e.
(Anne 15 år, 24.01.06)

I denne siste tekstmeldinga her, frå Anne, kan ein i tillegg til bruken av forkortingar, sjå at ho vel ein munnleg syntaks. Spørjeforma i "Om eg heller kan farga håret mørkt?" er ei typisk jærsk spørjeform. Dette er nokså representativt for koss tenåringane skriv til foreldra sine. Dei bruker bare lettfattelege forkortingar, og skriv generelt meir normert til foreldra enn til jamaldringar.

Denne meir normerte språkbruken til foreldra tolkar eg som akkommodasjon, informantane konvergerer språket i tekstmeldingane mot foreldra sin språkbruk. Giles viser til at "the greater the speakers' need to gain another's social approval, the greater the degree of convergence there will be" (Giles, Coupland og Coupland 1991: 19). Tenåringane er avhengige av foreldra sine på mange felt, og det er i deira interesse at foreldra har ei positiv oppfatning av dei. Ein annan motivasjon for konvergens er forståinga: "speech accommodation may be a device by the speaker to make himself better understood. The more the sender reflects the receiver's own mode of communication, the more easily will his message be understood" (Giles og Powesland 19: 234).

"Int: Skri', føle du du skrive forskjelligt te, te foreldene dine enn te andre å sånt?

Bjørn: Ja.

Int: Fr'æg ser dæ at i den te mor di så s, så æ du ganske sånn - d'æ faktisk heilt korrekt bogmål, viss æg ikkje tæge feil [...]

Bjørn: Ellar dæ, viss æg skrive te mor mi ellar far min, då skriv'æg sånn. Men, liksom, visst æg skrive te andre så, s'æg vett atta dei forstår. Viss æg skrive som en, bar en de i plassen for det. Sant så, så vett jo æg atta dei forstår dæ,

men viss æg skrive dæ te mor mi, så kan de vær hu bare sidde å ser på mobilen å ikkje forstår kæ æg he skreve liksom”
(Bjørn 15 år, 30.01.06).

- (Intervjuar: Skriv, føler du (at) du skriv forskjellig til, til foreldra dine enn til andre og sånt?)
Bjørn: Ja.
Intervjuar: For eg ser det at i den (tekstmeldinga) til mor di, så, så er du ganske sånn, det er faktisk heilt korrekt bokmål, viss eg ikkje tek feil [...]
Bjørn: Eller det, viss eg skriv til mor mi eller far min, då skriv eg sånn. Men liksom, viss eg skriv til andre som, som eg veit at dei forstår. Viss eg skrive som ein, bare ein d i plassen for det. (Ikkje) sant, så, så veit eg jo at dei forstår det, men viss eg skriv det til mor mi, så kan det vera at ho bare sit og ser på mobilen og ikkje forstår kva eg har skrive liksom.)

Likevel bruker dei ein heil del talenære og dialektnære setningsformer, formuleringar og til dels òg stavemåtar.

SMS 6.31 Eg e hos [gutenamn]. **Vett kje korti eg komme**
(Tor 15 år, 04.02.06)

SMS 6.32 Om pus kan gå **ud** nå?
(Anne 15 år, 28.01.06)

Ein av informantane hadde ei litt avvikande haldning til kva som var passande språkbruk i tekstmeldingar til foreldre. Dessverre fekk eg ikkje inn eksempel på slike tekstmeldingar, eg har bare det han sjølv sa i intervjuet å halda meg til.

- ”Int: Føle du du skrive forskjelligt itte kem du skrive te?
Kjetil: Nei, egnl’ikkje. Eg skriv d’sama meste t’adle
Int: Så d’æ, d’æ liksom – for d’æ no’n så sei’at når di skrive te foreldre så må di liksom jær de litt merr normalt
Kjetil: Mor h’lært seg te de. D’æ far ao, f’r’an skrive meste d’sama.
(Kjetil 15 år, 31.01.06).*

- (Intervjuar: Føler du at du skriv forskjellig etter kven du skriv til?
Kjetil: Nei, egentleg ikkje. Eg skriv det same nesten til alle.
Intervjuar: Så det er, det er liksom – for det er nokre som seier at når dei skriv til foreldra, så må dei liksom gjera det litt meir normalt.
Kjetil: Mor har lært seg til (å forstå) det. Det har far òg, for han skriv nesten det same (på same måten sjølv).)

Det kan henda at dei språklege vala hans i forhold til foreldra, er eksempel på divergens. Han ønsker kanskje å markera sosial avstand til foreldra sine, og gjer det gjennom språket. Tenåra er jo ei tid der relasjonen mellom foreldre og barn er i endring, der tenåringen gjerne vil lausriva seg og finna ein eigen, sjølvstendig identitet. “[D]ivergence to another communicative form may signal individual disdain regarding another’s dress, mannerisms, habits, language style, and so forth” (Giles, Coupland og Coupland 1991: 31).

6.3.2.2 Andre autoritetspersonar

Det er vanskeleg å seia noko generelt om tekstmeldingane som er sendte til andre autoritetspersonar. I denne kategorien er det bare snakk om 18 tekstmeldingar i alt, og det utgjer bare ca. 2 % av det totale tekstmeldingsmaterialet. Det ser ut til at språket og forma på desse tekstmeldingane er ganske varierende, og det heng sannsynlegvis saman med at det er forskjellig kor formelle relasjonar informantane har til desse autoritetspersonane. Enkelte av tekstmeldingane liknar mest på tekstmeldingane som er sendte til venner, slik som den under som er sendt til ein trenar:

SMS 6.33 Du eg vetsje om eg rekke trenin:(Lekse:(
(Bjarte 15 år, 13.02.06)

Andre tekstmeldingar er derimot meir formelle i forma, og har ein språkbruk som ligg ganske nært opp til normert skriftspråk, slik som denne som er sendt til ein sjef:

SMS 6.34 Hei,nå nærmer dt seg [gutenamn] sin 8 års dag:-) har du noen
tips til hva han ønsker seg? Klem [Marianne]
(Marianne 15 år, 25.01.06)

Dette er heilt i tråd med Giles, Coupland og Coupland sine funn om at språkbruk viser “greater convergence to the language of another who was an occupational superior than to the language of one who was an subordinate” (Giles, Coupland og Coupland 1991: 20).

Ei av jentene fortalte i det individuelle intervjuet at ho prøvde å skriva meir normert blant anna til trenarane sine:

”Int: Men variere du itte kem du skrive te?
Hilde: Ja, av å te, viss eg ska skriva sånn – te trænar å sånn så skriv’æg jedna litt –
ikkje ba’ sånn ...
Int: Ja. Skrive du litt – sjikkeliggarr’elle?
Hilde: Ja”
(Hilde 15 år, 10.01.06).

(Intervjuar: Men varierer du etter kven du skriv til?
Hilde: Ja, av og til, viss eg skal skriva sånn – til trenar og sånn, så skriv eg gjerne litt
– ikkje bare sånn ...
Intervjuar: Ja. Skriv du litt – skikkelegare eller?
Hilde: Ja.)

I forhold til lengd, utmerker tekstmeldingane til gruppa ”andre autoritetar” seg i at dei er ein heil del lengre enn dei andre tekstmeldingane.

<i>Foreldre</i>	<i>Andre autoritetar</i>
5,6 ord / mld	12,6 ord / mld

TABELL 6.21: TEKSTMELDINGSLENGDE TIL ASYMMETRISKE RELASJONAR

Ein av grunnane til at tekstmeldingane til dei andre autoritetspersonane er så lange (heile 12.6 ord per melding), er kanskje det at dette ikkje er personar som informantane har noko nært forhold til, og dermed har dei lite felles historie. Med så begrensa felles forståingsbakgrunn, er det gjerne nødvendig med meir utdjupande forklaringar enn kva som må til i tekstmeldingar til nærare relasjonar, som jamaldringar og foreldre.

6.3.3 Relasjon til mottakar som variabel

Relasjon til mottakaren viser seg å ofte vera ein avgjerande faktor for det språklege uttrykket i tekstmeldingane. Dette tolkar eg som akkommoderande språkhandlingar, sidan informantane ser ut til å tilpassa språkuttrykket til mottakaren.

Tekstmeldingane til mottakarar som informantane har symmetriske relasjonar til, ligg språkleg fjernare frå skriftspråksnormene. Språket til nære venner og kjærastar blir ofte intimt og talenært, både i uttrykk og innhald.

SMS 6.35 Heia:) okå;) eg ligge i sengå å tenke på dg og hallsøve:p
duda? ELSKE DG MAX FØRALLTI!
(Anne 15 år, 24.01.06)

Desse tekstmeldingane inneheld meir av dei trekka som gjerne vert assosierte med det som vert kalla SMS-språk, som for eksempel forkortingar, smileys og rituelle helsingar. Bruken av slike typiske SMS-trekk ser ut til å auka i samsvar med tettleiken til relasjonen mellom sendar og mottakar, slik at kjærastemeldingane er dei som har mest avvik frå skriftspråksnormene.

Til mottakarar som informantane har asymmetriske relasjonar til, bruker dei fleste av informantane ein meir korrekt og skriftleg stil. Sidan dei fleste av desse mottakarane er vaksne, og vaksne gjerne bruker normert skriftspråk i tekstmeldingar, ser eg det som svært godt muleg at denne skriftlege stilen i desse tekstmeldingane er konvergerande åtferd frå informantane si side. I desse meldingane er frekvensen av typiske SMS-fenomen mykje lågare enn i tekstmeldingar til jamaldringar.

SMS 6.36 Er enda hos tannlegen, de kommer jo aldri...
(Bjørn 15 år, 25.01.06)

Denne konvergerande tilpassinga gjer dei bevisst for å letta forståinga for mottakaren.

Int: Skrive du forskjelligt itte kem du skrive te? Spurt'eg om dæ? Nei.
Sara: Em, æg skriv'isje likt te mor så'g jær te vennan mine (latter)
Int: Nei. Ja, kæ s'æ forskjellen?
Sara: Eh. Em, då æ de bare sånn konkret, sånn ja, "ja me æ heima", så blir d'ikkje sånn"
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Intervjuar: Skriv du forskjellig etter kven du skriv til? Spurte eg om det (tidlegare)? Nei.
Sara: Eg skriv ikkje likt til mor som eg gjer til vennene mine.
Intervjuar: Nei. Ja, kva (er det) som er forskjellen?
Sara: Då er det bare sånn konkret, sånn, ja, ”ja, me er heime”, så blir det ikkje sånn.)

6.4 Oppsummering av sosiale variablar

Dei tre sosiale variablane eg har sett på, ser alle ut til å påverka språket i tekstmeldingane. Den største skilnaden mellom jenter og gutar sine tekstmeldingar er nok mengda. Jenter sender veldig mange fleire tekstmeldingar enn det gutar gjer. Dette heng nok saman med at gutar stort sett bruker SMS-mediet instrumentelt, for å gi korte og enkle beskjedar, mens jenter bruker mediet meir ekspressivt og sosialt. Det at jentene skriv fleire tekstmeldingar, kan vera grunnen til at dei bruker meir forkortingar enn kva gutane gjer, og den ekspressive og sosiale bruken er sannsynlegvis ansvarleg for jentene sin omfattande bruk av emotikon og rituelle helsingar. Jenter og gutar er nok òg ganske ulike når det kjem til sosialitet og verbalitet, dette vert kanskje særleg tydeleg i tenåra. Gjennom dei individuelle intervju med informantane, fekk eg inntrykk av at dei som sendte flest tekstmeldingar, generelt var meir verbale, både munnleg og skriftleg, enn dei som sendte få tekstmeldingar.

Gruppetilhøyrse som variabel gav utslag i undersøkinga. Om eg ser på skilnadene eg fann mellom dei tre gruppene, er det ei gruppe som markant skil seg ut, og det er dei frittstående ungdommane, dei som verken driv med organisert idrett eller engasjerer seg i religiøse miljø. Dei skriv både langt fleire tekstmeldingar enn dei andre, og dei bruker i større grad SMS-fenomen som smileys, forkortingar og rituelle helsingar. Dette resulterer i at språkuttrykket i tekstmeldingane til dei frittstående nærmast får eit kodepreg.

Dei to andre gruppene er meir like kvarandre. Idrettsungdommane sitt tekstmeldingsspråk kan karakteriserast som ganske munnleg, mens språket til dei religiøse var det som låg nærast normert skriftspråk.

I dei individuelle intervju, gav informantane uttrykk for at dei ikkje kjende seg igjen i den gruppeinndelinga eg opererer med, og med bare fire informantar i kvar gruppe, kan ein heil del av variasjonen tenkast å vera individuelle preferansar, og kanskje til og med manglande rapportering. Her er det vanskeleg å vita kor stor vekt eg skal tillegga gruppevariasjonen som kjem fram i tekstmeldingsmaterialet. Men eg trur at dei gruppene eg har delt inn i, representerer faktiske sosiale grupperingar, eller kategoriseringar, blant tenåringane. Det kan nok henda at desse kategoriseringane er på eit såpass høgt nivå, at dei ikkje er så lett synlege for aktørane som inngår i dei. Det er jo gjerne slik at sosiale strukturar vert vanskelegare og vanskelegare for folk å sjå, dess høgare nivå dei er på.

Dei fleste av informantane gav uttrykk for at dei bevisst skreiv meir normert i tekstmeldingar til foreldra. I eit symmetriperspektiv står foreldra i eit asymmetrisk forhold til tenåringane, og i tekstmeldingsmaterialet mitt viser det seg at relasjonssymmetri er ein avgjerande faktor for språkbruken. Dess nærare og meir symmetrisk relasjonen mellom sendar og mottakar er, dess høgare frekvens får dei typiske SMS-trekka. Asymmetriske relasjonar gir meir normert skriftleg stil. Her vert det aktuelt å dra inn akkommodasjonsteori, for sjølv om eg bare har informantane si side av kommunikasjonen, så er det svært sannsynleg at dei vaksne mottakarane som tenåringane skriv til, bruker eit meir normert skriftspråk enn dei jamaldrande mottakarane. Om dette er tilfelle, så kan bruken av meir normert skriftspråk i tekstmeldingane til vaksne tolkast som konvergens. Det same gjeld den mindre normerte språkbruken til jamaldringar.

Dette er altså hovudfunna mine når det gjeld samanhengen mellom språkbruk i tekstmeldingar og dei sosiale variablane kjønn, gruppetilhøyrse og relasjon til mottakar. Alle variablane ser altså ut til å spela inn. Kjønn og gruppetilhøyrse er avgjerande for kor mange tekstmeldingar ungdommane i undersøkinga skriv. Gruppetilhøyrse bestemmer kva preg språket får, og relasjon til mottakar har innverknad på i kor stor grad SMS-fenomen vert brukte i tekstmeldingane.

7 AVSLUTNING

Fascinasjonen over mobiltelefonbruken og den endra sosialiteten som han fører med seg, låg bak mitt val av masterprosjekt. Gjennom undersøkinga mi ønsker eg å prøva å nyansera det nokså karikerte bildet av SMS-språket som vert presentert i media. Språket som ungdommar bruker i tekstmeldingar blir gjerne framstilt som ei nærast universell og fastlagt uttrykksform, kjenneteikna av engelsk, alfanumeriske kombinasjonar (av typen *c u l8r*⁶), smileys og konsonantskriving. Dette bildet som me får presentert i media, er altfor enkelt. Funna frå undersøkinga mi, viser at språket i tekstmeldingar er svært varierende, prega av individuelle og situasjonsavhengige faktorar.

For å finna ut meir om språkbruken som SMS-mediet medfører, har eg i første omgang undersøkt kva forskning som er gjort på feltet. Her fann eg overraskande lite reint lingvistiske studiar. Den einaste relevante lingvistiske studien eg fann, var svenske Ylva Hård af Segerstad si doktorgradsavhandling *Use and Adaptation of Written Language to the Conditions of Computer-Mediated Communication* (2002). I tillegg har eg basert meg på to andre nordiske undersøkingar frå ulike fagfelt, Eija-Liisa Kasesniemi si folkloristiske studie av tenåringar sin mobilkultur, presentert i boka *Mobile Messages: Young People and a New Communication Culture* (2003), og rapporten *Mobile medier – mobile unge* (2005) frå Afdeling for Film- og Medievidenskab ved Københavns Universitet.

Sidan arbeidet som er gjort i forhold til tenåringar og tekstmeldingsspråk tidlegare er nokså sparsamt, har det vore vanskeleg å avgrensa prosjektet mitt. Avhandlinga har derfor eit breitt fokus, eg har prøvd å kartlegga feltet og har derfor ikkje hatt høve til å gå så grundig inn på enkeltfenomen som eg gjerne hadde ønska. Undersøkinga er basert på eit feltarbeid på Jæren, der fekk eg tolv 10. klassingar til å vidaresenda tekstmeldingar til meg over ein tidsperiode. I etterkant av dette intervjuet er informantane.

Analysen av materialet er todelt. Første delen er ei kartlegging av dei lingvistiske trekka som kjenneteiknar språkbruken i tekstmeldingsmaterialet. Her fann eg det naturleg å bruka ei induktiv tilnærming, og prøvde å finna generelle tendensar i materialet, utan å på førehand ha gjort meg så mange tankar kva eg trudde eg ville finna. Den andre delen av analysen er basert på hypotesar om at språket i tekstmeldingane ville visa variasjon i samsvar

⁶ c u l8r = see you later

med tre sosiale variablar: Kjønn, gruppetilhøyrse og relasjon til mottakar. I denne delen vart tilnærminga naturleg nok av ein meir deduktiv karakter.

7.1 Lingvistiske trekk

Språket i tekstmeldingane er levande og innovativt. Tenåringane i undersøkinga mi bruker SMS-språket til å leika med uttrykksformer, og dei har ei kreativ til skriftleggjeriing av lydar.

Dei viktigaste lingvistiske trekka eg har kommentert, er det munnlege preget i tekstmeldingsspråket, bruken av ulike former for forkortingar og sosiale verkemiddel som emotikon og rituelle helsingar. Det karikerte bildet av SMS-språket som kjem fram i media, stemmer dårleg med det inntrykket eg fekk av språkbruken til mine informantar. Eg fann verken alfanumeriske kombinasjonar eller omfattande bruk av engelske importord. Det som var mest typisk for språkbruken var variasjonen, både individuell variasjon mellom dei ulike informantane, men òg variasjon i tekstmeldings-materialet frå den enkelte informanten.

Det som var mest påfallande ved språket i tekstmeldingane, var at det var svært talenært. Kasesniemi har kalla SMS-språket *written speech*, skriftleg tale, og dette er eit uttrykk som skildrar språkbruken i tekstmeldingar godt. Fleire av informantane gav òg uttrykk for at dei valde ein talenær strategi når dei skreiv tekstmeldingar:

"Hilde: Vett'kj'eg skrive ba' dæ æg suns te-, dæ æg hadde sagt liksom"
(Hilde 15 år, 10.02.06)

(Hilde: (Eg) veit ikkje, eg skriv bare det er syns te-, det eg hadde (ville ha) sagt liksom.)

Syntaktisk er tekstmeldingane svært talenære, med mykje strokne setningsledd. Denne noko minimalistiske strukturen er typisk for talespråket, der mykje informasjon er implisitt, og kommunikasjonen i stor grad er basert på felles bakgrunnskunnskap.

SMS 7.01 Såg ml nu... ti vil du låna cd en?
(Ingrid 15 år, 04.02.06)

Ortografien i tekstmeldingane ligg òg nært opp til talespråket, den er kreativ og leikande lydleg. Lydnære stavingsstrategiar, inkonsekvent staving og forkortingar, både konvensjonelle og nyskapande, kjenneteiknar det ortografiske uttrykket i tekstmeldingsmaterialet frå Jæren.

SMS 7.02 Naaj, sje saj sånt=P sattan. Kan ver hjelpsomme av og til,
men ellers bare dritt;-) hehe. Løwju2<3
(Kjetil 15 år, 25.01.06)

Dialektbruk og interne uttrykk pregar tekstmeldingane leksikalsk. Eg fann mindre banning og mindre engelske importord enn eg hadde venta.

Typografien i tekstmeldingane ber preg av den munnlege forma, og bruken av store og små bokstavar, og punktsetjing, er svært varierende. Enkelte av informantane er svært opp-tekne av korrekt typografi, mens hos andre er typografien ganske tilfeldig. Dei aller fleste informantane bruker emotikon i tekstmeldingane sine. Desse vert brukte for å unngå misforståingar.

”Sara: *Ja, s’æ d’vel ba’om eg e i godt humør elle sånn [...] Visa liksom d’æ positiv ell’ negativt dæ du skrive*”
(Sara 15 år, 31.01.06).

(Sara: Ja, så er det vel bare om eg er i godt humør eller sånn. Visa liksom om det er positivt eller negativt det du skriv.)

Emotikona etterlikner ansiktsuttrykk, og vert brukte til å gjera tekstmeldingane lettare å tyda for mottakaren, som ei erstatning for den nonverbale kommunikasjonen i ansikt-til-ansikt-interaksjon. Ein kan seia at emotikona gir tekstmeldingane eit meir uformelt og munnleg preg.

SMS 7.03 *Gratulera du og:D*
(Hilde 15 år, 10.02.06)

Sjølv om språket i tekstmeldingane er svært munnleg i forma, er eg usikker på om det kan kallast eit tredje medium. Eg forstår argumenta for at SMS-språket kan sjåast som ein hybrid av skrift og tale, men å kalla det eit tredje medium er kanskje å ta litt for sterkt i. Den beste måten å skildra det på er etter mi meining slik Kasesniemi har gjort det, med uttrykket ”written speech” (2003: 209) – det vil seia skriftleggjort, eller skriftfesta, tale. Strukturelt ligg gjerne språkuttrykket i tekstmeldingar nært opp til talespråket, med korte setningar, strokne setningsledd og mykje setningsfragment. Kommunikasjonssituasjonen har òg likskapar med både tradisjonell skrift og tale, i at SMS er både interaktivt og redigert på same tid. Men sjølv om SMS-språket fritt kombinerer verkemiddel frå både skrift og tale, er det grunnleggjande monomodalt visuelt, som skrift.

Randi Solheim kommenterer i si doktorgradsavhandling *Språket i smeltegryta: sosiolingvistiske utviklingliner i industrisamfunnet Høyanger* språket ungdommane bruker i elektroniske medium, er ei form for skriftleggjing av det lokale ungdomsspråket. Ho viser til utbreidd bruk av samantrekningar og forkortingar, og bortfall av stumme lydar. Informantane hennar ”greier verken å relatere [nettspråket] til skriftmåla eller talemålet”. Dette meiner ho at ”strekas under at e-språket nettopp er ein uttrykksmåte der alle normer

kjennest irrelevante” (2006: 363f). Ho kallar dei elektroniske kommunikasjonsmidla for ”ei språkleg frisone” (2006: 363), dette er ei svært treffande skildring.

7.2 Sosiale variablar

Den andre delen av analysen er sentrert rundt tre arbeidshypotesar. Sjølv om oppgåva ikkje er hypotesetestande, men eksplorerande, har eg valt å formulera arbeidshypotesar som eg bruker som utgangspunkt for analyse og drøfting. Dei tre hypotesane dreier seg om i kva grad språket vert påverka av sosiale variablar. Eg har sett på variablane kjønn, gruppetilhøyrse og relasjon til mottakar. Mykje av tekstmeldingsmaterialet har vore vanskeleg å vurdere, særleg sidan eg i utgangspunktet prøvde å vera open, og ikkje såg etter spesifikke fenomen, men snarare prøvde å gjera meg opp eit bilde av kva som kjenneteikna det språket som vart brukt i desse tekstmeldingane. Dei vurderingane eg har gjort, har vore dels kvantitative og dels kvalitative. Eg har òg sett på dei individuelle intervju, og kva informantane sjølv meiner om sin eigen språkbruk, og dei ulike lingvistiske trekka.

Kjønnsvariabelen viste seg å ha stor innverknad på språket i tekstmeldingane. Den største skilnaden mellom gutane og jentene er kan hende koss dei bruker tekstmeldingsmediet. Gutane bruker stort sett SMS-mediet instrumentelt, til å formidla enkle beskjedar i kvardagskoordineringa. Jenter ser derimot ut til å bruka tekstmeldingane meir ekspressivt og sosialt, i tillegg til den instrumentelle bruken. Denne ulike bruken resulterer i at situasjonen og innhaldet i kommunikasjonen ofte vert ulik for jenter og gutar. Dette kan forklara ein heil del av skilnadene i språkbruken, særleg når det kjem til sosiale språklege verkemiddel, som bruken av emotikon og rituelle helsingar. Tekstmeldingane under (SMS 7.1 og SMS 7.2) kan stå som eksempel på kjønsskilnadene, essensen i dei er den same, men Bjarte si tekstmelding har ein reint instrumentell funksjon. Sara si tekstmelding er òg delvis instrumentell, men ho har òg lagt til sosiale og ekspressive element, og gjort meldinga til eit uttrykk for vennskap i tillegg til den reint praktiske opplysninga ho formidlar.

SMS 7.04 Eg komme ikkje på trening i dag.sga ha store prøve
(Bjarte 15 år, 13.02.06)

SMS 7.05 Heia [jentenamn]! Eg komme ikkje på [aktivitet] i dag, for eg
e nødt te å øva te matteprøven i mårå...! Men dåkke må kosa
dåkke!:-) Gla i deg, kniib
(Sara 15 år, 26.01.06)

Skilnaden i bruken av SMS-mediet kan som sagt forklara mange av kjønsskilnadene i tekstmeldingane. Men jenter og gutar har òg eit forskjellig språk, uavhengig av innhald og

situasjon. Jenter vert generelt oppdregne til å vera meir verbale enn gutar, og det er kanskje derfor dei er så flittige brukarar av SMS-mediet.

Kjønnskilnadene som framgår i tekstmeldingsmaterialet eg har samla inn, samsvarar dårleg med den tradisjonelle sociolingvistiske oppfatninga om at kvinner “produce on average linguistic forms which more closely approach those of the standard language or have higher prestige than those produced by men” (Trudgill 1983: 161). Jentene i undersøkinga mi brukte fleire typiske SMS-fenomen enn gutane, og desse fenomena avvik frå begge standardformene for språk (skrift og tale). Men ein kan tenka seg at desse formene kanskje har prestisje i sin sjanger, om dette er tilfelle, er den språklege åtferda til jentene i undersøkinga samsvarande med Trudgill sin påstand over.

Den andre sosiale variabelen eg har sett på, er gruppetilhøyrse. Her var intensjonen å finna ut om det fanst noko samband mellom språkleg uttrykk og tilhøyrse til dei tre hovudgrupperingane som ungdomsskulelærarane gav uttrykk for at dei såg: Ungdommane som dreiv med organisert idrett, dei som engasjerte seg i religiøse miljø, og ungdommane som verken dreiv med organisert idrett eller var religiøse. Eg trudde at eg ville finna variasjon som kunne knytast til sosialt nettverk og *community of practice*. Funna frå tekstmeldingsmaterialet viser ein del variasjon som er samanfallande med gruppeskilja. Men informantane sjølve gav ikkje uttrykk for at dei såg dei same grupperingane, er eg usikker på kor mykje vekt eg skal tillegga denne variasjonen.

Men kva er ei gruppe? Og koss vert gruppedlemskap opplevd? Sidan informantane sjølv ikkje såg dei same gruppene som lærarane såg, betyr ikkje det at ikkje desse gruppene fanst, det betyr kanskje bare at dei ikkje er like openbart synlege for ungdommane. Sosiale strukturar kan ofte vera vanskelege å sjå for aktørane som inngår i dei, men like fullt er dei der, og formar rammene rundt interaksjonen. Dess høgare nivå slike sosiale strukturar er på, dess vanskelegare blir det for aktørane å sjå dei.

Om ein tek utgangspunkt i ei slik forståing av sosial struktur, er kanskje termen *sosial kategori* meir dekkande for dei tre gruppene i undersøkinga mi. ”All members of a social category have some common characteristic, although they are not likely to know each other or to interact”, påpeiker Taylor m. fl. (2000: 298).

Gruppeinndelinga er i så fall ikkje basert så mykje på *community of practice* som eg i utgangspunktet trudde, men snarare på ei tredelt sosial kategorisering av tenåringane, ei kategorisering som dei sjølve ubevisst bruker for å plassera seg sjølv og andre i eit sosialt system. Slike kategoriar er gjerne grunnleggande for koss me opplever eigen og andre sin identitet, og kan slik vera utslagsgivande for blant anna språket til den enkelte.

Ei slik kategorisering av ungdommar er ikkje noka ny tilnærming. Penelope Eckert, som introduserte omgrepet *community of practice*, delte ungdommane i si eiga studie av high school-elevar i Detroit inn i dei to sosiale kategoriane, *Jocks* og *Burnouts* (Eckert 2000: 2). Ei liknande dikotomisering finn ein hos Unn Røyneland sitt skilje mellom *bus / rånar* og *soss / skatar*, der den bakanforliggende faktoren for kategoriseringa, var om informantane var lokalt eller urbant orienterte (Røyneland 2005: 194).

Kan den tredelte kategoriseringa eg opererer med, seia noko om det sosiale landskapet dei jærskje tenåringane lever i? Eckert og Røyneland sine kategoriar er baserte på sosio-økonomisk klasse og orientering, mens dei sosiale gruppene eller kategoriane eg har valt, er basert i fritidsinteresser. Eg trur nok at dei sosioøkonomiske skilnadene er ein heil del mindre i Noreg enn i USA, så ei inndeling inspirert av Eckert er neppe like aktuell her. Røyneland si inndeling etter lokal og urban orientering er derimot svært interessant, og det kunne ha vore spennande å sjå på for eksempel dialektbruken i tekstmeldingane i forhold til ei slik kategorisering.

Kommunikasjonen i tekstmeldingar er grunnleggande dyadisk, kommunikasjons-situasjonen har to involverte aktørar, sendar og mottakar. Det er derfor ganske naturleg å sjå nærare på relasjonen mellom desse to, for å sjå om denne er utslagsgivande for kva form språket i tekstmeldingane får. Relasjonssymmetrien utgjer ein viktig påverknad på språkbruken i tekstmeldingane frå informantane mine. Wilmot og Shellen peiker på at “the ways we talk with friends are greatly different from the ways we talk with strangers” (1990: 413). Tenåringane i undersøkinga mi skriv meir talenært og bruker meir typiske SMS-fenomen i tekstmeldingar til jamaldringar, mens språket dei bruker til vaksne, asymmetriske relasjonar, ligg nærare normert skriftspråk.

Eg meiner at funna mine når det gjeld variasjon i forhold til kjønn og relasjonssymmetri, er nokså representative for tenåringar sitt tekstmeldingsspråk generelt. Kjønnsskilnaden trur eg hovudsakleg er grunna den ulike oppdraginga av gutar og jenter, der dei lærer kjønnsrollane sine. Eg trur denne sosialiseringa er grunnen til at tenåringsjenter generelt ser ut til å vera meir verbale enn tenåringsgutar. Denne ulike verbaliteten viser igjen i den ulike bruken av SMS-mediet – gutane sin instrumentelle, og jentene sin ekspressive og sosiale bruk – og det er bruken, eller funksjonen, som ligg til grunn for utviklinga av eit hensiktsmessig språkuttrykk.

I mitt materiale finst det ein heil del gruppeavhengig variasjon òg, men kva desse gruppene, eller kategoriane, er basert på, kan nok variera. Kategorisering på bakgrunn av fritidssysler viser seg å vera avgjerande for språkbruken blant ungdomsskuleelevar på Jæren,

men andre stader, og i andre aldersgrupper, er kanskje denne kategoriseringa mindre utslagsgivande.

7.3 Vidare tankar

Denne avhandlinga har fanna svært vidt, eg har prøvd å både skildra dei lingvistiske trekka, òg å seia noko om det sosiale landskapet tekstmeldingane vert produserte i. Eg trur det kunne vore spennande å sjå nærare på den sosiale variasjonen, og då kanskje fokusert på bare ein slik variabel, for heller å gå grundigare inn på kva variasjon nettopp denne variabelen gir. Men sidan det finst så lite tidlegare arbeid å visa til, meiner eg at det var nødvendig å først gi ei skildring av det faktiske SMS-språket eg fann i tekstmeldingsmaterialet.

I kvardagen er språket ein del av det personlege uttrykket, og med nye medium vert skriftspråket ein viktig reiskap for vanlege folk. Det kan vera interessant å sjå kva som skjer i møtet mellom det mobile mennesket og skriftinga, om ei tilpassing vil skje, og i så fall, kva denne tilpassinga går ut på. Tenåringane eg har studert, tilhøyrer ein kontinuerleg tekstproduserande generasjon, og denne generasjonen skal etterkvart verta vaksne og vera med på å bestemma kva retning skriftspråket vårt skal ta. Likevel er så langt altfor lite forskning gjort på koss tekstane og språket deira ser ut ennå.

Eg vil avslutta med å sitera Ylva Hård af Segerstad som skriv at: “Language changes, it is just not necessarily something bad” (2002: 262).

KJELDER

Litteratur

Bø, Inge. 1993. *Folks sosiale landskaper: en innføring i sosiale nettverk*. Oslo: Tano.

Chambers, J. K. 2003. *Sociolinguistic Theory: Linguistic Variation and its Social Significance*. Oxford: Blackwell.

Coates, Jennifer og Deborah Cameron. 1988. *Women in Their Speech Communities: New Perspectives on Language and Sex*. London: Longman.

Crystal, David. 1999. *The Penguin Dictionary of Language*. London: Penguin.

Crystal, David. 2001. *Language and the Internet*. Cambridge: Cambridge University Press.

Crystal, David. 2003. *A Dictionary of Linguistics & Phonetics*. 5th ed. Oxford: Blackwell.

Dolmen, Odd Arne. 2004. *Mobil kommunikasjon og tenåringers tilhørighet i et sosialt nettverk: en sosiokulturell tilnærming til apparatgeist-perspektivet*. Bergen: Universitetet I Bergen.

Eckert, Penelope. 1989. *Jocks and Burnouts: Social Categories and Identity in the High School*. New York: Teachers College Press.

Eckert, Penelope. 2000. *Linguistic Variation as Social Practice: The Linguistic Construction of Identity in Belten High*. Malden, Massachusetts: Blackwell.

Giles, Howard, Justine Coupland og Nikolas Coupland. 1991. *Contexts of Accommodation: Developments in Applied Sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.

- Giles, Howard og Peter Powesland. 1997. Accomodation Theory. I: Coupland, N og A. Jaworski (red.): *Sociolinguistics: A Reader and Coursebook*. Hampshire: Palgrave. 232 – 239
- Giles, Howard og P. S. Smith. 1979. Accomodation Theory. Optimal Levels of Convergence. I: Giles, H. og R. N. St. Clair (red.): *Language and Social Psychology*. Oxford: Blackwell. 45 – 65
- Halliday, M.A.K. 1989. *Spoken and Written Language*. Oxford: Oxford University Press.
- Hård af Segerstad, Ylva. 2002. *Use and Adaptation of Written Language to the Conditions of Computer-Mediated Communication*. Göteborg: Göteborgs Universitet.
- Kasesniemi, Eija-Liisa og Pirjo Rautiainen. 2002. Mobile culture of children and teenagers in Finland. I: Katz, James E. og Mark A. Aakhus. *Perpetual Contact: Mobile Communication, Private Talk, Public Performance*. Cambridge: Cambridge University Press. 170 – 192
- Kasesniemi, Eija-Liisa. 2003. *Mobile Messages: Young People and a New Communication Culture*. Tampere: Tampere University Press.
- Katz, James E. og Mark A. Aakhus. 2002. *Perpetual Contact: Mobile Communication, Private Talk, Public Performance*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kramarae, Cheri. 1990. Changing the Complexion of Gender in Language Research. I: Giles, Howard og W. Peter Robinson: *Handbook of Language and Social Psychology*. Chichester: Wiley.
- Madsen, Christian og Gitte Stald. 2005. *Mobile medier - mobile unge. Formidlingsrapport 02/05*. København: Københavns Universitet.
- Milroy, Lesley og Matthew J. Gordon. 2003. *Sociolinguistics: Method and Interpretation, Language in Society ; 34*. Malden, Mass.: Blackwell.

- Moghaddam, Fathali M. 1998. *Social Psychology: Exploring Universals Across Cultures*. New York: Freeman.
- Mæhlum, Brit. 2003. Språk og identitet. I: Mæhlum, Brit m. fl. *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Røyneland, Unn. 2003. Språk og dialekt. I: Mæhlum, Brit m. fl. *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Røyneland, Unn. 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet: ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Solheim, Randi. 2006. *Språket i smeltegryta: sosio-lingvistiske utviklingliner i industrisamfunnet Høyanger*. Trondheim: NTNU.
- Skog, Berit. 2003. Stammespråket på sms. *Adresseavisen*, 18.09.2003.
- Skog, Berit. 2002. *Ungdom og SMS: rapport fra utdanningsmessen i Trondheim 17-19 januar 2002, ISS-rapport ; nr 60*. Trondheim: Institutt for sosiologi og statsvitenskap NTNU.
- Skog, Berit. 2004. "Kor e du?" – om dialekt på sms. I: *Språklig samling*, hefte 2. Oslo. 3–8
- Swann, Joan m. fl. 2004. *A Dictionary of Sociolinguistics*. Tuscaloosa, Ala.: University of Alabama Press.
- Taylor, Shelley E. m. fl. 2000. *Social Psychology*. New Jersey: Prentice Hall.
- Trudgill, Peter. 1983. *On Dialect: Social and Geographic Factors*. Oxford: Blackwell.
- Trudgill, Peter. 2000. *Sociolinguistics: an Introduction to Language and Society*. London: Penguin.
- Trudgill, Peter. 2003. *A Glossary of Sociolinguistics*. Oxford: Oxford University Press.

Utne, Ivar. 2002. Nettspråket. I: Johnsen, E. B.(red.): *Vårt eget språk*. Oslo: Aschehoug. 170–180

Wilmot, William W. og Wesley N. Shellen. 1990. Language in Friendships. I: Giles, H. og W. P. Robinson (red.): *Handbook of Language and Social Psychology*. Chichester: John Wiley & Sons Ltd. 413-432

Internettkjelder

Kervarec, Varog. 2007. Dialekter reddes av mobilen. På nettsida: *mobilen.no*. Gjengitt på:
<http://www.abcnyheter.no/node/49308> (20.07.07 kl. 11:55)

Perduco analyse & kommunikasjon. 2007. *Befolkningsundersøkelse*. Netcom, 21. juni 2007.

Post- og Teletilsynet. 2005. *Det norske telemarked 1. halvår 2005*. http://www.npt.no/iKnowBase/Content/Det_norske_telemarkedet_1H05.pdf?documentID=45730
(05.12.2005, kl 12.33)

Wikipedia. <http://en.wikipedia.org/wiki/Acronym>, 29.07.06 kl 16.31

Andre kjelder

Bø, Inge. 2000. *Forelesing i sosiale relasjonar* (sosiologi grunnfag). Høgskolen i Stavanger.
19. og 24. oktober 2000

Vedlegg

Spørsmålsguide, individuelle intervju

1. Dialektbakgrunn
 - a. Er du oppvaksen på ____ (tettstad på Jæren)?
 - b. Er foreldra dine frå ____ (tettstad på Jæren)?
 - c. Bur vennene dine her?
2. Fritid
 - a. Kva gjer du på fritida?
 - b. Kor ofte gjer du dette?
 - c. Koss vil du gruppera folk på din alder, og skriv desse ulikt i tekstmeldingar?
3. Språk
 - a. Kva karakter får du i norsk?
 - b. Gjennomgang av tekstmeldingane til informanten
 - c. Er språkvala bevisste – spør ved interessante fenomen – kor har du variantane frå?
 - d. Skriv andre likt deg?
 - e. Kjennest SMS som samtale eller skrift?
4. Mobil og følelsar
 - a. Er det lettare å uttrykka følelsar på SMS?
 - b. Kan du sjå for deg den du skriv med, reaksjonane hans / hennar?
 - c. Er SMS viktig for kjærast- og venneforhold?
5. Smileys
 - a. Kva betyr dei ulike smileyane?
 - b. Kva legg du i dei?
6. Familie
 - a. Bur foreldra dine saman?
 - b. Har du søsken og kor gamle er dei?

SAMANDRAG

Masteravhandling i Nordisk språkvitskap hausten 2007
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitetet i Bergen
Namn: Jorunn Osland
Rettleiar: Gunnstein Akselberg

Tittel: *Det sosiale SMS-språket: jærskje tenåringar sitt SMS-språk sett i lys av kjønn, gruppetilhøyrslø og sosiale relasjonar.*

Målsettinga for denne avhandlinga har vore todelt. For det første ville eg skildra tenåringar sitt SMS-språk, og finna ut kva som kjenneteiknar denne språkbruken. For det andre ville eg sjå om denne språkbruken vert påverka av ulike sosiale variablar, her har eg sett på kjønn, gruppetilhøyrslø og relasjon til mottakar.

I den språklege delen, har eg teke utgangspunkt i teoriar om nettspråk, og då særleg Ylva Hård af Segerstad, og eg har samanlikna SMS-språket med tradisjonelle oppfatningar av kva som kjenneteiknar skrift og tale. Den sosiale delen baserer eg på gruppeteori, akkomodasjonsteori og sosial nettverksteori (særskilt relasjonssymmetri).

Eg samla inn eit tekstmeldingsmateriale frå tolv informantar som gjekk i 10. klasse ved ein ungdomsskule på Jæren. Desse informantane var fordelte på tre ulike grupper, basert på fritidssysler: Idrett, religiøs aktivitet og frittståande (dvs. ungdommar som ikkje dreiv med nokon av dei andre aktivitetane). I kvar gruppe var der to gutar og to jenter. Desse vidare-sendte til meg tekstmeldingane dei skreiv i ein tidsperiode på ei til to veker. I tillegg intervjuar eg alle informantane i etterkant.

Det innsamla datamaterialet analyserte eg delvis kvalitativt og delvis kvantitativt, der det let seg gjera. I den første delen av analysen, prøvde eg å induktivt trekka ut dei sentrale kjenneteikna ved språkbruken (i vid forstand) i tekstmeldingane. Dei typiske SMS-fenomana, eg fann var: Forkortingar (økonomisering – leksikalsk, grammatisk og syntaktisk), skriftleggjing av tale (written speech – typografisk, ortografisk og leksikalsk) og emotikon. I tillegg var det svært utbreidd bruk av rituelle helsingar i starten og slutten av tekstmeldingane.

Andre delen av analysen fokuserte på samanfall mellom SMS-fenomana og sosiale variablar. Her tok eg i bruk ei meir deduktiv tilnærming, basert på arbeidshypotesar. Alle dei sosiale variablane viste seg å ha innverknad på språkbruken. Jentene var svært aktive brukarar av SMS-mediet, og sendte langt fleire tekstmeldingar enn gutane. Jentene var òg flittigare brukarar av SMS-fenomana. Dette kan han samanheng med at jenter gjerne er meir verbale

enn gutar i denne alderen, det kan òg koma av at mens gutane stort sett brukte SMS-mediet instrumentelt, så brukte jentene det i tillegg sosialt og ekspressivt.

Den frittstående gruppa utmerkte seg som svært aktive SMS-brukarar, dei skreiv langt fleire tekstmeldingar, og dei brukte i større grad SMS-fenomena. Dei religiøse ungdommane brukte eit språk som låg nærare normert skriftspråk i tekstmeldingane, og idrettsungdommane skreiv mest talenært.

Relasjonssymmetri fall stort sett saman med alder. Informantane hadde symmetriske relasjonar til sine jamaldrande, og asymmetriske relasjonar til vaksne. Dei sendte lite tekstmeldingar til yngre mottakarar. Tekstmeldingane til symmetriske relasjonar var prega av ein heil del SMS-fenomen, mens meldingane til asymmetriske relasjonar låg nærare talt og skriftleg språk.

SMS-språket til informantane frå Jæren er prega av kreativitet, leik og innovasjon. Dei er del av ein kontinuerleg tekstproduserande generasjon som ikkje kjenner seg bundne av samfunnet sine språknormer, og dei gjer språket til sitt eige, personlege uttrykksmiddel.